

Arve Eiken Nytun

Å sitte på Viten

- Den som lar deg få vite!

*Ei forskingshistorisk analyse av dei før-reformatoriske varslingssystema
med vettar i eitt nordisk perspektiv*

Masteroppgåve i arkeologi

Trondheim, Vår 2013

NTNU

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

Det historisk-filosofiske fakultet

Institutt for arkeologi og religionsvitenskap

Retteleiar: Christer Westerdahl

Framsidebilete: Biletet viser utsikta frå Veten, eit utsiktspunkt på Fløhorn i Ulstein Kommune på Sunnmøre. Foto: Arve Eiken Nytun

Forord

Oppgåvas tittel er ikkje berre eit artig ordspel, men også eit hint til den forskingshistoriske bakgrunnen for temaet, som i liten grad har våre gjenstand for forsking. ”Å sitte på viten”.

Vetane har fasinert meg lenge før eg starta på arkeologistudiet. Likevel var det ikkje ei sjølvfylje at eg skulle skrive masteroppgåve om dette temaet. Til sjuande og sist var det nok ein kombinasjon av min lidenskap for å vandre i fjellet, interesse for historisk arkeologi og ein trang etter å oppnå meir kunnskap om ein lite omtala kulturminnekategori som fekk meg til å lande på dette temaet. Til tross for den store mangelen på materiell kultur samt arkeologisk forsking, kasta eg meg ut i det.

Utan hjelp frå min retteleiar Christer Westerdahl samt eit titals personar som har bidrige med faglige tips innan historie, arkeologi, språkvitskap og geografi hadde dette aldri latt seg gjere. Interessa og støtta eg har blitt møtt med har våre overraskande stor. Dykk veit kven dykk er!

Eg vil også takke alle på masterkullet 2010 for to flotte år! Masterlesesalen har våre ein flott plass for både diskusjonar og hyggelige sosiale stunder.

Eg vil rette ei stor takk til alle som har støtta meg gjennom dei åra eg har vore meir ivrig enn enkelte har ynskja, samt hang til å drøfte, diskutere og greie ut om vetane. ”Eit vetefjell her og eit vetefjell der...

Eg håpar likevel at denne oppgåva kan bidra til nokre nye synsvinklar for vidare forsking når eg no kryp ut av den mentale vetebobla. Kanskje kan den også skape interesse for vidare forsking på eit vanskelig, men svært interessant tema.

Til slutt vil eg rette ei stor takk til min familie for tonnevis med tolmod og forståing for at dette har våre ein viktig prioritet dei siste par åra. Størst takk av alle går til min kjære son, Håkon, som kom til verden midt i denne intense skriveprosessen, og til min sambuar Maren, som alltid er der for meg.

Arve Eiken Nytun 23.04.13

INNHOLD

FORORD	III
FIGURAR:	IX
KAPITTEL 1	1
INTRODUKSJON	1
1.1 PROBLEMSTILLINGAR	3
1.2 VETANE I DAGENS SAMFUNN	4
1.3 AVGRENsing	6
1.3.1 LITTERATUR	6
1.3.2 I TID OG ROM	7
1.3.3 MATERIELL KULTUR	7
KAPITTEL 2	8
FORSKINGSHISTORIE	8
2.1 DEI STORE NORGEHISTORIENE, REISESKILDRINGANE OG TOPOGRAFISKE UNDERSØKINGAR.	8
2.2 MODERNISERING OG FRAMVEKSTEN AV DISIPLINAR	9
2.2.1 HISTORIEFORSKINGA OG LOKALHISTORIA	9
2.2.2 SPRÅKFORSKING OG STADNAMNFORSKING	12
2.2.3 VETANE I ARKEOLOGIEN.	13
KAPITTEL 3	17
VITENS VAKTARAR – TEORETISK TILNÆRMING	17
3.1 EIT SOSIALKONSTRUKSJONISTISK GRUNNSYN	18
3.2 VITSKAPSTEORETISKE SYN INNAN ARKEOLOGIEN	19
3.3 PARADIGME OG INNKOMMENSURABILITET	19
3.4 FOUCault KUNNSKAPSARKEOLOGI	20
3.4.1 FOUCaults DISKURS, UTSEGN OG UTSEGNETS OMGIVNADER	21
3.5 BRUNO LATOUR OG VITSKAPEN I VERKSEMD	22
3.5.1 LATOURS METODE	23
3.6 KVIFOR FOUCault OG LATOUR?	25
KAPITTEL 4	26
JAKTA PÅ VITEN. FORSKINGSHISTORISK ANALYSE DEL I. 1711 – 1840: Veten. Frå SOGE til NORGESHISTORIE	26
4.1 HISTORIEFRAMSTILLINGAR OG REISESKILDRINGAR PÅ 1700-TALET	26
4.1.1 TORMOD TORFÆUS - HISTORIA RERUM NORVEGICARUM	26
4.1.2 LUDVIG HOLBERG – DANNEMARKS OG NORGES BESKRIVELSE	29
4.1.3 HANS STRØM, BESKRIVELSE OVER FOGDERIET SØNDMØR	29
4.1.4 GERHARD SCHØNINGS – RIIGETS HISTORIE	30

4.2 DEN KLASISKE EPISTEMOLOGIEN – EI SYSTEMATISERING AV NORGESES HISTORIE	31
KAPITTEL 5	33
JAKTA PÅ VITEN - FORSKINGSHISTORISK ANALYSE DEL II. 1840 – 1905: VETEN I DEN NASJONALISTISKE BEVEGELSEN.	33
5.1 BAKANFORLIGGJANDE ENDRING	33
5.1.1 VETTALAND – STADNAMNET I SOGA	33
5.1.2 PETER ANDREAS MUNCH	34
5.1.3 RUDOLF KEYSER	35
5.2 DEN NORSKE HISTORISKE SKULE	37
5.3 ARKEOLOGI OG STADNAMN PÅ SLUTTEN 1800-TALET	37
5.4 DET MODERNE EPISTEMET	38
5.5 NASJONALISMEN PÅ 1800 TALET	38
5.5.1 VETANE SOM NASJONALE SYMBOL	39
5.6 DISIPLINARS FRAMVEKST 1800 - 1900	41
KAPITTEL 6	43
JAKTA PÅ VITEN - FORSKINGSHISTORISK ANALYSE DEL III. 1905 – 1930: VETEN. EIT MULTIDISIPLINÆRT FORSKINGSOMRÅDE	43
6.1 DEI FYRSTE ARTIKLANE. FORSKING FRAM TIL 1930	43
6.2 REGISTRERING OG INNSAMLING AV TRADISJON	43
6.2.1 ERIK MODIN – VÅRKASAR	44
6.2.2 I. GULOWSEN – DE GAMLE VARDER	45
6.2.3 GUNNAR GIHL - UPPLANDS FORNBORGAR	47
6.2.4 OLAF OLAFSEN – VITER PAA SØRLANDET OG VESTLANDET M.FL	47
6.2.5 CARL KLITGAARD – BAUN OG VIDIEBRAND	51
6.3 NYE KJELDER OG DANNINGA AV EIT VARSLINGSSYSTEM	51
6.4 EIN DISKURSIV FORMASJON	53
KAPITTEL 7 - JAKTA PÅ VITEN: FORSKINGSHISTORISK ANALYSE DEL IV 1930- 1970: EIT MULTIDISIPLINÆRT FORSKINGSOMRÅDE	54
7.1 EIT MULTIDISIPLINÆRT FORSKINGSFELT	54
7.1.1 THORD LINDELL – VÅRKASELDAR BRUNNO...	54
7.1.2 L STACKELL - VÅRKASER	55
7.1.3 BERNT LORENTZEN - 'VARDEVAKT OG STRANDVERN LANGS NORGESES SYDVEST-KYST I DET 17DE ÅRHUNDRE	56
7.1.4 EINAR SAGEN – DEI SISTE VITANE	57
7.2 BÖTE, OG ANDRE NAMN PÅ SOM INDIKERER VETAR.	58
7.2.1 IVAR MODÉRS NAMN- OCH ORDGEOGRAFISKE STUDIER	58
7.2.2 ANDRE STADNAMNSFORSKARAR	60
7.3 VETANE INNAN ARKEOLOGI, SPRÅKFORSKING OG HISTORIE.	61
7.3.1 HOLGER ARBMAN – SVENSKA VÅRKASAR	61
7.3.2 MATS DREJIER – FORNBORGAR OCH BÖTESBERG PÅ ÅLAND	63
7.3.3 GERHARD HAFSTRØM - LEDUNG	64
7.3.4 ROLF SCHEEN – NORGESES VITER	64
7.3.5 ELLA KIVIKOSKI - FINLANDS FÖRHISTORIA.	66
7.3.6 JENS STORM MUNCH – BORG OG BYGD: STUDIER I TELEMARKS ELDRE JERNALDER	66

7.3 ULIKE DISIPLINAR, ULIKE VARSLINGSSYSTEM?	67
KAPITTEL 8	69
JAKTA PÅ VITEN FORSKINGSHISTORISK ANALYSE DEL IV. 1970 - 2013:	
BYGDEBORGER OG KYSTFORSVAR	69
8.1 VETEN I ARKEOLOGISK FORSKING PÅ BYGDEBORGER OG FERDSELSVEGAR PÅ SJØEN	69
8.1.1 ARNVID LILLEHAMMER – NORSKE BORGER OG FORSVARSANLEGG FRÅ JERNALDEREN	69
8.1.2 OLLE LORIN – FORNBORGAR OCH BEVAKNINGSSYSTEM I REKARNEBYGDEN	70
8.1.3 OLE CRUMLIN PEDERSEN – SØVEJEN TIL ROSKILDE M.FL	70
8.1.4 ENGSTRÖM - TORSBURGEN	72
8.1.5 PÄR HANSSON – SAMHÄLLE OCH JARN I SVERIGE UNDER JÄRNÅLDEREN OCH ÄLDRE MEDELTIDEN	73
8.1.6 CHRISTER WESTERDAHL – THE COGNITIVE LANDSCAPE OF NAVAL WARFARE AND DEFENCE M.FL	74
8.1.7 FREDRIK SKOGLUND - <i>THE COASTAL DEFENCE IN SCANDINAVIA</i>	76
8.1.8 HÅVARD DAHL BRATREIN – GRAVERAPPORT - VETTEN, KARLSØY, 46/1 KARLSØY	76
8.1.9 TRYGGVE BERNT – BYGDEBORGENE: TID FOR REVURDERING? EN ANALYSE BASERT PÅ FIRE BYGDEBORGER I ØVRE EIKER, BUSKERUD	76
8.1.10 ANDRE FORSKRARAR SOM HAR NEMNT VETANE	77
8.2 VETAR I HISTORIEFAGET	77
8.2.1 KNUT HELLE - GULATINGSLOVA	78
8.2.2 GEIR ATLE ERSLAND - FORSVARET : FRÅ LEIDANG TIL TOTALFORSVAR	78
	79
8.3 FORSKINGSSTATUS	80
KAPITTEL 9 – DISKUSJON OG AVSLUTTING	81
9.1 ARKEOLOGIENS POTENSIALE?	85
9.1.1 VETENS KONSTRUKSJON	86
9.1.2 VAKTHYTTAS KONSTRUKSJON	86
9.2 VEGEN VIDARE	86
9.3 DEN SOM LAR DEG FÅ VITE	87
9.3.1 DEN VESTNORDISKE VETE-TERMINOLOGI	87
LITTERATURLISTE	90

Figurar:

Figur 1.1: Bilete av Rollag Kommunes kommunevåpen.	s. 4
Figur 1.2: Bluss tent på fjell i sunnmørsalpane	s. 4
Figur 1.3: Kart over bøte, viti, bavn utbreiing	s. 5
Figur: 6.1:Teikning av ein vete.	s.45
Figur 6.2: Vetehuset fra Vetanosi	s.50
Figur 7.1: Tresnitt av vete	s.54
Figur 7.2: Kart over bötelokalitetar i Sverige og Finland.	s.58
Figur 8.1: Hypotetisk signalsystem av Crumlin-Pedersen	s.72
Figur 8.2: Kart over varslingslokalitetar på vestlandet	s.79
Figur 9.1. Ein original vete stend framleis på Olberg i Vestre Slidre.	s.87
Figur 9.2 Rekonstruert vaktstove ved Olbergveten i Vestre	s.87
Figur 9.3:Fundament på Mosvarde (Mosvandvit) I Hareid kommune	s.88

Kapittel 1

Introduksjon

Gjennom prosessen med å skrive denne oppgåva har eg fleire gongar fått spørsmålet frå ulike menneske: *Kva skriv du om?* Når eg svarar ”*vetane*”, har eg ofte fått eit spørjande blikk. Deretter supplerer eg med ”*vardar*”. Eit lite lys går då ofte opp for dei aller fleste og mange fyljer opp med å spørja: *Å ja, slike som stend oppe på fjelltoppane?* Allereie no må eg presisere tydligare kva temaet mitt dreiar seg om. Då har eg ofte sagt noko i denne retninga: *Tja, tidligare har det vore store bål på fjelltoppane, som var meint til å formidle krigsfare. Dersom trugslar eller ufred vart observerert blei disse båla tende slik ein kunne sende eit optisk signal langs med landet og mobilisere hæren eller leidangen til motstand, samt verne om seg sjølve på best mogleg måte.* Fyrst no forstår samtalepartnarane ofte kva eg meiner. *Ja! Slike dei hadde i vikingtida!?* Her blir det vanskelegare for meg å svare. Hadde dei sagt ”*i mellomalderen*” eller ”*under napoleonkrigen*” kunne eg sagt ja, men eg veit vertfall at dei har forstått tematikken. Då kan eg utifrå interessa til den enkelte velje om eg vil utbrodere ytterligare om denne historiske varslingsmetoden, eller om eg skal la det vere og ”*la gå*” med denne generaliseringa. Eg har i etterkant ofte stilt meg sjølv spørsmål som; Kvifor relaterer vi eigentleg vetane til vikingtida? Og kva forsking viser til eit slikt samband? Det var disse spørsmåla som var avgjerande for at eg kunne skrive denne oppgåva.

Samtalane eg har vist til over, er mi eiga subjektive generalisering av korleis eg har oppfatta utanforståandes kunnskap om emnet, men den er likevel eit døme på kva for utsegn som skapar ulike relasjoner. Inn under denne generaliseringa går i hovudsak folk som ikkje har tilknyting til historisk forsking i det heile, men også fagfolk innan arkeologi og historie, samt lokalhistorikarar. Når det er sagt, er det også mange som kjenner att tematikken med det same eg nemnar omgrepene ”*varde*” eller ”*vardesystem(et, a)*”. Spesielt eldre folk. Når eg seier ”*vetane*” eller ”*vetesystemet(et, a)*” er det dei færreste som forstår kva eg snakkar om. Berre

dei som i ei eller anna samanheng kjenner temaet frå tidligare eller bur i nærleiken av fjell der denne varslingsmetoden er kjent. Kvifor skapar enkelte omgrep meir forståing enn andre? Ein kan sjølv sagt hevde at eit omgrep er meir kjent eller meir brukt enn andre omgrep som viser til eit og same fenomen, men omgrep kan også vere villeiande og generaliserande. Ikkje berre for fenomenet det beskriv, men også for fenomenets plass i historia. Kva ligg det eigentlig i omgrep som *varslingssystem*, *vetesystem*, *vardesystem* eller *signalsystem*? I boka *Tusenårsilden* (2000) har føljande utsegn blitt lagt fram:

I dag er sporene etter dette landsomfattende kommunikasjonssystemet først og fremst bevart i form av navn på utsiktspunkter og høydedrag i terrenget, som i stedsnavnene Varden, Vettakollen eller Skånevetan. Men, selv om kun få av de opprinnelige vetene er bevart, er nettverket av vete- og vardeåser enestående i sitt slag, og fortjener kanskje betegnelsen: Et av ”verdens største kulturminner” (Ohrem & Tumyr, 2000, s. 152).

Også i Sverige har ein bruk tilsvarande varslingsmetode og hovudsakleg bruk omgropa; *signalsystem*, *bötesystem* eller *böteinstitusjon*, *vårdkasesystem* eller *bevakningssystem* (f.eks Arbman, 1942, s. 14, 18, 21, 26, Dreijer, 1948, s. 525-527, Lorin, 1978, s. 47, 53). Er disse omgropa dekkande på det fenomenet ein studerer, eller er det generaliserande termar som resultat av manglande kunnskap om kulturminnenes plass i historia?

I dag veit vi på grunnlag av skriftlege kjelder som lovverk og sogelitteratur, at vete har vore bruk som kommunikasjonsmiddel i Norden under periodar i mellomalderen (f.eks Eithun, Rindal, & Ulset, 1994, Gundersen, 1996, s. 38, 100-101, Hagland & Sandnes, 1994, Holmbäck, 1933, 1936, 1940). Vi veit også at metoden har vore brukt i etter-reformatorisk tid på 1600, 1700 og starten av 1800-talet (f.eks Arbman, 1942, s. 25, Gulowsen, 1906, s. 29, 1909, s. 509-513, Lorentzen, 1933, s. 277). Vetane har i lange tider vore i folkets bevisstheit på ein eller annan måte, og det har vore skrive om dei i forskjellige ”formidlande” samanhengar sidan starten på 1700-talet. Omsettingar av skriftlege kjelder, då i hovudsak sogelitteratur der veta vert omtala går enda lengre tilbake (Wikander, 1983, s. 6-8).

Det er nettopp danninga av kunnskapen *om* disse ”vete”, ”vardane” eller ”båla på fjelltoppar” eg ynskjer å analysere i denne oppgåva, eller meir spesifisert; kunnskapen

om dei før-reformatoriske¹ vetane. Eg vil sjå på korleis kunnskapen har blitt til, og kva utsegn som har fått innpass eller blitt støtt utanfor diskursen og ikkje minst utsegn som har blitt sementerte gjennom forskinga, og kvifor dette har skjedd. Eg vil ikkje gå inn i analyse av sogelitteraturen og landskapslovene. Men korleis desse har blitt brukt, hovudsakleg innan arkeologien.

1.1 Problemstillingar

Det er ei myte at det er skrive lite om vetane. Ein heilt anna ting er att det er gjort lite forsking på temaet. Dilemmaet om kva ein til ein kvar tid skal legitimere som forsking, kva som bør utelatast og kva ein bør ta med i ei avhandling som denne er ikkje enkelt. Det er også svært mange aspekt med dette temaet som ein kan studere. Derfor har eg blitt nøydd til å avgrense temaet kraftig. I bakgrunnen for denne avgrensinga ligg grunnleggjande aspekt som ein gjennom forskingshistoria har måtta ta omsyn til. For å avgrense mine problemstillingar har eg derfor valt å stille ei hovudproblemstilling som er fyljande: *Kva oppfatning har ein til ulike tider hatt om dei før-reformatoriske vetane, og kva faktorar har lege til grunn for disse oppfatningane?* For å avgrense denne vide problemstillinga ytterligare stiller eg fyljande underproblemstillingar:

- ⊕ Kva oppfatningar har ein gjennom forskingshistoria hatt om dei før-reformatoriske vetane sitt opphav i Norden, og korleis har denne oppfatninga påverka vidare forsking, visa versa?
- ⊕ Korleis har omgrepbruken og ulike kjelder påverka forskinga, og relatert vetane til ulike periodar i tid og rom? Kan vi for eksempel snakke om eit varslingsssystem eller vetesystem som svarar til dagens tolkingar av omgrepet?
- ⊕ Kva har arkeologien med sine metodar bidrige med i kunnskapsdanninga på området, og kva arkeologisk resultat og vidare potensiale er det innan arkeologien på emnet?

¹ Reformasjonen i 1537 har i moderne historie blitt skilt mellom mellomalderen og nyare tid. Det er også ved dette årstallet at skiljet mellom automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne er satt.

På bakgrunn av desse spørsmåla vil eg fokusere på skapinga av kunnskapen, for å finne dei viktigaste endringsmønstera. Eg vil som nemnt ikkje gå djupt inn i kjeldematerialet, men vise til kva kjelder som til ei kvar tid er aktuelle, og korleis dei vert brukt.

1.2 Vetane i dagens samfunn

At vetane framleis er viktige i norsk kulturhistorie finn ein att i spreidde artiklar og i soge- og bygdeboklitteraturen over heile Noreg. Også i Sverige har veterar (moderne svensk: vårdkasar) fått mykje merksemd i både vitskapleg og ikkje-vitskapleg samanhengar (Scheen, 1951, s. 306-309).

I historielag og bygdebeskrivingar i heile Skandinavia finn ein artiklar av lokale veteinstadar, samt historikk og tradisjon som er tilknytt dei (Scheen, 1951, s. 239, 270-305). Ofte

finn ein også myter og segn der stadnamn, materielle etterlevingar eller munnleg tradisjon er knytt til vetepllassar. Rollag Kommune i Buskerud eit vete i kommunevåpenet sitt til minne om den gamle varslingsmetoden. Rekonstruksjon av vakthytter er fleire stadar sett opp på gamle veteinstadar (f.eks Heltne, 2011, s. 162-163, Solheim, 2003,

s. 16) og politisk bodskap har heilt fram til i dag blitt symbolisert gjennom moderne vetebrann. Dette ofte i samband med demonstrasjonar knytt til utbygging av industriområder.

I 2011 vart det tent bluss på fleire av tindane i Sunnmørsalpane for å vise motstand mot ein planlagt trase for monsterraster. Dette vart gjort for å visualisere motstand mot prosjektet som ifylje initiativtakarane er til stor sjenanse for



Figur 1.1: Bilete av Rollag Kommunes kommunevåpen. Bilete skal symbolisere ein oppreist vete.
<http://www.rollag.kommune.no/>




Figur 1.2: Bluss tent på eit av fjella i Sunnmørsalpane i forbindelse med demonstrasjonen mot monsterraster.
<http://www.monsterlina.org/wp->

den storslagne naturen i området. Aksjonen nådde fram i media og fekk stor merksemd landet over (Rosbach, 2011). Liknandes aksjonar der ein har nytta vetebrenning som eit symbolsk bodskap har også blitt gjort mot oljeboring i Lofoten, mot utbygging av monsterhamn på Hell, mot vindkraft på vestlandet og i Midt-Norge samt under EF valet i 1972 (Ohrem & Tumyr, 2000, s. 23). Men vetane har også blitt brukt som positive bodberadar. Det tidlegaste eksempelet tok til på midten av 1800 talet, då ungdomen mange stadar feira Jonsok på toppen av gamle vetejell med bål og levande musikk. I Sverige har ein også held Valborgsmesse på stadar der tradisjonen om veter har våre levande (Kaldhol, 1945, s. 79, Lorin, 1978, s. 47).

Vetebrenning vart også brukt ved millennium-skifte 2000 som ei symbolsk handling for å lyse håp inn i framtida. I forkant av dette vart gamle veteestasjonar lokaliserte for å igjen kunne bygge veter på dei gamle vetejella som no skulle lyse fred inn i det nye tusenåret. Dei fleste av Noregs kommunar tok del i dette. Prosjektet vart formidla gjennom skulen, og Kongen tok del ved å tente Kongevarden på Frognerstolen i Oslo. Tusenårselen var også tema i dåverande statsminister Kjell Magne Bondeviks tale (Ohrem & Tumyr, 2000, s. 31-32, 48-52). Dette fekk riktig nok fyljer då kulturminnevernet meinte vetebrenninga kunne forureine eventuelle spor frå tidlege veter (Ohrem & Tumyr, 2000, s. 14). Det er likevel oppsiktsvekkande at det er ”vikingtids tradisjonen” som vert fremja, i stedet for 17 og 1800-talets meir definerbare varslingssystem (Ohrem & Tumyr, 2000, s. 23, 48, 87, 151-152).

Til tross for at varsling med eld og røyk er eit internasjonalt fenomen (f.eks Ejder, 1962, s. 85-88, Scheen, 1951, s. 239-250), har vetane fått ei nasjonal betydning for dagens nasjonar og nasjonsbygging i både Noreg og Sverige. Det er ikkje mykje vi veit om denne gamle forsvarsstrukturens eldste periode. Det vesle vi veit er tufta på dei gamle landskapslovane og sagalitteraturen samt hypotesar og



Figur 1.3: Kartet viser spreieninga av stadnamna vete, bøte og bavn.(Westerdahl, 2002, s. 178)

teoriar lagt fram av forskarar og historieinteresserte dei siste 300 åra. Langs Noregs kyst finn ein heile vegen frå svenskegrensa i sør til Troms i nord stadnamn som vitnar om gamle varslingsstasjonar. Eit liknandes trekk ser ein med det svenske *böte* namnet i Sverige og *bavn* i Danmark (Westerdahl, 2002, s. 178).

1.3 Avgrensing

Oppgåvas tittel og problemstillingane som eg har stilt over er relativt omfattande og krev fleire avgrensingar. Eg har derfor valt å avgrense temaet i tid og rom, samt kva litteratur eg vil fokusere på.

1.3.1 Litteratur

Utifrå problemstillingane mine skulle litteraturen tilsynelatande vere innlysande, men den treng likevel ikkje vere det. Då kjeldemateriale frå etter-reformatorisk tid i enkelte tilfelle har våre grunnlaget for tolkinga av dei før-reformatoriske vetane, kan dette materialet vere like viktig i analyse. Hovudsaklig er det materiale som gjennom forskinga direkte eller indirekte vert relatert til før-reformatorisk materiale som vil bli prioritert¹.

Som nemnt er det mykje som er skrive om vetane, og eg har derfor blitt nøydd til å ta val for kva som kan få plass i oppgåva. Det er i hovudsak den norske forskinga som eg vil fokusere på i denne avhandlinga, men då den er avgrensa, vil også ta føre meg svensk forsking då desse i enkelte tilfelle kan relaterast til kvarandre, og spesielt i forhold til arkeologiens handsaming av emnet. Arkeologiske tekstar er fåtalige, men eg likevel fokusere på teoriar og tolkingar innan arkeologien. Det finst ei omfattande stadnamnforsking på emnet, på stadnamn knytt til veter, hovudsaklig i Sverige. Eg vil også sjå på dette, men eg har ikkje mogelegheit til å trenge djupt inn i disse tekstane. Eg har berre mogelighet til å gå i overflata av denne stadnamnlitteraturen, og vil hovudsaklig fokusere på dei ulike namnvariantane.

Derfor har eg valt å ta føre meg eit breitt utval av norsk litteratur frå og med 1700-talet, samt utvalt svensk litteratur frå 1840 og fram til i dag. Eg vil også i enkelte tilfelle nytte meg av finsk, dansk og engelsk litteratur, men det er hovudsakleg for å vise til vesentlige element som er relevant i forhold til arkeologien. Materialet er

¹ Med dette meiner eg at etter-reformatorisk materiale som tradisjon, materiell kultur eller innretningar som vart brukt i dei etter-reformatoriske varslingssystema vert relatert til eit eldre varslingssystem. Altso ein relasjon mellom yngre og eldre materiale.

representert av faglitteratur innan disiplinane arkeologi, historie, stadnamnforsking, folkloristikk og lokalhistorie. Oftast er tekstane i form av mindre artiklar eller avsnitt i større avhandlingar. Doktorgrader og mastergrader der veta er primærstudiet, finst ikkje. Det nærmaste er Fredrik Skoglunds avhandling *The coastal defence in Scandinavia: the military organization in the Viking- and Early Middle Ages* (2002).

1.3.2 I tid og rom

Tidmessig har eg valt å avgrense oppgåva til dei før-reformatoriske varslingssistema. Det betyr tankar, kunnskap, hypotesar og utsegn som har farga synet på dei før-reformatoriske vetane.

Det geografiske området er i hovudsak styrt av diskursen eller tekstane. Hovudsakleg omhandlar dei fleste tekstane områder som ligg under dagens Sverige og Noreg, men også delar av Danmark og Finland vil blir representert i oppgåva. Eg vil presisere at hovudfokus ligg på norsk forsking og skandinavisk arkeologisk forsking.

1.3.3 Materiell kultur

Arkeologisk materiale frå veta finst i både Sverige og Norge, problemet er at svært lite av dette er registrert eller omtalt innanfor arkeologiske tekster. Eg vil likevel legge vekt på materiell kultur som kan vert brukt i relasjon til dei før-reformatorisk vetane. Dei strukturane som kan knytast til vetane er spor etter båla. Desse er ofte strukturar av steinringar eller fundament som veten har stått. Tuftar etter vakthytter i tilknyting til vetane er også vanlige i samband med ein varslingsstasjon. Likevel er det vanskelig å avgrense den materielle kulturen, då ei fullstendig oversikt ikkje er tilgjengelig.

Kapittel 2

Forskingshistorie

Dersom ein ser bort frå Rolf Scheens tekst *Norges viter* (1951) har temaet knytt til før-reformatoriske veterar eller varslingssystem i det heile, sakna forskingshistoriske oversikter. Resultatet av den forskingshistoria eg legg fram her er derfor basert på kva eg har funne fram til gjennom referansar og søk. Eg vil understreke at denne forskingshistoria berre er meint for å gi eit raskt innblikk i kva som har vore skrive om temaet. Mykje av litteraturen er også gamal og vanskelig å oppdrive. I enkelte tilfelle har eg ikkje lukkast i å oppdrive artiklar og bøker i det heile. Likevel har eg påvist tydige trekk i forskingshistoria, som vidare vil danne grunnlaget for min analyse. Eg har valt å ta med både tekstar som handlar spesifikt om vetane, samt artiklar og bøker som nemnar dei i tilknyting til andre samanhengar. Spesielt interessant er nettopp artiklar som nemnar vetane i relasjon til andre tema eller problemområde. Det er ofte desse som viser dei generelle oppfatningane om korleis vetane eller varslingsmetoden har blitt, og blir oppfatta. Dette vil eg kome tilbake til i analysen i kapittel 4-9. Eg vil ikkje gå inn på sogelitteraturen spesifikt, men omsettingar av soger eller landskapslover er lagt ved som vedlegg¹.

2.1 Dei store norgeshistoriene, reiseskildringane og topografiske undersøkingar.

Allereie på 1600-talet finn ein omsettingar av sogelitteraturen. Spesielt av Snorres kongesoger (Wikander, 1983, s. 7), men også andre soger der vetane er nemnt, mellom anna Olof Verelius omsetting av Gautreksoga (gjenngitt i Modéer, 1937, s. 49).

¹ Vedlegg 1 viser skriftelege kjelder frå sogelitteratur, landskapslovar og andre dokument som viser til før-reformatoriske veterar

På 1700-talet kom dei fyrste konstruksjonane av norgeshistorier, og det var disse som sette vetane inn i ein historisk kontekst. Norgeshistoriene var ofte kraftig fundamentert på sogelitteratur frå mellomalderen. Fyrst ute var Tormod Torfæus med sin *Historia Rerum Norvegicarum*¹ (1711), før deretter å bli etterfylgt av Gerhard Schønings *Norges Riiges Historie* (1771, 1773). Begge har i sine framstillingar teke med soger der vetane vert nemnde. Også Hans Strøm (1766), som var ein del av det same selskapet som Schøning, reflekterer rundt vetanes historie etter eit besøk på Vettafjellet i Ørskog på Sunnmøre, der ein vete skal ha stått att frå krigen mellom Noreg og Sverige tidlegare på 1700-talet. Ludvig Holberg nemner også vetna i eit avsnitt av hans verk: *Dannemarks og Norges Beskrivelse* (1729)

I dei historiske framstillingane til både Torfæus (2008a, 2008b) og Schøning (1771, 1773) vart vetanes historikk nært knytt til hovudsakleg to soger; *Gautreksoga*, om Hertjof og Vikar og *Kongesogene* om Håkon den Gode og organiseringa av forsvaret, som er nemnt både i *Heimskringla* og *Fagerskinna*. Dette vart eit referansepunkt som også reiseskildringane og dei topografiske beskrivingane til mellom anna Strøm (1766) og Schøning (1980) refererte til ved besøk på vetelokalitetar. Felles for disse avhandlingane er at dei relaterer vetane til Håkon den Gode og opprettinga av eit riksdekkjande forsvar. Begge meinte likevel at metoden var eldre, og at Håkon den Gode drog nytta av den i eit større organisert perspektiv.

2.2 Modernisering og framveksten av disiplinar

På starten av 1800-talet byrjar dei ulike disiplinane å skilje seg ut. Fyrst historiefaget med Keyser og Munchs og *den norsk historiske skule*, deretter vert både arkeologien og lingvistikken eigne disiplinar med eigne kjelder og forskingsområde. Den fyrste tida vart likevel vetane i størst grad nemnt innan historieforskinga, og få endringane var å sjå mellom dei gamle tilknytingane til sogelitteraturen og vetane.

2.2.1 Historieforskinga og Lokalhistoria

Keysers og Munchs norgeshistoriske framstillingar av vetane skil seg ikkje i stor grad frå Torfæus og Schønings tolkingar. Munch viser til både soga om Vikar og Håkon den Gode, medan Keyser i større grad fokuserer på Håkons organisering av metoden

¹ *Historia Rerum Norvegicarum* er skrive på latin, og vart omsett til norsk i 2008 (Skoglund, 2002, s. 167-168)

(Rudolf Keyser, 1866, s. 243-244, Munch, 1852, P. A. Munch, 1840, 1852). Spesielt i hans forelesingsnotatar som kom ut etter hans død, ser ein også at fokuset på landskapslovenes vete-reglar vert nytta (Rudolf Keyser, 1867, s. 224-225).

På starten av 1900-talet kom dei første tematiske avhandlingane om vetane. Fyrst i Sverige med Erik Modins artikkel Vårdkasar utgitt i tidskrifta *Fataburen* (1908), og nokon år etter De gamle varter av I. Gulowsen i *Norsk historisk tidsskrift* (1909).

Modin (1908) tek i hovudsak føre seg vetens konstruksjonsmessige aspekt, gjennom studiar av attståande veterar og beskrivingar. Han nemnar vetane frå sogene, men viser i hovudsak til dei svenske landskapslovane og hevdar at metoden først vart riksdekkande i mellomalderen. Til tross for dette er han av den oppfatning av at vetane som metode må vere eldre (Modin, 1908).

I artikkelen De gamle varter utgitt av *Norsk Historisk Tidsskrift* (1909) tek militærhistorikaren I. Gulowsen, i liknad med Modin, i større grad utgangspunkt i landskapslovene, samt etterreformatoriske lovar og regimentrapportar for å vise til vetanes utvikling gjennom tidene som han i hovudsak baserer på nye lovrevideringar der vetane gjennom tida er representert (Gulowsen, 1909). I tillegg til dette registrerte han om lag 100 vetelokalitetar frå sønnafjelske og nordafjelske, basert på regimentrapportane. Dette var den første innsamlinga av eit så omfattande materiale som var gjort i Norge (Gulowsen, 1909).

11 år seinare førte lokalhistorikaren og Presten Olaf Olafsen arbeidet vidare ved å engasjere lokalhistoriske tidsskrifter rundt om på sør- og vestlandet til å samle inn informasjon om vetefjell (Bugge, 1918). Dette var likevel berre starten på det lokalhistoriske engasjementet som kom i forbindelse med hans artikkel: Viter paa Sørlandet og Vestlandet i ældre tider som vart utgitt i tidsskriftet *Norsk Folkekultur* (1920). I etterkant av artikkelen vart interessa for vetane rundt om i landet større, og i rykk og napp har lokalhistoriske artiklar dukka opp i forskjellige lokale historielag heilt fram til i dag, fleire av desse er tydelig inspirert av Gulowsen og Olafsns artiklar.

Olafsns (1920) skapte ikkje berre engasjement innanfor lokalhistoriske kretsar. Historikar Bernt Lorentzens artikkel ”Vardevakt og Strandvern langs Norges sydvestkyst i det 17de århundre” utgitt av *Norsk historisk tidsskrift* (1933) manar til varsemd,

og hevdar Olafsen går for langt i å relatere det 1700-talets vetesystem tilbake til norrøne røter, og saknar eit godt metodisk rammeverk hjå Olafsen. Lorentzen hevdar at talet på lokalitetar som Olafsen (1920) framstiller er prega av store mørketall, og basert på konstruerte myter og tradisjonar som ikkje alltid treng å ha rot i røynda (Lorentzen, 1933, s. 280-281, 323).

Frå Svensk hald hevda Gerhard Hafström at bötesystemet i enkelte områder i Sverige måtte vere frå førhistorisk tid, men i hans bok *Ledung och marklandindeling* (1949) er han i større grad opptatt av dei økonomiske og juridiske aspekta som kjem fram i dei svenske landskapslovane (Hafström, 1949, s. 70-73).

Den neste store publikasjonen i Noreg har fram til i dag stått som den største forskingshistoriske teksta om temaet, til tross for at det i hovudsak vert referert til lokalhistorisk litteratur. Gjennom innsamling av informasjon frå bygdebøker, samt publikasjonar om veter frå både sogelag rundt om i Noreg og topografiske undersøkingar og reiseskildringar, listar Rolf Scheen opp nærmare 800 lokalitetar i Noreg. ”Dei norske viter” i publikasjonen *Den norske leidangen* (1951), der tradisjon, materielle levingar eller andre kjelder fortel om veter eller vaktstover frå gamalt av (Scheen, 1951, s. 270-305). Scheens publikasjon er ikkje berre ei viktig kjelde til mogelege vetelokalitetar, men han gir også ei god skildring over forskinga som har vore gjort på veter både i Noreg og Sverige. Scheen (1951) hevdar at særskilt den svenske stadnamnforskinga er noko som norske forskarar burde inspirerast av, då dette har ført til at eit stort tal nye lokalitetar har blitt registrert. Han reflekterer i mindre grad rundt vetanes alder, men viser til ein stor del av sogelitteraturen der dei er nemnde, samt landskapslovar og landslovar fram til Christian den V.

Bortsett frå ein jamn vekst med lokalhistoriske artiklar, er det lite historisk forsking på vetane frå 50 talet, fram til ca. 2000. I den norske historikaren Geir Atle Erslands bok; *Forsvaret : fra leidang til totalforsvar* (1999) er Ersland interessert i leidangens utvikling og organisasjon frå Håkon jarl til nyare tid, og hevdar det er grunn til å tru på Snorres soge om Håkon Jarl, på det grunnlaget at dei negative konsekvensane vetane kunne medføre ved falsk alarm også er teke med i soga (Ersland & Holm, 2000, s. 55-60). Dette skal ha vore hovudgrunnen til at dei strenge lovane knyt til forsømming vart danna.

Historikar Knut Helle har via eit avsnitt om vetane i sin bok *Gulatinget og Gulatingslova* (2001). Han er mest opptatt av dei rettslege og juridiske aspekta i tilknyting til vetevarsling som eit lovpåbod. Helle går ikkje inn på å diskutere vetanes alder, og gjer hovudsakleg greie for eit definert varslingssystem frå gulatingslovas periode (Helle, 2001, s. 161-163).

2.2.2 Språkforsking og stadnamnforsking

Innan norsk språkforsking har det blitt skrive lite om vetane. Antakeleg kjem dette av at terminologiar knytt til namn som *vete* og *varde* har vore relativ kjente. Ei av dei sentrale stadnamnpublikasjonane i Noreg er Olaf Ryghs *Norske Gaardnavne* (1899/1999)¹. I boka vert fleire gardnamn med komponentar samansett av namnet *vete* eller variasjonar av det, omsett til *viti* og *varde*. Det same gjeld namn med komponentar av namnet *varde* eller variantar av det. Rygh gir seg ikkje i kast med å knyte ytterligare historiske kontekstar bak gardsnamna.

I Sverige har derimot stadnamnvitskapen våre ein av dei viktigaste kunnskapsprodusentane kring både norske, danske og svenske namn som kan knytast til varslingsmetoden. Spesielt har tidsskrifta *Namn och Bygd* våre eit sentralt medium der mellom andre Sahlgren allereie i 1913 relaterte stadnamna Vaxala och Vaxhälla til veta (Sahlgren, 1913, s. 65). Der historikarar hovudsakleg stod for innsamlinga av lokalitetar i Noreg, er det stadnamnforsking som har stått for innsamlinga av lokalitetar basert på stadnamn i Sverige.

Ivar Modéers avhandling *Namn- och ordgeografiska studier* (Modéer, 1937) var den fyrste ord-geografiske studien av namn som kunne knytast opp mot varslingssystem. Stadnamn samansett med *böte* finn ein att i store delar av Austersjøen og på den nordlige side av Finskebukta. Modéer (1937, 1939, 1941) hevda at dette namnet måtte sjåast i samanheng med eit sentralstyrt svensk varslingssystem. Gjennom sin ordgeografiske studie av namnets opphav meinte han at stadnamnet kunne daterast til vikingtid og var av innanlandsk opphav.² Den same parallellelen knyt han til den norske *viti/vete* terminologien, medan den danske *bavn* var importert frå frisisk (Modéer,

¹ Olaf Ryghs Norske Gaardnavne vart først publisert i 1899. Eg har nytta meg av ein publikasjon frå 1999.

² Det vil seie at namnet ikkje har blitt innført i nyare tid

1937, s. 91). Modéer gikk då imot fleire, hovudsaklig finske språkforskurar som tidligare hadde hevda at namnet indikerte sjøfartsfyr (f.eks 1769, Karsten, 1921, 1939, 1940). Modéer (1937) nytta seg også av skriftlege kjelder, der omgrepene bøte vert brukt, til dømes i landskapsloven og i tidlige omsettingar av Gautreksoga i historia om vikar, samt kart materiale. Modéers viktigaste argument var at gjennom den namn-geografiske undersøkinga der han hevda at berre eit fåtal av stadnamna langs kysten kunne passe til naturlige fyr lokalitetar, medan alle var gode utsiktspunkt for eit veter.

Språkforskaren Bertil Ohlsson fylgde opp Modéers studiar, med å vise til fleire namn med bøte elementet langs kysten av Blekinge (Ohlsson, 1939a, s. 179-181). Ohlsson var derimot ueinig i Modéers spreilingsteori, og hevda at tidligare lokale system av veter har blitt kopla saman gjennom riks dannninga (Ohlsson, 1939a, s. 182-183).

Vidare har Nils-Gustaf Stahre studert stadnamn i skjergarden rundt Stockholm og Lars Hellberg har supplert Modéers registreingar av bøtenamn i Kalmar området (Hellberg, 1979, s. 139-140, Stahre, 1952, s. 275, 280, 1986, s. 294).

Bertil Ejder har studert namn i tilknyting *bavn*¹ i artikkelen *Var på din vakt. Om några ord med betydelsen vaktställe, vårdkase o.dyl* (1962). som viser til bavn namnet tilknyting til Danmark og sørlige delar av Sverige (Ejder, 1962, s. 61-76). Han har også vært inne på andre namnkategoriar som kan ha samband med varslingsmetoden, mellom anna: bål, blus, bloss (Ejder, 1962, s. 88-89) Det kan også nemnast fleire stadnamnsforskar som har samla inn stadnamn som kan knytast til varslingsmetoden (Calissendorff, 1986, Elgqvist, 1944). Ikke alle disse er relevante for analysen, men kan likevel vere interessante å ta med her.

2.2.3 Vetane i Arkeologien.

Innan arkeologien har vetane vore lite diskutert, vertfall fram til 70 og 80-talet då det det igjen vart aktuelt både innan bygdeborgforskinga, samt som kjeldemateriale til maritim landskapsarkeologi. Nokre enkelte undersøkingar og artiklar finst det likevel, spesielt frå Sverige. I Fredrik Skoglunds masteravhandling *The coastal defence in*

¹ Bavn er eit dansk stadnamnelement (f.eks Bavnhø) som har blitt relatert til den danske varslingsterminologien (Tormod, 2008a, 2008b).

Scandinavia: the military organization in the Viking- and Early Middle Ages (2002) skriv Skoglund at Oscar Montelius gjorde utgravingar av ein vetalokalitet i Sverige i 1890. Skoglund skriver fyljande:

On this site a vete was lit as late as the beginning of the 20th century, and Montelius found disturbances in the stratigraphy, caused by the deposition of a huge pole, which he interpreted as the central pole in a vete construction. It has, however, not been proved whether this vete was in use during the battle of Fotviken in 1133/34 (Skoglund, 2002, s. 72).

Utover dette kjenner eg ikkje til arkeologiske utgravingar i tilknyting til vetalokalitetar so tidleg. Nokon registreringar er derimot gjort i nyare tid (Bratrein, 2003, 2005).

I artikkelen; Upplands fornborgar i *Upplands fornminnesförenings tidskrift* (1918) viser Gunnar Gihl eit potensielt samband mellom veta og fornborger, utan at han dreg nokon faste konklusjonar om eit slikt samband kan bevisast (Gihl, 1918, s. 87-88). Også Thord Lindell har skrive to artiklar der han leikar med tanken om eit samband mellom fornborger og stadnamn i indre strøk av Aust Gotland med denne tilknytingen (Lindell, 1931, 1934). Lindell drøftar i utgangspunktet områdets mange varslingslokalitetar langs kysten, og viser til sogene og landskapslovane som kjelder til vetaes funksjon og organisasjon. Heller ikkje han dreg konklusjonar om metodens alder.

Holger Arbman (1942) har skrive ein artikkel der han drøftar kritiske moment med studiet av veta, mellom anna dei mange utfordringane som forskinga møter i tilknyting til datering og rekonstruering av system (Arbman, 1942). Arbman drøftar også vetaes konstruksjon, samt mogeligheta for å finne spor etter dei i form av røyser, som kan ha våre fundament for vetae (Arbman, 1942, s. 11-29).

Mats Drexier (1948) har sett på samanhengen mellom veta og fornborger på Åland, han meinte å spore eit samband mellom dei mange fornborgene og veta. Gjennom å studere stadnamn, strandlinjer og busetting spor, hevda han at ”bōteinstitusjonen” allereie vart innført 500 AD på Åland, men att den har endra seg i storleik .

Også norske arkeologar vart etterkvart merksame på sambandet mellom veta og bygdeborger, mellom anna J P. Munch (1965), Marstrander (1958) og Lillehammer

(1972). Disse er teoriane er i hovudsak basert til bygdeborgenes funksjon som forsvarsanlegg eller militære anlegg. På 70-tallet kom det fleire tekstar også i Sverige som viste til eit slikt samband (Engström, 1984, Hansson, 1989, Lorin, 1978). I sin masteravhandling *Bygdeborgene: Tid for revurdering?* (2012) har Tryggve Bernt (2012) derimot kome med kritiske merknadar til denne teorien utifrå sin analyse av fire bygdeborger på Øvre Eiker i Buskerund.

På slutten av 70-tallet studerte Crumlin-Pedersen (1978) Bavn-namn i relasjon til sin landskapsundersøking langs Roskildefjorden. Seinare har han også brukt stadnamna i tilknyting til landskapsundersøkingar på mellom anna Fyn og Fotviken (Crumlin-Pedersen, 1984, 2010, Crumlin-Pedersen, Porsmose, Thrane, & Binderup, 1996). I sine seinare arbeid har han hovudsak knytt bavn-namna til mellomalderen og den danske leidangsorganisasjonen.

Christer Westerdahl har skrive om vetane ved fleire anledningar. Først i tilknyting til sin avhandling *Norrlandsleden I. Källor till det maritima kulturlandskapet* (1989) studert veta i større perspektiv. Her viser han i hovudsak til veta som ein kjeldekategori i det maritime kulturlandskapet, og viser til fleire muligheter, problem og utfordringar med dei ulike namna. I hans artikkel; *The cognitive landscape of naval warfare and defence. Toponymic and archaeological aspects* (2002). Drøftar han også stadnamn som kan sjåast i tilknyting til eit kystforsvar, deriblant vete, böte og bavn namna. Westerdahl synspunkt er at vetane gjennom dei forskjellige terminologiane vi finn i Skandinavia, viser til dei ulike rikas oppkomst i mellomalderen. Westerdahl fokusera i stor grad på toponymi, og stadnamnas utstrekking og kontekst med andre maritime kjelder (Westerdahl, 2002, s. 169-181).

I Fredrik Skoglunds Masteravhandling *The coastal defence in Scandinavia: the military organization in the Viking- and Early Middle Ages* (2002) tek han føre seg vetane i samband med leidangen og seglsperringar. Skoglunds analyse presenterer i hovudsak dei materielle og skriftlege kjeldene som har blitt knytt til vetane, samt kva kjeldemateriale som eksistera. Skoglund sluttar seg også til hypotesen om at veta må ha vore brukta i Noreg på eit tidligare tidspunkt, før deretter å bli lovfesta på midten av 900-talet. Han hevdar også at dei tre systema med veta, seglsperringar og leidangen til ei viss grad har fungert saman. Skoglund går også gjennom materiell kultur som ein kan finne i tilknyting til veta.

Utifrå disse avhandlingane har eg observert eit visst mønster. Bortsett frå dei forskjellige disiplinære kategoriane som eg har valt å strukturere tekstane etter, kan ein sjå 5 periodar:

- 1.Tida mellom 1711 og 1840 vart dei før-reformatoriske vetane for første gong systematiserte gjennom dei norgeshistoriske verk, topografiske beskrivingar og reiseskildringar. Sogelitteraturen var den sentrale kjelda i denne perioden.
2. 1840 – 1905: I denne perioden vert den moderne vitskapen til. Det er hovudsaklig historikarar som uttalar seg om dei før-reformatoriske vetane, og nasjonalismen spelar ei viktig rolle for dette kjeldevalet. På slutten av perioden vert også stadnamnforskinga meir sentral i Noreg.
3. Mellom 1905 og 1930 vart veten eit eige studieobjekt, og merksemda vart flytta frå sogelitteraturen til landskapslover og landslover. Dei store registreringane i av vetelokalitetar i form av regimentrapportar, tradisjon og minne tok til. Framleis er temaet med få unntak, studert under historieemblemet. Vetar vert også eit interessefelt innan lokalhistoriske tidskrifter.
3. Frå 1930 – 1970: talet byrjar språkvitskapen og arkeologien å engasjere seg meir i varslingsmetoden. Språkvitskapen er gjort nesten utelokkande i Sverige. Store topografiske registreringar vert gjort langs Sveriges sør og austkyst, og nye stadnamnkategoriar som kan knytast til vetar vert presentert. Innan arkeologien er det framleis vetar i tilknyting til bygdeborger som dominerer, men dei vert også diskutert i tilknyting til leidangen.
4. 1970 – 2013: Vetane vert studert både innan arkeologiens bygdeborg og leidangsforskning, og innan norsk historie. Perioden er prega av noko meir kritikk av tidligare forsking. Språkforskinga i Sverige er i mindre grad representert.

No vil eg gå djupare inn i tematikken for å sjå kva dei ulike disiplinane har bidrøge med, og korleis denne kunnskapen har blitt til. Arkeologiske tekstar vil vere prioriterte, og språkvitskapen vil i stor grad nyttast der den kan relaterast til problemstillingane og arkeologiske tekstar. Fyrst til min teoretiske angrepssinkel i kapittel 3. I analysen kan det kome med andre tekster enn dei som er nemnt her. Disse er dannar berre grunnlaget for analysen.

Kapittel 3

Teori omfatter et bredt spekter av viten og ideer som *angår* arkeologiens virkefelt, også for å forstå arkeologi som en nåtidig praksis i det moderne samfunn. Teori er nødvendig for en kritisk refleksjon over vår egen praksis og over arkeologiens vesen (Olsen, 1997, s. 12).

Vitens vaktarar – Teoretisk tilnærming

Som grunnlag for mi analyse har eg valt å fokusere på tre vitskapsteoretikarar med representative verker: Thomas Kuhns *Scientific Revolution* (2007), Michel Foucaults *Archaeology of Knowledge* (1972), *Tingenes Orden* (1996) og Bruno Latours *Science in Action* (1987), *Vi har aldri vært moderne* (1996). Desse vil representere den teoretiske og metodiske tyngda i avhandlinga. Eg vil ikkje gå djupt inn i desse vitskaplege teoriane då det vil bli for omfattande for denne avhandlinga, men eg vil vise til ulike perspektiv, der vitskap ikkje berre er prega av strenge sterile metodars suksess, men også kontroversar, svarte bokar, epistemologiske vitskapshorisontar, paradigme, brot og diskontinuitet. Felles for Foucault (1972, 1996) og Latour (1987, 1996) er at dei forfektar den tradisjonelle tolkinga av kunnskap som ein jamn vekst der kunnskap heile tida vert betre, og feil erstatta med fakta. Dei hevdar også at det som er sagt før og etter desse brota ikkje nødvendigvis har noko til felles, men er resultat av sosiale og psykologiske mekanismar, tilfeldigheiter og maktutøving (Olsen, 1997, s. 22-23). Eg vil gi ein kort presentasjon over disse omgrepene og dei teoretiske og metodiske aspekta under.

I denne samanhengen er det 4 bøker eg vil vise til, som har introdusert meg til Latour og Foucaults arbeid; Asgeir Svestads *Oldsakenes orden* (1995), Bjørnar Olsens *Fra ting til tekst* (1997) og idéhistorikar Espen Schaannings *Vitenskap som skapt viten* (1997). Desse tekstane har vore eit viktig hjelpemiddel til å forstå Foucault og Latour betre, samt vise korleis desse forfattarane tekstar kan nyttast saman for å gjere ei best mogeleg analyse av forskingshistoria. Ei anna bok eg vil nemne er Jørgensen og Phillips *Diskursteori* (1999), som bidreg til forståinga av eit sosialkonstruksjonistisk vitskapssyn.

3.1 Eit sosialkonstruksjonistisk grunnsyn

Det erkjenningsmessige grunnlaget for denne analysen er at kunnskap ikkje er statisk eller objektiv som *eit faktum* ein har kome fram til ein gong for alle, men at kunnskap heile tida er i endring og nært knytt opp mot andre sider av samfunnet.

Sosialkonstruksjonisme er eit fellesomgrep på fleire tilnærningsmetodar som har denne tanken til felles. Likevel er dei ulike tilnærmingane ofte forskjellige og mangfaldige og derfor vanskelig å karakterisere (Winther Jørgensen & Phillips, 1999, s. 13). Vivian Burr har peika på fire premissar som er meir eller mindre felles for dei sosialkonstruksjonistiske tilnærmingane (gjenngitt i Winther Jørgensen & Phillips, 1999).

1. Ei kritisk innstilling til "sjølvsagt viten"

Vi kan ikkje betrakte viten på eit gitt tidspunkt som ei objektiv sanning. Gjennom å skape kategoriar som ikkje er avspeglingar av røynda skapar vi produkt av vår måte å sjå verden på.

2. Historisk og kulturell spesifisert

Vår måte å sjå og forstå verden på er historisk og kulturelt føresett. Derfor vil våre refleksjonar av verden også vere historisk og kulturelt føresett. Slik vil røynda heile tida kunne forandre seg, den kunne vore annleis, og den har vore annleis tidligare.

3. Samanhengen mellom viten og sosiale prosessar

Det er gjennom sosiale prosessar at vår måte å sjå verden på vert skapt og oppretthaldt. I disse sosiale prosessane, som skapast i sosiale relasjonar og både bygger opp felles sannheiter eller kjemper om kva som til ei kvar tid er sant og falsk.

4. Samanheng mellom viten og sosiale handlingar

Forskjellige sosiale verdsbilete vil føre til forskjellige sosiale handlingar. Den sosiale konstruksjonen av viten vil derfor få konkrete sosiale konsekvensar.

Kritikarar av det sosialkonstruksjonistiske synet har hevda at ein konsekvens av dette vil vere at alt er flytande, og at all form for tvang og regelmessigheiter er oppløyste.

I fylje Jørgensen og Phillips (1999) er dette eit karikert bilet av det sosialkonstruksjonistiske synet. Dei hevdar at dei fleste sosialkonstruksjonistar ”*oppfattar det sosiale felt som mykje meir regelbunde og regulerande. Sjølv om viten og identitetar alltid i prinsippet er kontingente, er det i konkrete situasjonar alltid relativt faste*” (Winther Jørgensen & Phillips, 1999, s. 14).

3.2 Vitskapsteoretiske syn innan arkeologien

I fylje Bjørnar Olsen (1997) kan ein dele inn dei erkjenningssteoretiske grunnsyna innan den arkeologiske forskinga inn i to kategoriar. Den eine ser kunnskap som noko ein kan avdekke, medan den andre ser kunnskap som noko ein skapar. Dette er synspunkt som Olsen (1997) delar med filosofen Richard Rorty (1979, 1991).

Det første synet har vore det dominante innan vestleg tenking og erkjenningssteori som i stor grad er basert på den greske filosofien, og baserar seg på ideen om ”*eit søker etter sanning*”. Dette synet på kunnskap som *ei sannheit*, har frå opplysningsstida til den logiske positivismen blitt eit allment ideal innan vitskapen, også innan arkeologifaget frå 1800-talet (Olsen, 1997, s. 117-118).

I motsetning til det første synet, finn ein det *post-strukturalistiske* synet, der ein ser på kunnskap som noko ein skapar. Dette har eg vist til gjennom presentasjonen av det sosialkonstruksjonistiske grunnsynet over. Innan arkeologien har dette synet blitt meir representert dei siste 30-40 åra. Kort og godt forklarar Bjørnar Olsen (1997) dette på følgjande måte:

Det dette ståstedet innebærer, er en aksept av at våre normer for kunnskap, sannhet og metode ikke nødvendigvis har relevans utenfor våre historiske og kulturelle rammer (Olsen, 1997, s. 119).

3.3 Paradigme og Innkommensurabilitet

I boka *Vitenskaplige revolusjoners struktur* (2007) utgitt i 1962, bryt Thomas Kuhn med dei tradisjonelle formane for vitskapsteori. Han hevdar at omgrepet *vitskap* innan tradisjonell vitskapsteori er like representativt som turistbrosjyrenes framstilling av ein nasjonalkultur (Kuhn & Nydal, 2007, s. 15). I kontrast til dei tidligare framstillingane der kontinuitet og abstrakte logiske overvakingar vart fremja, meinte

Kuhn (2007) at vitskapleg endring kan forklarast gjennom *bort* og *diskontinuitet*. Disse endringane knyt han opp mot omgrepa *paradigme* og *innkommensurabilitet*. Med omgrepene paradigme meiner han mellom anna:

Med et paradigme storstår jeg allment anerkjente vitenskaplige resultater som i en periode fungerer som modeller for problemer og løysinger innen et fellesskap av forskere (Kuhn & Nydal, 2007, s. 10).

Kuhns (2007) paradigme er ei forståingsrame som fleire vitskapsmenn arbeidar innanfor. Paradigme har blitt tolka på mange måtar, ikkje minst av Kuhn sjølv, men generelt kan ein seie at eit paradigme gir føresetnadar for vitskaplege teoriar og problemstillingar. Kuhn (2007) hevda altso at det ikkje finst nokon standard for kva som kan sjåast på som objektivitet, rasjonalitet eller sanning som på tvers av forskjellig paradigme. I fylje Kuhn (2007) er kunnskap noko som kjem sekundært og er basert på bevisste sosiale, ideologiske og vitskaplige endringar. Han meinte at bevisste val låg til grunn for at eit paradigme går over til eit anna, men at dei forskjellige teoriane er inkommensurable¹, og ikkje kan målast i same målestokk.

Hovudsyntesen er at forskaren ikkje kan sjåast på som eit uavhengig subjekt, men som ei brikke i eit større forskarsamfunn eller forskarmiljø der det rådande paradigmet held styringa, og kan bli utsett for nye teoriar som enten endrar rammeverket for vitskapen og dannar eit nytt paradigme; ein *vitskapleg revolusjon*. Dersom det ikkje fell i god jord vil det gamle paradigmet fortsette. Kuhns (2007) syntese om kunnskap som noko sekundært har blitt utfordra av vitskapsfilosofen Michele Foucault. Utan å samanlikne forfattarane for mykje, bygger Foucaults tankar på mykje av dei same som Kuhns, spesielt den kritiske haldninga mot vitskapen som noko som vert tillagt subjektet samt ideen om kontinuitet. Foucault hevdar at kunnskap ikkje er noko sekundært men noko primært (Svestad, 1995, s. 53).

3.4 Foucault kunnskapsarkeologi

Omgrepa kunnskapsrevolusjon og vitskaplig framsteg har vore mykje omdiskutert av innan positivismen og relativismen. Felles for disse vitskapsideala har vore at ein har sett på kunnskapsendring som noko sekundært, og at kunnskap alltid er ei fylje av bevisste ideologiske, sosiale og vitskaplig endringar der ofte enkeltprestasjonar stend

¹ At eit paradigme er inkommensurable vil seie at teoriar ikkje kan samanliknast med teoriar frå tidligare eller seinare paradigme

sentralt (Svestad, 1995). Paul Feyerabend hevdar mellom anna at framsteg ikkje skjer på grunn av teoretisk og metodisk lovlydigheit, men gjennom å vere beivist ulydigheit mot eksisterande teori og metode (Feyerabend, 1993, Olsen, 1997, s. 23).

Spesielt relevante for Foucaults kunnskapsarkeologi er tekstane *Les mots et les choses*¹ og *L'Archéologie du savoir*². Her hevdar Foucault derimot at kunnskap *er* noko primært, som ein ikkje kan bevisst kontrollere gjennom tanken, refleksjonen eller ny innsikt. Foucault hevdar at kunnskap endrar seg vilkårlig ved utilsikta hendingar, brot og transformasjonar (Svestad, 1995). Det er denne prosessen av vilkårlig utvikla kunnskap som Foucault (1972) *kunnskapsarkeologi* dreiar seg om. Foucaults formål med *kunnskapsarkeologien* beskriv han slik:

This term does not imply the search for a beginning; it does not relate analysis to geological excavation. It designates the general theme of a description that question the already-said at the level of its existence: of the enunciative function that operates within it, of the discursive formation, and the general archive system to which it belongs. Archaeology describes discourses as practices specified in the element of the archive (Foucault, 1972, s. 131).

Foucault er ikkje interessert i eit opphav, men korleis kunnskap blir til på eit gitt tidspunkt, og korleis ulike utsegn kan seiast på ulike tidspunkt, alt etter kva arkivet eller dei kringliggande utsegna tilet. Det Foucault kallar *arkivet* kan seiast å vere ein seleksjonen av utsegn. Eg føretrekk å bruke omgrepene *utsegnets omgivnader* (Foucault, 1972, s. 120-121, Schaanning, 1997, s. 185).

3.4.1 Foucaults diskurs, utsegn og utsegnets omgivnader

Foucault (1972) omtalar *diskursen* som alle formar for teikn, ikkje berre språket. Her er skiljet mellom språk og teikn oppløyst. Diskursen er den overordna talen som innan f.eks. eit vitskapleg felt bestemmer kva som kan seiast til ulike tider. Foucault hevdar at subjektet eller individet er ein passiv brikke. Det er ikkje talaren som uttalar orda, men orda som uttalar talaren og vesentlig i denne samanhengen er *utsegna*. Utsegna har mellom anna blitt kalla ”atoma i diskursen” og ”monumenta i talen” (Foucault,

¹ *Les mots et les choses* er originaltittelen på boka som kom ut i 1966. Eg vil nytte meg av den norske omsettinga *Tingenes Orden* (Foucault, 1996)

² *L'Archéologie du savoir* er originaltittelen på boka som kom ut i 1969, Eg vil nytte meg av den engelske omsettinga *The Archaeology of Knowledge* (Foucault, 1972)

1972, s. 80). Utsegna er den seriøse talen, der noko vert hevda utifrå ein viss posisjon. Eit utsegn treng ikkje berre å vere i form av tekst eller tale, men også i form av tabellar, matematiske formlar eller grafiske utsegns (Foucault, 1972, s. 80).

The speech act is not what took place just prior to the moment when the statement was made (in the author's thought or intentions); it is not what might have happened, after the event itself, in its wake, and the consequences that it gave rise to; it is what occurred by the very fact that a statement was made – and precisely this statement (and no other) in specific circumstances (Foucault, 1972, s. 83).

Utsegna er den seriøse talen som høyrer inn under institusjonaliserte rammer der det er krav om seriøs kunnskap. Ein kvardagsleg påstand som: "I dag blir det regn" er ikkje ei utsegn, men dersom ein meteorolog seier det, vert det eit utsegn (Svestad, 1995, s. 61). Utsegn har blitt analysert på to forskjellige måtar. Den fyrste måten har ein tolka det som uttrykk. Schaanning (1997) føretrekk å nytte det norske ordet "ytring". Det betyr noko at ein utrykker noko som kjem innanfrå. Her gjer ein analyser av ting som kjem innanfrå. Det går på subjektets eller forfattarens motiv, hensikter og intensjonar. Disse kan også vere ubevisste. Utsegnet kan forståast som ein forståingshorisont eller ein livsverden (Schaanning, 1997). Den andre retninga er å analysere utsegn som ting som kjem utanfrå. Ved å gjere dette vert utsegna objekta eller påstandar. Utsegna speglar då verden "der ute". Disse måtane å analysere på har fleire ting til felles. Utsegna vert skilt og uavhengig av det som det knytast til.

Det foregår en uopphørlig kamp mellom forskjellige diskurser om å kunne definere de kategoriene og fenomenene som danner vår verden. Kampen om definisjon av begrepet diskurs er selv intet unntak (Neumann, 2001, s. 21).

3.5 Bruno Latour og vitskapen i verksemد

I sin bok *Nous n'avons jamais été modernes*¹ kritiserer Bruno Latour franske diskurstheoretikarar for å ha plassert diskursen som eit autonomt felt utanfor samfunnet og naturen. I liknad med Foucault meiner Latour at diskursen er direkte inn-veven i ting og samfunn. For å kunne forstå diskursenes konsekvensar må ein analysere diskursen på same nivå som hjelpeidla, praksisane og institusjonane. Det er gjennom diskursen dei ulike medspelarane (actants) opprettheld kvarandre. Dei

¹ *Nous n'avons jamais été modernes* vart utgitt i 1991 og vart omsett til norsk *Vi har aldri vært moderne* i 1996.

vitskaplege utsegna må analyserast som knutar horisontalt nettverk. Her kan Latour metodisk virke meir handterleg enn Foucault.

3.5.1 Latours metode

Som med Foucault er det viktig for Latour å analysere vitskapen på eit tidleg tidspunkt. Det er nettopp dette boka *Science in action* (1987) dreiar seg om! Med andre ord må ein analysere korleis vitskapen vert til. Ein må komme på bana før den lukker seg i *svarte boksar*. Det er nemlig då ein kan observere korleis vitskapen heng saman med økonomi, tidsfristar, pengar, politikk, førelsar, val, tidsfristar og sjansespel. I *Science in action* (1987) seier Latour det slik:

The point is that the new object emerges from a complex set-up of sedimented elements each of which has been new objects at some point in time and space . The genealogy and the archaeology of this sedimented past is always possible in theory but becomes more and more difficult as time goes by and the number of elements mustered increases (Latour, 1987, s. 92)

Her illustrerer ein genealogi og der han hevdar at til svartare boksane blir, til vanskelegare er det å opne dei. Dei svarte boksene er eit resultat av at folk trur på kva som vert sagt. *Black box* er eit omgrep som kjem frå Kybernetikken, som mellom anna Latour (1987) har latt seg inspirere av for å forklare vitskaplege resultat. Omgrepet vert hovudsaklig brukt i samanheng med eit maskineri eller eit sett av kommandoar som er for komplekse til å forklara. I staden for å gå inn i denne kompleksiteten teiknar dei ei lita svart boks. Så lenge denne kompleksiteten av mekanismar fungerer, treng ein ikkje vite noko om den (Latour, 1987, s. 2-3). Ei svart boks er teikn på suksess og dess mindre kontroversar rundt den svarte boksen, til svartare blir den og meir suksessfull er den som teori, omgrep eller artefakt (Latour, 1987). Dersom ein opnar disse svarte boksene skulle ein vente å finne løysingar og forklaringar på korleis dei fungerer, men i fylje Latour er dette ikkje tilfelle. Det ein finn ved å opne dei svarte boksene er derimot:

Uncertainty, people at work, decisions, competition, controversies are what one gets when making a flashback from certain, cold, unproblematic black boxes to their recent past (Latour, 1987, s. 4).

Dersom ein tek to bilete, eit av den svarte boksa og eit av dei opne kontroversane ser ein at dei er ulike. På den eine sida finn ein *klargjort eller konstruert vitskap* medan

ein på den andre sida finn *vitskapen i utforming/danning*. Gjennom å identifisere og analysere svarte boksar i litteraturen, kan ein både finne ut korleis eit utsegn har blitt til klargjort vitskap, gjennom ens utformingar og danning. På denne måten kan ein også skrive ei forskingshistorie som forstår dei funksjonane som tidligare har våre gøymd i dei svarte boksane. Latour kallar denne forma for endring eller stabilisera av kunnskap for *positiv* og *negativ modalitet* (Latour, 1987, s. 23).

Retorikk er viktig for å for å bli ”hørt”. Forskaren må få folk til å tru at teksta er eit ”avtrykk” av røynda. Her kan ein bruke forskjellige verkemiddel, som for eksempel apparat som registrerer signal frå naturen eller vise til vitskaplige artiklar. C14 metoden kan vere eit slikt apparat som er mykje brukt innan arkeologien. I mitt tilfelle vil det å vise til vitskaplege artiklar vere mest aktuelt. Vi har sett at Foucault hevda at utsegne er uløyselig knytt opp mot institusjonar, praksisar, hjelpemiddel og andre utsegn. Han tala om eit iscenesettingsforhold. Her kan Latour komplimentere Foucault. Han viser korleis utsegne er knytt opp mot maskiner, instrument som skaper kurver, utsegn av tunge vitskaplege autoritetar. Det er disse forholda som gir eit utsegn vekt i forhold til kor mykje som kan i scenesettast. Schaanning kallar dette ei ressursmobilisering i kampen om å få rett. Diskursens tyngde avhenger med andre ord med kor mykje styrke eller ressursar ein kan mobilisere bak orda (Schaanning, 1997, s. 211).

Latour gjer også Foucaults utsegnsmodalitetar meir anvendelege for analyser av den vitskaplege utdøyvinga. Han relaterer det til måtar å argumentere på som gir meir eller mindre rom for tvil.

Om utsegnsmodalitetar seier Latour at dette er forskjellige måtar å formulere seg på som gir rom for meir eller mindre tvil. Han delar utsegnsmodalitetane inn i 5 graderingar.

1. Spekulasjonar og gissingar: ”Kanskje kan (...) vere...”
2. Usikre påstandar: ”Det hevdast at (...)”
3. Å antake: ”Det er vanleg å anta att (...)”
4. Fakta: ”(...) er som kjent”
5. Uttematiserte antakingar: ”Vi brukte (...) for å...”

I fylje Latour handlar vitskapeleg praksis om å transformere punkt 1 og 2 til punkt 4 og 5. Altso, ein kamp om å få sine eigne utsegn til å bli akseptert gjennom å gjere dei til sikker kunnskap som ikkje lenger er tvilsam. Latour hevdar også at måten ein skriv vitskap på handlar om å mobilisere resursar ”utanfrå”

Reading the sentence of the paper without imagining the reader’s objections is like watching only one player’s strokes in the tennis final. They just appear as so many empty gestures. The accumulation of what appears as technical details is not meaningless; it is just that it makes the opponent harder to beat. The author protects his or her text against the reader’s strength. A scientific article becomes more difficult to read, just as a fortress is shielded and buttressed; not for fun, but to avoid being sacked (Latour, 1987, s. 46).

3.6 Kvifor Foucault og Latour?

Ved å fylje Foucault og Latours tanke om korleis vitskap vert skapt som eit resultat av kringliggende strategiar, reglar og lover, vil eg prøve å sjå på korleis kunnskapen om vetane har blitt konstruert ved å analysere danningsprosessen til kunnskapen. Eg vil ikkje kunne påvise alle dei problemområde som Foucault og Latour påpeikar i sine tekster, men eg håpar å kunne belyse viktige sider ved korleis forskinga på vetane har sine eigne arkiv og utsegn som kan ekskludere eller inkludere nye utsegn.

Eit problem med mitt tema er at det ikkje finst oversikt over litteratur. Ingen forsking historiske oversiktsverk har tidligare våre gjort i dette omfamn. Det nærmaste er Rolf Scheens artikkel frå 1951. Det er også vanskelig å skilje tekstanes status. Til tider har eg hatt følelsen av at temaet har våre akademikarars hobbyfelt og innslag i lokalhistoriske samlingar rundt omkring er dominerande. Derfor vil det ikkje vere mogeleg å ta føre seg berre arkeologisk forsking. Heile spekteret må vere med, då både språkvitskapen og historieforskingas resultat har våre sterkt inkorporert i arkeologiske utgangspunkt.

Kapittel 4

Jakta på Viten. Forskingshistorisk analyse del I. 1711 – 1840: Veten. frå soge til norgeshistorie

4.1 Historieframstillingar og reiseskildringar på 1700-talet

Dersom vi ser bort ifrå omsetting av sogelitteratur (f.eks Modéer, 1937, s. 49, Wikander, 1983, s. 7-17), finst det ikkje mange tekstar om dei før-reformatoriske vetane på 1700-talet. Likevell finst nokre, der ein relaterer veter til eldre tider. Hovudsaklig finn vi disse tekstane i dei første norgeshistoriene som vart konstruert i opplysningsstida, men også i topografiske undersøkingar og reiseskildringar (f.eks Strøm, 1766, s. 174). Varslingsmetoden var på dette tidspunktet framleis i bruk over store delar av Norden, mellom anna under krigen mellom Danmark-Norge og Sverige dei første tiåra av 1700-talet.

4.1.1 Tormod Torfæus - *Historia Rerum Norvegicarum*

I Tormod Torfæus *Historia Rerum Norvegicarum*¹ (1711) vert vetane for fyrste gong nemnt i ei framstilling av Noregs forhistorie. Han nemner vetane i tre ulike samanhengar, som alle har tilknyting til sogelitteratur frå mellomalderen. Den fyrste er i historia om Kong Hertjof og undersätten hans, Vikar. Denne historia er teke fra Soga om Gautrek og går under kategorien *fornaldersoge*, då den omtalar tida før kongesogene. Torfæus (2008a) held seg nær til den originale teksten men utbroderer noko i sin skildring av historia. Spesielt i forhold til vetens konstruksjon og opphav. Om kong Hertjofs bakgrunn for å byggje veter skriv Torfæus fyljande:

¹ *Historia Rerum Norvegicarum* er den latinske tittelen på Torfæus Norgeshistorie. Verket kom først ut i sin heilhet med norsk omsetting i 2008 under tittelen Noregs Historie (Tormod, 2008a).

Siden Hertjovs hadde utført mange fiendtlige handlinger, skaffet han seg mange fiender. Følgelig, for å forhindre et uforutsett angrep fra deres side sørget han for at det ble reist bål på fjelltoppene; i tillegg satte han ut vakter med det oppdrag at når de så fiender komme, skulle de, etter sedvane, sette fakler bort til for å drive alle som var underlagt hans maktområde ut med våpen, slik at de kunne avverge fiendens angrep (Tormod, 2008a, s. 472).

I teksten skildrar Torfæus kongens behov for å forsvere seg frå angrep, med å reise *bål*¹ på fjelltoppane. Disse skulle haldast vakt hjå, og dersom fiendar vart observert skulle vaktfolket etter *sedvane* kveikje båla, for å mobilisere motstand. Utifrå dette hevdar Torfæus at denne metoden ikkje var ny på Hertjofs tid. Metoden må altso vere eldre enn denne hendinga. Han viser også til at til at det var fleire bål i kjeda, der bålet som var oppført på øya Fenring² var det viktigaste.

Vikar, i spissen for tre underordnede menn, fikk ansvaret for det bålet som var av størst betydning, fordi det var oppført på øya Fenring og måtte tennes først av alle, og fordi det var dette eksempelet de andre skulle følge (Tormod, 2008a, s. 472).

Gautreksoga og historia om Kong Hertjof og Vikar fekk gjennom *Historia Rerum Norvegicarum* (1711) ein plass i ei systematisert Norgeshistorie. Det gjorde også fenomenet med bål på fjelltoppar som varslingsmetode.

I denne samanhengen seier ikkje Torfæus noko om korleis disse båla har sett ut eller vore konstruerte, det kjem han tilbake til i ein seinare del, der Håkon den Gode er ein sentral figur. Her skriv Torfæus at ”*Hauger med tørr ved ble samlet sammen og satt opp med ikke store mellomrom slik at de var synlige fra hverandre (på folkemunne ble bålene kalt vitar)*” (Tormod, 2008b, s. 140). Torfæus held seg også i denne samanhengen nær sogelitteraturens framstilling av vetanes effektivitet og geografiske utstrekking:

Om et betydelig andtall fiendtlige skip om seilende, skulle de som først observerte fienden i sør, sette fyr på bålet, og signalet skulle deretter gjentas i en uavbrutt serie av bål til flammene leverte beskjeden i det høyeste nord. Det ble sagt at et budskap om et angrep båret av flammer kunne dra fra den delen av Hålogaland som strekker seg langt nordover, på sju dager (Tormod, 2008b, s. 140).

¹ Torfæus brukar det latinske ordet *pyræ* i sitt originalverk, som har blitt omsett til bål (Tormod, 2008a) i den norske omsettinga.

² Fenring er eit gammalt namn øya Askøy utanfor Bergen (Tormod, 2008a, s. 472)

I fylje Torfæus (2008b) var målet til at Håkon den Godes framgangsmåte med å sette veterar på fjellet, å forsvere *fedrelandet*, heimane og rikets sikkerheit. Igjen presiserer han at dette ikkje var ei ny oppfinning, men gjenoppliving av ein *gamal skikk*. Metoden var ikkje uproblematisk, då den var sårbar for falsk alarm som kunne sette store rørsler i sving over *heile landet*. Om denne siste problemtikken skriv han fyljande:

For det hendte ofte at dersom det ble observert fremmede skip, angrep mot kystområder, eller plyndring av markene eller drap på mennesker, gav de ansvarlige for bålene faresignalet først til nærørnrådet og deretter lenger av gårde. Dette ført til uorden i kongedømmet, og sammenstimling av innbyggere fra samtlige provinser, etter at de hadde brukt store verdier på å legge bak seg lange dagsreiser, før de som hadde reist fra de nordlige delene av regionen fikk vite at kilden til forskrekkelseren verken var eiriksønnene, med mindre de bare hadde noen få skip til disposisjon, eller danekongens flåte, men røvere og vikinger som etter å ha plyndret noen kysområder deretter ville bruke sin makt andre steder (Tormod, 2008b, s. 140).

Som eit resultat av dette vart varslingsmetoden lovfest med strenge bøter for å tende vetane for trugslar som ikkje syfta om rikets sikkerheit (Tormod, 2008b, s. 140).

Seinare nemnar Torfæus (2008b) vetane i samanheng med slaget ved Hjørungavåg mellom Håkon Jarl og Jomsvikingane. Denne opplysinga, som han henta frå *Fagerskinna* er den einaste kjelda som viser til eit slikt samband (Titlestad, Eikill, Rue, & Hagland, 2007, s. 114). Sitatet under er henta frå Torfæus (2008b) beskriving av då Håkon Jarl fekk bod om at Jomsvikingane var på veg, då han var på garden Skuggen i Borgund på Sunnmøre.

Da han høyerte dette, tente Håkon (Jarl) veter på fjelltoppene og kalte alle innbyggerne i riket til våpen (Tormod, 2008b, s. 290).

Gjennom disse ulike historiene som alle vart ein del av ei noregshistorie fekk også vetane ein ny samanheng. Dei var ikkje lenger berre knytt til sine særskilte sogekontekstar, men no kronologisk knytt saman i konstruksjonen av ei Noregshistorie. Torfæus var med andre ord av den oppfatning, at vetane var ein gammal varslingsmetode, men at den fyrst vart organisert på landsnivå i tilknyting til forsvaret under Håkon Den Gode.

4.1.2 Ludvig Holberg – Dannemarks og Norges beskrivelse

Filosofen, historikaren og forfattaren Ludvig Holberg viser også til varslingsmetoden eller ”*Udvarder*” eller ”*varder*” som han kallar dei, i sin utgreiing om den nordiske krigsmaktens historie i *Dannemarks og Norges beskrivelse* (1729):

Man havde ogsaa de saa kaldte udvarder paa høye klipper i Norge, hvorpaa man satt ild, naar fienden kom paa landet, og siger den Norske krønike, at man ved middel af saadane vader i 7. Nætter og dage kunde faae tidender over det heele land fra de Østerlige steder til Tinghøyen paa Helieland (Holberg, 1729, s. 638-639)

Holberg (1729) seier ingenting om ”utvarden” eller ”vardens” konstruksjon eller alder, men viser til effektiviteten på signalet, som brukte 7 dagar frå ”austlige stadar” til tinghagen på Helgeland.

4.1.3 Hans Strøm, Beskrivelse over Fogderiet Søndmør

I *Physisk og Occonomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør...* (1766) gir presten, naturforskaren og topografen Hans Strøm ei sjeldan god beskriving av ein vete som stod på Vetafjellet i Ørskog på Sunnmøre:

Saadanne Vetter eller Bavner, hvilke altid have været satte paa de høieste Field=Rygge, bestaae af høie Træ=Stammer, som med de tykke Ender fæstes i Jorden, og staae der noget viidt fra hinanden, men støde derimod sammen med Toppene, og bestyrkes med en Deel Baand eller Tvær=Træer paa alle Sider, saa at de see ud som høye Taarne eller Pyramider (Strøm, 1766, s. 174)

Vidare drøftar Strøm (1766) vetanes historie, som han beskriv som ei *eldgamal innretning* frå Håkon den Godes tid. Han skriv fyljande:

Disse blev i forrige Tider, ved et paakkommende fiendtlig Indfall i Landet, afbrændte til et kriigs Signal og Advarsel for alle Landets Indvaanere; men siden Aaret 1718, da de fleste i Anledningen af krigen med Sverriga bleve afbrænde, ere de ikke fornyede igjen, saa at denne ældgamle Indretning, der skriver sig fra kong Hagen Abelsteens Tid her i Norden, kan fra bemældte Aar siges at have taget Ende (Strøm, 1766, s. 174)

Her nyttar Strøm (1766) både norsk og dansk terminologi og brukar omgrepene *vetter* og *bavner* på konstruksjonen. Han refererer ikkje til tidligare verk, anna enn å vise til Håkon den Gode.

4.1.4 Gerhard Schønings – Riigets historie

Gerhard Schønings (1771, 1773) beskriving, ligg nær Torfæus tidligare skildringar. Schøning nyttar omgropa *vitar* og *varar* om sjølve bål-konstruksjonen og beskriv Hertjofs forsvar som ei innreiing i vern for sine land.

For at sætte sine Lande i Sikkerhed mod sådanne Angreeb, havde Herthiof ladet oprette Viter eller Varer paa Fiældene, og beskikket visse personer, der skulde holde Vagt hos samme, og saasnart man mærkede noget fiendtlig Anfald, avtænde dem, for at give Signal til Modværge (Schøning, 1771, s. 260).

Schøning held seg også kongesogenes beskriving i sin utgreiing om Håkon den Godes organisering av forsvaret, som også han hevdar resulterte i ei fastare innretning av varslingsmetoden. Han hevdar den strekte seg frå Gautelva¹ i søraust til det nordligaste tinglang i Hålogaland. Dette er store delar av kyststrekninga i dagens Noreg, samt eit stykke av Bohuslen.

Schøning (1773) skriv at varslingsmetoden var frå meget gamle tider og refererer til Gautreksoga. Han viser også til strukturens konstruksjon ”af store Stokke eller Træer”. Her brukar han omgropa *viter*, *varer* og *fyrer* for å forklare strukturen (Schøning, 1773, s. 383).

En anden, ei mindre nyttig Indretning, hvorved han og Indbyggerne, over det heele Riige, kunde i en hast blive advarede mod alle uformodentlige Overfald. At Viter, Varer, eller Fyre, oprettede paa høye Steder, på Fjældene, af store Stokke eller Træer, og antændte, for at bebude fiendtlig Indfald i Landet, have fra meget gamle Tiider af, været brugelige i Norge, kan sees af Kong Hertios og Kong Vikars Historie (Schøning, 1773, s. 383-384).

I samanheng med hans kjeldebruk kan det nemnast at Schøning omsette Snorres kongesagaer på både latin og dansk (Dahl, 1990, s. 15). Han nemner også ”Håkons Gulatingslov” i relasjon til kor mange skip som skulle utløyse ein trugsel, men utover dette held han seg til kongesogenes beskriving (Schøning, 1773, s. 384).

¹ Gautelva er den gamle grensa mellom Noreg og Sverige i dagens Bohuslen.

4.2 Den klassiske epistemologien – Ei systematisering av Norges historie

Frå midten av 1600-talet var renessansens positivitet i endring og etterkvart vart den erstatta med perioden oftast omtalt som opplysningstida, eller for å bruke Michele Foucaults omgrep *det klassiske episteme*. Til tross for namnet, må ikkje denne perioden forvekslast med den gresk-romerske eller klassiske kulturen (Svestad, 1995, s. 77). Den nye positiviteten markerar den epistemologiske forståingshorisonten mellom *renesansen* og det *moderne epistemet* på 1800-talet. Det skjedde eit brot i erkjenninga der ein ny positivitet vart dominante. Den nye positiviteten endra tilhøvet mellom den etablerte kunnskapen og verda (Foucault, 1996, s. 74). Renessanses verdsoppfating gjekk ut på å finne samsvar mellom ting og teikn. Eksempel på dette kan vere stjernenes att-spegling av verdens blomstrar, eller at planetane var att-speglar av såra på Jesus kropp. Denne epistemologiske erkjenningshorisonten gikk no i oppløysing. Brotet i kunnskapen skapte eit behov for å separere. Ein skulle ikkje lenger blande likt og ulikt (Svestad, 1995, s. 112).

Den klassiske epistemologiens mest særegne trekk var å måle og plassere ting i ein orden. Typisk for epistemet var mellom anna kronologi og tabellar som presenterte tida frå genesis, syndeflod og genealogiar og mot nyare tid (Svestad, 1995, s. 114, 118 - 120). Norgeshistoriene og Strøms (Strøm, 1766) beskrivingar av på Sunnmøre er døme på dette. I denne perioden fanst det ingen arkeologi. Arkeologiske metodar eller tolkingssett var ikkje skapt. Den typiske vitskapsmann famna ofte over diffuse grenser som vi i dag ville betrakta som einskilte disiplinar (Svestad, 1995, s. 141-142).

Torfæus var skulert på latinskulen i Skålholten for deretter å bli send til universitetet i København der han avslutta sine studiar i 1657 (Tormod, 2008a, s. 13-14). Tormod Torfæus; *Historia Rerum Norvegicarum* (1711) vart skrive på vegne av den danske-norske kongen Fredrik den III. Fredrik sendte med Torfæus originalhandskrifter samt økonomiske midlar, assistenter og skrivrarar til å hjelpe seg. Oppdraget vart gitt Torfæus i ei tid då fleire kongar fekk nedskrive historie over sine landområder og no ønska Kong Fredrik få skrive ei eiga historie frå den norske delen av riket sitt. Verket vart skrive på latin, noko som på denne tida ikkje berre var vanleg, men også viktig for å kunne formidle teksta utanom Danmark-Norge (Tormod, 2008a, s. 11).

Både Gerhard Schøning og Hans Strøm hadde sterkt tilknyting til *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondhjem*. Denne generasjonen av historieskrivarar og naturforskurar var i liknад med Torfæus svært avhengig av danske miljø og institusjonar, for eksempel i tilknyting til arkiver, bibliotek og samlingar. Dette gjeld også for Ludvig Holberg (Dahl, 1990, s. 15).

Tekstane nemnt analysen er døme på korleis sogelitteratur og andre mellomalderdokumenter vart gjenstand for systematisering i konstruksjonen av noregshistoriene i nye litterære former. Det var ei systematisering av verden og Guds skaparverk. Vetane var ingen sentrale diskursive objekt i denne samanhengen, men heller mindre element innan ein større vitskapleg diskurs innan det klassiske episteme. Sogelitteraturen kan sjåast på som ein del av vetanes mogelighetsfelt og norgeshistoria som det systematiserande rammeverket dei fall innanfor. Gjennom disse ulike verka og konstruksjonen av utsegna knytt til vetane, vart det ordna ein historisk samanheng der tradisjon og materiell kultur som vitna om dei, vart nært knytt til sagalitteraturen. Ein knytte også eit samtidsfenomen opp mot gamle historier gjennom å relatere dei historiske hendingar til samtidas veter, visa versa. På denne måten var det også sogenes omtale av dei som vart gjenstand for vitskapen. Det er hovudsaklig 5 aspekt som gjeng att i forfattarane skildringa av vetane:

- **Geografisk plassering og utstrekking:** Vetane vart satt opp på høge fjell og vert beskrive som ei *innretning*. Under Håkon Jarl skal denne ”skikken” ha blitt brukt over ”heile landet”. Frå den sørligaste veten til det nord i Hålogaland.
- **Alder:** Vetane blir ofte ført tilbake til Hertjofs tid, men også tidligare. Utsegn som; *sedvane, gamal skikk, forrige tider, eldgamal innretning, frå meget gamle tider*, gjer at inntrykket av vetane som svært gamle forsterkast.
- **Konstruksjonsmessige beskrivingar:** *haugar av tørr ved, store stokkar eller trær. Høge tårn eller pyramidar av tømmer.*
- **Terminologi:** *Bål, vitar, utvarder, varder, vetter, bavne, viter, varer og fyre.* Terminologien er i hovudsak ei blanding av danske og norske omgrep.
- **Organisering:** Fyst organisert på høgre nivå som ei *innretning* under Håkon Jarl. Falske alarmar førte til strammare regulering og lovfesting av innretninga.

Kapittel 5

Jakta på viden - Forskingshistorisk analyse del II.

1840 – 1905: Veten i den nasjonalistiske bevegelsen.

5.1 Bakanforliggende endring

På 1700-talet har vi sett at sogelitteraturen var den sentrale kjelda til dei før-reformatoriske vetane. Sogelitteraturen vart også ei viktig kjelde gjennom 1800-talet, men det skjedde likevel endringar i back sceneteppet som etterkvart førte til at historiefaget endra kurs på starten av 1900-talet. Her vil eg gå gjennom nokre av dei framstillingane som vart gjort av før-reformatoriske veterar på 1800-talet

5.1.1 Vettaland – Stadnamnet i soga

Axel Emanuel Holmberg var prest og arkeolog frå Sverige. I hans landskapsbeskriving *Bohusläns historia och beskrifning 1-3 (1842/1867)* tek han føre seg folkeminne og fornminne i Bohuslän i Sverige. I sin historiske utgreiing om Skee sokn i Vätte herad, merka Holmberg seg namnet på den historiske garden *Vetteland* (Vettaland) som har gitt namn til heradet. Om namnet skriv han fyljande:

Gården, i sagorna benämd Vettaland och Veitaland, förmodligen af det närliggande Vetteberget, der ”vettar” eller vårdkasar i fordna oroliga tider underhölls, har utan tvifvel namgifvit sjelfva häradet, emedan detta visseligen är yngre än gården (Holmberg & Brusewitz, 1842/1867, s. 24).

Med dette utsegne, hevda Holmberg (1729) at veten på Vetteberget er eldre enn garden Vettaland som i fylje Snorre eksisterte på starten av 1000-talet. Han skriv at garden, som mellom anna er nemnt i Olav den Heilages saga, har sitt namn etter det nærliggande fjellet Vetteberget. Det er dette som igjen har gitt namnet til Vätte herad. Holmberg (1842/1867) viser til at garden var ei gåve frå kongen til bonden Brynjolf Ulfalldi i soga:

Vetteland var nemliggen det pris, som den mächtige odalbonden Brynjolf Ulfalldi erhöll för det bistånd han lemnade konung Olof den helige, då han genom sin vältalighet förskaffade honom Vikboarnes ynnest, och halp honom att på öppet ting försägtligt mörda svenska ländshöfdingens Ejlfif Göttske (Holmberg & Brusewitz, 1842/1867, s. 24-25).

Holmberg (1842/1867) er ikkje i tvil om sambandet mellom stadnamnet Vetteland og konstruksjonen vete. Her knyt han saman stadnamnmateriale og sogelitteratur i sine tolkingar og i dette tilfellet koplar han for fyrste gong disse saman. I dette tilfelle er det den *vete*-terminologien som vert brukt. Den finst enkelte stadar i dagens Sverige som tidligare har ligge under Noreg, mellom anna i Bohuslän.

Holmberg (1842/1867) nemner ingen ytterligare referansar til tidligare tolkingar av stadnamnet eller veter. Dermed er Holmbergs (1842/1867) påstand at ein eller fleire veter har vore brukt her i vikingtid. Teorien vart ikkje teke opp att med det fyrste. Vetane var framleis ikkje eit særlig omdiskutert tema, samstundes som at hans utsegn ikkje var lett tilgjengelig for dei som eventuelt ville studere vetane.

5.1.2 Peter Andreas Munch

Keyser og Munchs utgiving; *Norges Love* (1846) resulterte i ein større tilgang på eldre lovmatereiale. Likevel var det framleis sogelitteraturen som i størst grad vart nytta, ikkje berre i forhold til vetane, men i historieforskinga generelt (Dahl, 1990, s. 202). I lovene vert det for fyrste gong merksemrd på Kong Christian den IV omgrepssendring frå *vita vorðu* til vedvarde.

Allereie i Munchs bok; *Nordens gamle Gude og Helte-Sagn i kortfattet Fremstilling* (1840) nemnar han historia om Hertjof som sette *vedvardar* på fjella, og Vikar som skulle passe på bålet på Fenring (Munch, 1840, s. 182).

Munch (1852) var meir bevisst dei kjeldekritiske problema med fornaldersogene enn sine forløparar, og meinte dei var blandingar av oppdiktingar og historiske fakta skrive på 11 og 12 hundretalet (Dahl, 1990, s. 70-72). Til tross for dette, tek også han utgangspunkt i det same kjeldematerialet som hans forgjengarar Torfæus (2008a, 2008b) og Schøning (1771, 1773). Hans tekst om Vikar skil seg ikkje nemneverdig ut frå opplysningsstidas forfattarars skildring. Munch (1852) rekna seg mellom anna fram

til at Hertjof må ha levd ein gong på slutten av 600-talet (Munch, 1852, s. 300). Hans tolking av vetanes fastare innretning under Håkon den Gode er heller ikkje noko nytt. Her nyttar han i hovudsak omgropa *viter* og *varder* i sin norgeshistorie. Han skriv fyljande:

I forbindelse med skibredeindretningen skal Kongen ogsaa have foranstaltet, at der oprettedes Viter eller Varder paa Fjeldene, i ikke større Afstand, end at man kunde se fra den ene til den anden; hvor en Fiende landede, skulde den nærmeste Vite antændes, derpaa den næste og saa videre. Viternes Antændelse var Tegn til at hærør eller krigsbudstikken skulde gaa. Men for at Folket ej skulde foruroliges ved blind Alarm, fastsatte Håkon ogsaa store Bøder for Viternes Antændelse uden Grund. Man regnede at krigsbud paa denne Maade kunde gaa fra den sydligste Vite i landet til det nordlige Thinglag på Haalogaland (Munch, 1852, s. 718).

I liknad med Schønning (1771, 1773) og Torfæus (2008a, 2008b) var Munch også av den oppfatning at vetane hadde hatt sin lausare form i tidligare tider, men at Håkon den Gode gjorde ei fastare innretning av dei som del av eit forsvarsvesen for å hindre angrep på riket. P.A Munch (1852) skriv ingenting om vetanes konstruksjon, men hevdar også at Håkons ordning eller ”foranstaltning” av veter gjekk heilt til det nordlige tinglag i Hålogaland. Sogelitteraturen er Munchs sentrale kjeldemateriale. Han legg mindre vekt på sogelitteraturens beskriving av vetanes negative kvalitetar, men viser til Håkons tiltak for å unngå at blind alarm. Han viser også til at vetane vart brukt i forkant av slaget ved Hjørungavåg, som det står skrive i Fagerskinna (Munch, 1852, s. 113)

Viter bleve antænde, hærør opskaaren, og haakon selv ilede med et eneste Skib ud og ind efter hver Fjord for at drive Folk sammen... (Munch, 1853, s. 113)

Når Munch (1853) nemner bodstikka tek legg han til enkelte moment frå landskapslovane, men det er i hovudsak sogelitteraturen som gjeng att i tekstane hans.

5.1.3 Rudolf Keyser

Rudolf Keyser nemner vetane i to av sine bøker; *Norges Historie* (1866) og *Norges Stats og Retsforfatning i middelalderen* (1867) som i hovudsak baserar seg på

mellomalderens lovverk. Som nemnt hadde Keyser og Munch publisert ein stor del av eldre lovmatiale tidligare (R. M. Keyser, P.A, 1846).

Også Keyser viser til sambandet mellom vetane og bodstikka (hærør, krigspil), som skulle utsendes av lendmennene for å samle bøndene under angrep. Keyser hevda også at vetane var ei *eldgamal* innretning og han bruker både omgrepene *viter* og *varder* (R. Keyser, 1866, s. 243). Han viser til påboden om at vitar skulle settast opp på høge fjell i samband med organiseringa av *leidangen* under Håkon den Gode, og til Snorres påstand om at signalet brukte 7 dagar frå den sørligaste vete til det nordligaste tinglag i Hålogaland. Utover dette definerer han ikkje det geografiske området ytterligare. Han viser også, i liknad med Torfæus (2008b) og Schøning (1773), til problema med vetane då mindre vikingangrep sette dei i sving og at kongen av denne grunn måtte stramme inn reglementet med böter og retningslinjer for bruk av vetane (R. Keyser, 1866, s. 243-244).

Norges Stats og Retsforfatning i middelalderen (1867) kom ut etter hans død og er basert på Keysers forelesingsnotater. Her skildrar han vetanes konstruksjon som *vedstablar* reiste på høge stadar langs kysten. Her tek han også i bruk lovmatialet i større grad enn kva som har blitt gjort tidligare:

For at opbyde Floket i Tilfølde af fiendtligt Overfald vare de saakaldte Viter (vitar Enkeltt. Viti) indrettede. De var Vedstabler reiste paa høider langs kysten i saadan indbyrdes Adstand, at, naar den ene tændes, Ilden kunde sees til den næste. Ved hver Vite fandtes et lidet Vagthuus (vardhus), og i Ufredstider skulde Bønderne skiftes til at holde Vagt ved Viten (vitavödr) Nat og Dag. Naar man nu saa fiendtlige hærskibe nærme seg paa et eller andet punkt af kysten, saa tændes den herværende Vite og derpaa fortsattes Ilden fra den ene til den anden langs med kysten. Dette var Tegn for alt vaabenfært Mandskab i hver Skibrede at samle sig væbnet ved Skibet (R. Keyser, 1867)

Dette er fyrste gongen at landskapslovane vert aktivt brukt i skildringane av vetanes organisering. Keysers (1867) viser også til Magnus Lagabøtes landslov frå 1274 AD. om påbod av vakthus saman med vetane. Han beskriv no i større grad vetane utifra mellomalderens lovverk, men han nyttar også sogelitteraturen. Her går det meir diffuse grenser mellom kva system Keyser (1867) skildrar. Då teksta handlar om

mellomalderen må ein gå ut ifrå at det er i dette perspektivet hans skildring skal definerast.

5.2 Den norske historiske skule

P.A Munch og Rudolf Keyser vert ofte referert til som grunnleggarane av den Norsk Historiske skule og var store bidragsytarar til å profesjonalisere historiefaget i Noreg (Dahl, 1990, s. 45-46). Ein ny generasjon av historikarar vaks fram i 1830 åra, der forsking på dei eldste periodane vart særlig vektlagt. Norsk historie vart no fremma gjennom nasjonalromantikken og eit viktig moment var å nytte det historiske materialet for å vise folkets individualitet. Utgangspunktet var å fremme det norske folks leiande historie i forhold til Danmark og Sverige i Norden. Noreg vart sett på som den nordiske stammens hovudsete og nordmennene hadde opphavsretten til dei viktigaste historiene frå sagalitteraturen (Dahl, 1990, s. 43-44). Denne generasjonen av historikarar ville forkaste alt som var gjort tidligare. Dei ville kutte alle band og starte på nytt. Dette var nok meir ein ideologisk tanke, enn noko som vart gjort i praksis. Dei ville starte ein ny nasjonal kjeldekritisk historieforsking. Ein kan ser sjå ein noko meir kritisk handling, spesielt til mytiske-heroiske og romantiske soger (Dahl, 1990, s. 70-73).

5.3 Arkeologi og stadnamn på slutten 1800-talet

Olaf Rygh må nemnast i samanhengen. Til tross for at han ikkje direkte har drøfta dei gamle vetanes historikk, har han i sin bok *Norske Gaardnamne* (1899/1999)¹ teke føre seg fleire namn som kan relaterast til varslingsfunksjonar. Arbeidet vart utført i samanheng med revisjonen og skrivemåten i det nye matrikkelverk (Dahl, 1990, s. 227). Rygh (1899/1999) beskrev fleire gardsnamn som var samansett av *vete*, *vætte*, *vott* og *vede* m. f. Hans omsetting eller forklaring på disse namn var i hovudsak at dei har etymologisk samanheng med det norrøne *viti*, som han omsette til *varde*. Rygh oppfattar *varde* som ei god semantisk forklaring på namnet. Han skriv mellom anna dette i utgreiinga om namnet Vettakollen:

1ste Led utvivlsomt viti m., Varde; jfr. med Hensyn til Udtalen Vetta-kollen, der findes paa fl. St. søndenfjelds og sikkert kommer af dette Ord.

¹ Originalutgåva av Olaf Ryghs *Norske Gaardnamne* kom ut i 1899.

Der maa i Fortiden have staaet en Varde paa Aasen ovenfor Gaarden (Rygh, 1999, s.246)

I 1890 meinte arkeologen Oscar Montelius å ha observert spor etter ein vete. På Kungshögen nær Fotviken i Sverige hadde det stått ein vete so seint som på starten av 1800-tallet. Montelius fant forstyrningar i stratigrafien forårsaka av nedsettinga av ein stor påle. Montelius tolka denne pålen som senterpålen i konstruksjonen av ein vete. Om denne vetelokaliteten har vore i bruk i før-reformatorisk tid finst det ingen bevis på (gjengitt av Crumlin-Pedersen, 1984, Skoglund, 2002).

5.4 Det moderne epistemet

På slutten av 1700-talet starta den klassiske positiviteten å gå i opplysing og tida var prega av brot og diskontinuitet. Den nye positiviteten som Foucault kallar *den moderne* er framleis gjeldande og det er derfor umulig for oss som er ein del av den å begripe fullt ut. Den nye positiviteten la grunnlaget for fagretningane arkeologi, språkvitskapen og historie. Der Gud hadde vår den sentrale representanten for orden under det klassiske epistemet vart no mennesket grunnlaget for kunnskapen (Svestad, 1995, s. 146). Arkeologen Anders Andrén beskriv den moderne vitskapen for ein sekulær kosmologi (Andrén, 1997, s. 141) På dette grunnlaget vart arkeologiens mogeligheter opna i tomrommet som syndeflodteorien og bibeltolkningane etterlet seg (Dahl, 1990, s. 45, Svanberg, 2003, s. 146). I den nye evolusjonistiske tankegangen på 1800-tallet fanst det ulike typar brot med den gamle positiviteten. I dei tekstbaserte emna som filologi og historie, kom nye og eldre tekster til, andre vart forkasta eller gjennomgikk ein strengare kjeldekritikk. Synet på evolusjonismen ført også med seg mogeligheta for nasjonalistiske perspektiv som kunne brukast for å historisk definere nasjonen på ein bestemt måte (Andrén, 1997, s. 142-143).

5.5 Nasjonalismen på 1800 talet

Med nasjonalistisk arkeologi eller historie meiner ein ei kulturhistorisk tilnærming til vitskapen der enkelte folkeslags forhistorie vert brukt for å styrke nasjonen eller gruppas sjølvfølelse. På denne måten var arkeologi og historie nært knytt til kvarandre. Nasjonens politiske og kulturelle historie vart fremma (Trigger & Hanssen, 1996, s. 131-132). Innan historie kom dette til utsyn mellom anna gjennom norgeshistoriene,

som hadde eit sterkt fokus på sogelitteraturen og vikingtida, medan arkeologien fokuserte på materiell kultur som kunne knytast opp mot dette.

Ein viktig del av nasjonalismen er danninga av nasjonalstatane, og eit tydligare skilje mellom nasjonane. Nasjonalistiske idear vart også fremja gjennom kunst og litteratur. Å skape kontinuitet til forhistoria var eit viktig verkemiddel, både for å bevise nasjonens bragder samt betydelege alder. Innan norsk historieskriving vart spesielt sagalitteraturen sett på som norsk og eit bevis på gammal norsk stordomstid (Dahl, 1990, s. 44). Å vise til ein direkte link mellom nasjonalismen og vetane, utovr at dei faktisk er nemnt i norgeshistoriene er ikkje mulig. At vetane likevel har vore viktige nasjonale symbol, ser ein i nasjonalistiske dikt, bilete og i tankar om oppbygging av det norske forsvaret. I framveksten av arkeologien ser ein også ei aukande fokus på vikingskip og anna materiell kultur som kunne relaterast til vikingtida. På denne måten vart mykje av den moderne vikingtida skapt ved å fremje enkelte gjenstandar og historie framfor andre (Svanberg, 2003, s. 36-37). Ofte kjem dette sterkest til synne blant folk som føler seg trua eller motarbeida av sterkare mektigare nasjonar. Det var nettopp kampen for sjølvstendigheit frå Sverige som gjorde metoden meir synleg i Noreg (Trigger & Hanssen, 1996, s. 152)

5.5.1 Vetane som nasjonale symbol

Napoleonkrigens slutt i 1814 markerar også slutten på bruken av veter i Norge (Lorentzen, 1933, s. 323), i alle tilfelle den funksjonelle bruken av dei som varslingsreiskap, då den optiske telegrafsen tok over vetens rolle (Beutlich, 1940, s. 40). Likevel hang symbolikken om vetane som nasjonale symbol att, spesielt i Noreg, men også i Sverige. I Sverige var vetane i bruk fram til Krimkrigen i 1856.

Bruken av vetane kunne igjen bidra innan kampen for nasjonen. Vetane vart innlemma i ein kunstnarisk litteratur der dei vart gjenstand for nasjonalromantikkens maleri, dikt og lyrikk med politiske bodskap i relasjon til kampen om Noregs sjølvstende og attreisinga av det norske forsvar (Scheen, 1951, s. 237-238). I hovudsak var det variantar av Kong Christian den IVs omgrep *varde* eller *vardevakt* som vart brukt, som i Hendrik Wergelands dikt *Norges fjelde* frå 1842, under kapittelet *Kamp og motgang. Trøst i naturen:*

*Norges bedste
Værn og Fæste
er dets gamle Fjell.
Skumle Død sig skjuler
i dets dybe Huler.
Varden oppe
paa dets Toppe
speider Dag og Kveld (Wergeland & Beyer, 1947, s. 494).*

Det tydligaste dømet finn ein likevel i Per Sivles kjende dikt; *Vardevakt* som vart utgitt i 1894. I diktet både dramatiserer og romantiserer han vetens rolle i norsk krigshistorie. Her er fyrste og siste vers i diktet Vardevakt;

Det høyrest ved Nott eit Dunder paa Dør.
Og Husbonden vaknar, spring fram og spør:
"Kva er det, som bilar?" "Jau, no maa de ut!
for Varden lyser paa Høgenut!"
Og kvar Mann visste i same Ande,
at no var det kome Uffred til Lande.

Og gjev det aldri må verta sagt,
At Landet Ligg utan varde.vakt.
Og logar kje Varden på Tind og Nut,
Han logar i Hjarta hjå Noregs Gut.
Ja, brenn du Varde, du signande, klåre,
Bjartare, høgre fyr kvart eit Året (Sivle, 1894, s. 45).

Sivles (1894) dikt er ikkje berre nasjonalromantikkens utrykksform, men ei militærpolitisk erklæring med eit historisk verkemiddel med veten som ein sentral aktør.

Den svenske poeten og forfattaren Verner von Heidenstam har også nytta seg av vetens symbolske verkemiddel då han i Medborgarsongen gikk ut mot dei som ikkje ønska å utvide til allmenn stemmerett.

Vi stridde gemensamt för hem og hard,
då våra kuster forbrändes.
Ej herrarna ensamma grep sitt svärd,
när varnande vårdkase tändes.

Ej herrarne ensamt segnade ner
Men också herrarnas drängar.
Det är skam, det är flack på Sveriges banér,
att medborgarrätt heter pengar (gjenngitt av Mellbye & Stang, 1935, s. 69).

Vetens betyding innan for den nasjonalromantiske diskursen har ikkje gått upåverka innan kulturhistoriske verk som bygdebeskrivingar og lokalhistorie. Vetane har også fått sin tradisjon vidareført gjennom jonsokfeiringar på vetejella der veter vart brende. Dette har vi tradisjon for både i Noreg og Sverige (f.eks Bugge, 1917, s. 69-70, Envall, 1946, s. 78, Kaldhol, 1945, s. 78, Lorin, 1978, s. 47). Det var ikkje før på starten av 1900-talet at kunnskapen om vetane skulle få ei endra utsegnskraft då den fekk merksemd gjennom vitskaplege tidskrifter ført i ordet av lokalhistorikarar og historikarar, og etter kvart også stadnamnforskurar og arkeologar.

5.6 Disiplinars framvekst 1800 - 1900

Av dei sentrale endringane i det nye epistemet er framveksten av arkeologi, språkvitskap og historie som spesialiserte disiplinar. Framleis var det historikarane som hovudsaklig skreiv om emnet og vetane hadde enda ikkje fått den store merksemda utanfor sogekonteksten. Keyser og Munchs framstillingar skilte seg lite ut frå dei tidligare norgeshistoriene. Sogelitteraturen var framleis viktig og sett på som særnorske. Brotet med dei førre forfattarane var meir eit passivt ideologisk brot enn eit reelt brot og ny-tolking kjeldematerialet (Dahl, 1990, s. 70-73). Kjeldekritikkens mål var i hovudsak å skilje det historiske innhaldet frå gude- og heltesagn og dei romantiske fortellingane. Som nemnt, seier Andrén (1997) at eit typisk trekk for den nye vitskapen er at gamle tekster gjekk gjennom ein strengare kjeldekritikk eller vart totalt kutta ut, medan nye tekster eller kjelder kom til. Dette kan ein sjå i fornaldersagas status som kjelde vert lav, medan landskapslovane vert viktige bidrag i den vidare forskinga.

Til tross for dei store omveltingane innan vitskapen gjennom 1800-talet førte dette ikkje til dei store omveltingane på korleis ein tolka vetane. Likevel kan ein sjå enkelte endringar i måten vetane blir framstilte på. Dei viktigaste trekka:

- **Geografisk plassering og utstrekking:** Det blir framleis vist til at vetane skulle settast opp på fjell, med ein slik avstand ein kunne sjå frå den eine til den andre. Ein talar framleis at innretninga var over heile landet, og at signalet brukte 7 dager frå den sørligaste vete til det nordligaste tinglag i Hålogaland
- **Alder:** Framleis vert vetane omtala som *eldgamle*, og relatert til soga om Hertjof og Vikar. Ein begynner også å kome med nyare beskrivingar får mellomalderen utan at eit yngre eller eldre system vert gjort spesifikt greie for, utanom Håkons organisering
- **Konstruksjonsmessige beskrivingar:** Det finst få beskrivingar om korleis vetane såg ut.
- **Terminologi:** Omgrepene kring vetane vert standardisert. Gjennom 1800-talet er det i hovudsak omgropa *viter* eller *varder* som vert brukt. Dette ser ein også i den ikkje-vitskaplige diskursen, der Varde vert det dominerande omgrepet i dikt og lyrikk.
- **Organisering:** Håkon den gode vert framleis sett på som han som organiserte vetane innan ein større riksdekkande system tilknytt eit kystforsvar.
- **Kjelder:** Sogelitteraturen er framleis den viktigaste kjelda til vetane, men ein kan sjå at landskapslovane har blitt brukt i nokon grad. Ein ser også at stadnamn i nokon grad har blitt knytt til vetane, men dette har i mindre grad blitt tatt opp og repetert. Det same gjeld Montelius arkeologiske undersøking i Fotviken.

Kapittel 6

Jakta på viten - Forskingshistorisk analyse del III.

1905 – 1930: Veten. Eit multidisiplinært forskinsområde

6.1 Dei fyrste artiklane. Forsking fram til 1930

Disiplinane arkeologi, språkvitskap og historie hadde allereie vore etablert ei stund i Skandinavia. Fram til no hadde kunnskapen om dei før-reformatoriske vetane i hovudsak blitt produsert gjennom systematiseringa av nasjonalhistoria. Ein kan snakke om ein nasjonalhistorisk diskurs der sogelitteraturen hadde fått utsegnskraft. Det skjedde derimot nokre endringar på slutten av 1800-talet og hovudsaklig var dei knytt til kjeldebruken, samt nye disiplinars engasjement. Sjølv om dette i liten grad kom fram med det fyrste. Vi har sett at Keyser (1867) hadde teke i bruk landskapslovane som kjelde, der han endra fokuset frå vikingtid til mellomalder. Dette var framleis berre eit eingongstilfelle. Olaf Rygh (1899/1999) viser også til gardnamn som inneheld *vete* og *varde* terminologien, eller variasjonar av dei. Mulighetsfeltet innan forskinga på vetane var i endring.

6.2 Registrering og innsamling av tradisjon

I 1905 vart Noreg ein sjølvstendig nasjon og unionstida med Sverige var over. Oberst major Gulowsens bok *Gyldenløvefeiden 1675-1679* (1906) kom ut året etter. I boka som omhandlar krigen mellom Sverige og Danmark-Norge frå 1675 til 1679, viser han kort til vetanes rolle i krigen (Gulowsen, 1906, s. 29). Tre år seinare kom han ut med artikkelen; 'De gamle Varder' utgitt av *Norsk historisk tidsskrift* (1909). Artikkelen var den fyrste som vart skrive om vetane i Noreg og skilte seg i stor grad ut frå dei tidligare sogebeskrivingane. I Sverige hadde også presten, folkloristen og språkvitaren Erik Modin nettopp gitt ut artikkelen 'Vårdkasar' i tidsskrifta *Fataburen* (1908).

6.2.1 Erik Modin – Vårdkasar

Modins (1908) artikkel var den første skandinaviske artikkelen som tok føre seg vetanes konstruksjon. Han hevda at vetane hadde vore eit kommunikasjonsverkty langt tilbake i tid, men at det først vart eit landsomfattande *signalsystem* i Sverige i mellomalderen.

Vårdkasarna ha sin opprinnelse längt tillbaka i tiden, kanskje i den grå forntiden. De erinra om det sätt, hvarpå säkerligen människorna under bebyggelsens första tider meddelande sig med hvarandra, då det gällde att snabbt och på större afstånd utbyta meddelanden om viktiga angelägenheter, nämligen genom antändande af eldar. Och på det sättet har man gått tillväga genom årtusenden fram emot vår tid, da man bland annat i telegrafen och telefonen funnit långt ändamålsenligare och bekvämligare medel att hastigt träda i förbindelse med hvarandra (Modin, 1908, s. 54).

Språklig brukar Modin (1908) den moderne svenske terminologien vårdkase og viser til sambandet mellom fornsvenske *varder/värd* som betyr vakt, og *kas* eller *kase* som er eit omgrep på *vedstabel* eller *ris* (Modin, 1908, s. 55). Han viser også til sogelitteraturen, men meir berre som eit referansepunkt. Han brukar ikkje noko innhaldet frå den. Modin (1908) la i større grad vekt på dei svenska landskapslovane frå ca. 1300-talet, der han identifiserer ei tredeling av vaktfunksjonen: *Strandvakt*, *byvakt* og *bötesvakt*. Disse namna meinte han var utrykk for kvar i landskapet ulike veter har stått. Ved å samanfatte disse kjeldene var Modins (1908) teori at eit organisert *signalsystem* med *signalstasjonar* i Sverige først må ha kome til i mellomalderen, men at veter kan ha blitt brukt i mindre skala mykje tidligare (Modin, 1908, s. 56).


På grunnlag av undersøkingar av veter og innsamling av tradisjon gir han ein detaljert beskriving av vetanes konstruksjon (Modin, 1908, s. 57). Slik beskriv han ein vete ved Anundsjö i Ångermanland:

Vårdkasen var uppförd på den vidtsynligaste, vanligen högsta delen af det därfor bestämda berget. I kasens midt reste sig en grof spira. Denna liksom allt öfrigt virke utgjordes af gammal kärnfur. Som själfött och torkat, så att den var kådfull och lätt antändbar. Spirans höjd kunde vara 10-12 m. Kringom denna voro, i topp-eller kåtform, resta tvenne hvarf af liknande furuträn, det yttre, för att hindra inträngandet af regn och snö, gjort så tätt som möjligt därigenom att mindre, kortare trän inpassats mellan de större. Dessa sköta uppåt om hvarandra i en krans omkring spiran, något under dennas topp, hvilket höjde sig fritt. Vid foten hade kasen en vidd af vid pass 5

m. Träden, som bildade kasens yttervägg, voro ställda i lämpliga fordjupningar i marken eller berggrunden, för att kasen skulle ha säkert fäste och ej vräkas om kull af storm och oväder. Och för att träden skulle hindras att skrida från hvarandra voro efterstundom tvenne stadiga järnband lagda runt kasen, ett i toppen och tvenne stadiga fall ett ungefärvid midten af densamma. Innuti, ett stycke nedanför dess midt, var en botten, på hvilken stodo tjärtunnor, torra fururötter m. m. På bottnen och inuti kasen voro för öfright uppstaplade en mängd furustubbar, s. k. ”tjärstubbar”, kådiga skatar och dylikt, som var ägnadt att gifva elden rig näring (Modin, 1908, s. 57-58).

I tillegg til denne beskrivinga, skriv Modin (1908) at ei mannshøg dørropning (Fig.

8.1). på 1 meter breidd nedantil, som smalnar oppover i form med konstruksjonen, var plassert på vetens sørlige side. Vetane kunne i enkelte tilfelle også ha ein innvendig stige til ”andre etasje”, der utkikksgluggane har vore. Han presiserer at dette er ei beskriving av dei *ängermanländska* bygdars konstruksjonsmåte, men trur dei har vore temmelig like dei fleste stadar (Modin, 1908, s. 58). Det er ingen kjelder å spore i artikkelen, og derfor vanskelig å seie noko om kvar informasjonen kjem ifrå, bortsett frå att han visert til landskapslovane samt eigne undersøkingar.



Figur: 6.1 Teikning av ein vete, utifrå Modins beskrivingar. (Modin, 1908, s. 57)

6.2.2 I. Gulowsen – De gamle varter

I artikkelen ’De Gamle Varter’ (1909) gikk Gulowsen djupare inn i tematikken enn kva som tidligare hadde blitt gjort i Norge. Dette er den første publiserte avhandlinga om vetter i Noreg og basert på registrering av gamle vete lokalitetar i nordafjelske og sønnafjelske regiment. Registreringane er basert på skriftleg materiale frå 16 og 1700-talet. Her nyttar han seg mellom anna Olaf Ryghs *Norske gaardnamne* (1899/1999) i tolkinga av enkelte stadnamn (Gulowsen, 1909, s. 514-531). Avhandlinga gir ein kort presentasjon over vettanes utvikling frå Håkon den Godes og fram til 1700-talet, presentert gjennom landskapslovar, landslovar og regimentrapportar frå 1700-talet (Gulowsen, 1909, s. 508-513).

Han byrjar med å gi ei kort utgreiing om det før-reformatoriske materialet. Dette er i hovudsak lovmalet som han henta frå Munch og Keysers utgiving av; *Norges*

gamle Love inttil 1387 (1846) Gulowsen (1909) brukar omgrepene *varde* kontinuerlig, men viser sin kjennskap til omgropa *veter*, *viter* og *vaatter*.

Han viser også til omgrevsendringa i lovverket ved Christian den IV lov frå 1604, der kongen skal ha omsett *vita vorðu* til *vædvarde* og hevda dette skyldast ei missforståing. I liknad med Modin (1908) omtalar han også vetane som eit system: ”*et bestemt System omtales fra de ældste og lige ind paa vore Tider.*” (Gulowsen, 1909, s. 507). Han viser til ei rekke med tekstar frå lovar og regimentrapportar som seier at vetane skulle plasserast der dei hadde stått frå gammalt av. Eg siterar han på disse:

Den ældre Gulatingslovs Bestemmelser ”Um vita vördū” optoges i Kristian IV.s norske Lovs Kap. IV i Udfare- eller Landværnsbalken, hvor det hedder: Er der feide formodendis på riget, da skal vædvarder oe vardehusze ferdig gjoris. Ombudsmand skal lade bønderne tilsige vædvarder færdig at gjøre paa steder, de aff gammel tid verit haffuer (Gulowsen, 1909, s. 507-508).

Ved Gyldenløvefeides Udbrud 1675 indskjærpedes igjen Bestemmelserne om Vagthold ved Varderne efter Lovens Paabud. Kristian V.s norske Lov optoges de gamle Forordninger, men i modificeret Form. Kongens Ombudsmænd skulde lade Bøndernes tilsige at gjøre Varderne istand paa de Steder, hvor de fra gammel Tid havde være (Gulowsen, 1909, s. 510).

For Vedvardernes Vedkommende, saa kunde de vel i Fredstider undværes; men under paakommende Feide matte der gjøres Foranstaltning ti, at de igjen kunde opreises paa de Steder hvor de før havde været vedligeholdte (Gulowsen, 1909, s. 512).

Efter Eskadronschefernes Oplysninger skulde de fra ældgammel Tid af være anlagte paa saa bekvemme Steder, at deri ingen Forandring kunde gjøres (Gulowsen, 1909, s. 513).

Ved å legge vekt på vetanes tradisjonelle plassering, skapar han ein samanhengande kronologi som fører vetanes plassering i nyare tid tilbake til Gulatingslovens tid (sjå fyrste sitat over). I Gulowsens (1909) avslutting får ein også eit inntrykk av hans politiske bodskap bak artikkelen:

For nærværende er vel alle gamle Varder og Vagthuse borte fra de kjendte Varaase og Varhauge, der rundt omkring i Bygdene med Sagn og Traditioner minder om skarpe Tider i Norges Krigshistorie, Tider, som i det store og hele kan sees tilbage til med national Stolthed og i mangt og meget tages Exempel fra, når vi samles i Arbeidet for Reisningen af vort Forsvar (Gulowsen, 1909, s. 513 min utheving).

Dei nasjonalistiske og politiske aspekta var framleis sterke verkemiddel i ei tid då Noreg nyleg var lausrivne frå Sverige. Ei periode då nasjonal stoltheit og oppbygging av det norske forsvaret stod som sentrale verdiar i samfunnet (Sørensen, 2001, s. 410).

Gulowsen var utdanna oberstmajor men var også militærhistorikar. Hans posisjon må likevel ha vore av betyding med tanke på at hans artikkel vart publisert i *Norsk Historisk tidsskrift* som var den ledande tidskrifta i norsk historieskriving (Kjeldstadli, 1999, s. 65).

6.2.3 Gunnar Gihl - Upplands fornborgar

Gjennom topografiske beskrivinger av fornborgar/bygdeborger i Uppland i Sverige, hevda arkeologen Gunnar Gihl (1918) å *bevise* at fleire av disse har hatt vitar. Gihl tolkar tradisjonen for feiring av Valborgmesse på borgene som ein indikasjon frå den tida borgene var i bruk. Gihl seier fyljande:

Bruket att antända vårdkasar på borgbergen omtalas utom om Billerstenaborgen även om flera andra borgberg, och detta är förhända en tradition från den tid, då borgarna ännu voro i bruk (Gihl, 1918, s. 87).

I tillegg viser han til stadnamn på fleire borger som; *Bålberget eller Wårdberget samt på Brandholmen synas ytterligare bekräfta saken* (Gihl, 1918, s. 87). På borgene var der også observert røyser som i teorien kunne vere underlag for vitarne. Då disse steinane ikkje var skjørbrente forkastar han denne samanhengen, og tolkar dei som kastestein. Teorien heng vidare saman med tolkinga av fornborgene som forsvarsanlegg. Dette sambandet vil eventuelt bety at vitar vart brukt allereie i yngre jarnalder.

6.2.4 Olaf Olafsen – Viter paa sørlandet og vestlandet m.fl

Presten, lokalhistorikaren, og læraren Olaf Olafsen presiserer sjølv si hensikt med avhandlinga 'Viter paa sørlandet og vestlandet' publisert i *Norsk folkekultur* (1920):

Hensigten med denne Afhandling er næst efter at give en kort Udsigt over de gamle Vitors Oprindelse, Indretning og Udvikling ned gjennem Tiderne at meddele de Oplysninger, jeg har kunnet finde, om Viter paa Sørlandet og Vestlandet. For det østenfjeldske og nordenfjeldske Norge har Oberst Gulowsen meddelt Oplysningen efter Regimentsrapporterne (...) og denne Afhandling danner saaledes paa en Maade en Fuldständiggjørelse af den næmnte (Olafsen, 1920, s. 5).

Han gjorde eit stort innsamlingsarbeid av informasjon og tradisjon om veter på sør- og vestlandet, frå Rogaland til Romsdalen. Med hjelp frå lokalhistorikaren Kristian Bugge, samla han inn tradisjon mellom anna gjennom Sunnmøre historielag, men også gjennom reiser i området (K. O. O. m. f. Bugge, 1918).

Olaf Olafsen (1920) hadde ei nærmare tilnærming til kjeldematerialet enn Gulowsen (1909). Det var ei stor auke i interessa for lokalhistoria dei fyrste tiåra av 1900-talet og av historieteoretikaren Ottar Dahl (1990) vert Olafsen framstilt som ein av dei dyktigare lokalhistorikarane (Dahl, 1990, s. 245).

Olafsen (1920) fokuserte ikkje berre på bevarte skriftlege kjelder, men også på munnlege kjelder som tradisjon og minne. Til ei viss grad nytta han seg også av den materielle kulturen der den kunne påvisast. Ikkje minst vart vetanes konstruksjonsmessige variasjon drøfta utifrå munnleg tradisjon og beskrivingar (K. O. Bugge, O. m. fl, 1917, s. 70, Olafsen, 1920, s. 72). Olafsns (1920) metodiske tilnærming hadde eit breiare omfamn enn tidligare arbeid. Lokale tradisjonar og minne var sentrale i hans registreringa av vetelokalitetar.

Olafsen (1920) reflektera sjølv rundt problematikken ved sin metode:

Mine Kilder har kun i de færreste Tilfælde været af skriftlig eller trykt Art; saadanne findes kun sjeldent for Sørlandets og Vestlandets vedkommende. Jeg har maattet holde mig til gammel Tradition i vedkommende Bygd, Fortællinger fra lokalkjendte Personer og gamle Rester eller andre Minder af og om Viter, som maatte findes. Det ligger i Sagens Natur, at Kilderne ofte er uklare og upaalidelige. For en stor Del er Traditionen glemt, og hvor den findes, er den ofte meget svag og ubestemt. Mine Oplysninger maa derfor modtages med Kritik (Olafsen, 1920, s. 5).

Videre skriv han som eit sjølvrefleksjonerende forsvar:

Jeg har ikke kunnet og ikke villet skjelne mellom, hvad der er historisk sikkert, og hvad der er mere eller mindre usikkert. Jeg meddeler, hvad jeg har fundet, og det vil være en Opgave for dem, som besidder det fornødne Stedkjendskap, at prøve Rigtigheden af Opgaverne. Selv om jeg i enkelte Tilfælde har været sterk i Tvivl om en Meddeleses Rigtighet, har jeg dog taget den med, for at den kunde prøves nærmere (Olafsen, 1920, s. 5).

Olafsen (1920) erkjenner at noko av informasjonen han har samla kan vere problematisk. I tillegg til å samle inn informasjon om vetelokalitetar på sør og vestlandet, forsøke han også å analysere vetane opphav og utvikling.

Han distanserer seg frå tidligare forskrarar på 1800-talet og hevdar at Håkon den gode berre kan ha innført vetane på vestlandet:

Det kunde synes, som om Sagaen vilde fortælle os, at Kongen indførte Viterne i hele Landet eller ialfald langs hele Kysten op til Haalogalands Nordspids. Dette kan dog ikke have været Tilfældet. Det er dog for første kun Kysten fra Landets Sydspidse til Haalogaland, som der kan være Tale om og heller ikke hele denne Strækning. Kong Haakon herskede i Virkeligheden kun ovar det vestlige Norge og af dette igjen særlig over Rogaland, Hordaland, Sogn, Fjalar, Firdir og kanske Sunnmør... Fra først af har saaledes Vitesystemet været indskrænket til Vestlandet; men det har vel efterhaanden ogsaa fundet Indgang baade i Trøndelagen og i Syd-norge (Olafsen, 1920, s. 66).

Dette utsegne var basert på ein teori som Edvard Bull hadde lagt fram tidligare same år (Bull, 1920).

Olafsen (1920) hevda at *vitesystemet*, (som han kallar det) fyrst vart innført langs kysten for deretter å bli forlenga inn fjordane og. Då vetane var knytte til skipsreiene, kunne det ikkje vere veter der det ikkje var skipsreier (Olafsen, 1920, s. 67). Vidare greier han ut om dei forskjellige landskapslovane og landslovanes utvikling frå Gulatingslova til Christian den V's lov. Han viser mellom anna til at vaktstovene fyrst vart påbode etter landsloven frå 1276 AD (Olafsen, 1920, s. 68-69) samt til det han meiner er dei siste skriftleg kjeldane til vetane før 1600-talet:

Endelig har vi ogsaa en Retterbod fra fra Kong Haakon Magnussen af 1318, hvori han byder Bønderne i Tunsberg og paa Folden at de skal opføre Vite og Vagthus, som Lovbogen byder. De havde nægtet at etterkomme Sysselmandens Paabud herom (Olafsen, 1920, s. 70).

Kongens sysselmand i Tønsberg og paa Folden havdek laget for Kongen over, at Bønderne unddrog sig Forpligtelsen at opføre Vite og Vagthus, som Lovbogen bød dem. Kongen indskjærper derfor Forpligtelsen og paalægge Ombudsmændene at stævne Vedkommende til at betale 1 Mark Sølv i Bod (Olafsen, 1920, s. 77).

Denne informasjonen har Olafsen også henta frå Keyser og Munchs *Norges gamle Love indtil 1387* (1846). Tida mellom 1318 AD og byrjinga av 1600-talet er ifylje

Olafsen prega av forfall. Den norske leidangen fell vekk, og landet var prega av økonomisk nedgang, unionstid og svartedauden.

Vidare går han inn på dei etter-reformatoriske forholda, der vetesystemet vart attreist. Olafsen (1920) kallar dette slutten på den norske leidangen, og hevdar den nye ordninga på 1600-talet var av ein anna karakter:

En væsentlig Grund hertil maa søges i Tiden selv , som var en Overgangstid fra Middelalderens Hærordning og Landeværn til den senere Tids staaende Hære (Olafsen, 1920, s. 77).

Han beskriver også vetane utifrå nyare tids beskrivingar. Vetane var om lag 5-6 Alen, og bygd av tømmerstokkar. Tømmeret var reist kring ein midtstang som stod fast i jorda. I et rom inne i vetens vart kvistar og liknandes lagt (Olafsen, 1920, s. 72). Han hevdar også at veter i nyare tid kunne vere bygd av stein og mura opp som ein eldstad (lyngvetar, risvetar) der brennmaterialet kunne ligge. Lyngvetar kunne også brukast som lokale varslingsvetar. Olafsen skriv også at Vetehusa har også vore bygd av tømmer, men også stein der treverke ikkje var tilgjengelig. Vakthusa var små firkanta hus med 4 dører eller gluggar (Olafsen, 1920, s. 72, 75).




Fig 6.2: Vetehuset fra Vetanosi. No på Amble i Sogn. (Olafsen, 1920, s. 108)

Olafsen viser også til Christian den IV's omsetting av Landsloven, og seirer føljande:

Om Vedvarder at holde. Det er en Oversættelse af det gammelnorske Um vita vord eller vordu d. e Om Véte Vagt. Oversættelsen er saaledes feilagtig; man har ikke vidst, hvad vita betegnede (Olafsen, 1920, s. 70).

Olafsen (1920) var oppteken av å bruke den ”riktige” terminologien *vete* og kritiserte bruken av omgrepene *varde* som feilaktig. For fyrste gong dukkar omgrepet *vetesystem* opp som generelt omgrep i Norge.

Gulowsen (1909) og Olafsens (1920) artiklar skapte ei aukande interesse for vetane rundt om i landet, og dette kan sjåast på dei mange påfølgjande lokalhistoriske artiklane som refererer til forfattarane registreringsarbeid. Mellom anna i Hålogaland kom det fleire artiklar basert på lokalisering av veter . Olafsen sjølv bidrog i denne

lokalhistoriske tradisjonen med artiklar om veter i Hordaland og Romsdalen (Olafsen, 1921, 1922).

6.2.5 Carl Klitgaard – Baun og Vidiebrand

I 1929 kom den danske historikaren Carl Klitgaard ut med artikkelen; 'Baun og Vidiebrand' i det danske *Historisk tidsskrift* (1929). I liknad med dei fyrste norske artiklane, presenterer Klitgaard det han kallar for eit *Bavnsystem*, som ein kontinuerlig utvikling frå vikingtida til 1800-talet. I Danmark finst det ingen kjelder som viser til veter i vikingtida, men Klitgaard refererer til soga om Håkon den Gode og seier føljande:

Der er vel ingen Grund til at tvivle om, at vi ogsaa ved samme Tid her i Landet har haft et lignende Bavnesystem... (Klitgaard, 1929, s. 122)

6.3 Nye kjelder og dannninga av eit varslingssystem

Interessa for veterane var i starten sterkt knytt til historie og lokalhistorie. Spesielt lokalhistoria var i betydelig vekst på starten av 1900-talet. I forskinga generelt var det ei veksande interesse for "nye" kjelder som lovar, materiell kultur og stadnamn. Den kritiske haldninga til sogelitteraturen vaks fram, gav større muligheter til andre kulturhistoriske disiplinar som språkvitskap og arkeologi, men også å studere andre historiske kjelder enn sogelitteraturen (Dahl, 1990, s. 235, 242, 245).

Til tross for at Keyser og Munch hadde gitt ut og gjort tilgjengelig dei gamle norske lovane allereie på 1840-talet, hadde dei i liten grad blitt nytta i tilknyting til veterane. Som vi no har sett endra dette seg på byrjinga av 1900-talet. Det er hovudsaklig to viktige faktorar til dette. Ottar Dahl (1990) identifiserer eit politisk-ideologisk klimaskifte i Noreg på starten av 1900-talet. Nasjonale politiske problem vart endelig tatt av dagsorden etter unionsoppløysinga og erstatta med sosiale og økonomiske problem. Framstillingar av norsk stordomstid gjennom sogene og framstilling av vikingtidskulturen var ikkje like viktig lenger. Indre forhold i landet vart no viktigare (Dahl, 1990, s. 229).

I tillegg vart sogelitteraturen utsatt for kritikk. Fyrst av den svenske historikaren Laurits Weibull som hevda at sogelitteraturen ikkje var truverdig på grunn av det store tidsrommet mellom dei faktiske hendingane og nedskrivningstidspunktet. Nordmannen Edvard Bull var også ein av dei som kritiserte sagalitteraturen for å vere

lite truverdig (Bagge, 1991, s. 10, Dahl, 1990, s. 236). Muligheitsfeltet for kva utsegn som kunne seiast vart endra. Det førte i større grad til att spesielt landskapslovene, men også anna materiale som tradisjon, stadnamn og materiell kultur vart brukt i forskinga på vetane.

Temaet hadde framleis ikkje blitt behandla i særlig grad innan arkeologien. Gihl (1918) nemner derimot veterar i forbindelse med bygdeborger i Uppsala. Han hevda å sjå eit samband mellom den gamle skikken med å feire Valborgmesse på mange av borgene, saman med dei mange stadnamna som; *Bålberget eller Wårdberget samt på Brandholmen*.

Dei tydligaste trekka i denne perioden er:

- **Geografisk plassering og utstrekking:** Med Olafsen (1920) vert den geografiske utstrekkinga av vetesystemet under Håkon den Godes tid redusert til vestlandet, for seinare å spreie seg vidare. Sogekritikken og nye kritiske analyser av den ligg bak denne tolkinga.
- **Alder:** Framleis er synet at vetane har blitt brukt lenge før Håkon den Gode. Modin (1908) hevdar at: 'Vårdkasane ha sin opprinnelse längt tilbaka i tiden, kanskje i den grå forntiden' Også Gulowsen (1909) og Olafsen (1920) er av denne oppfatninga. Gautrek soga er ikkje lenger i bruk, og kan dermed ikkje gi nokon fastpunkt til utsegn om alder.
- **Konstruksjonsmessige beskrivingar:** Spesielt Modin (1908) og Olafsen (1920) står for gode beskrivingar av vetane. Dei er ikkje ulike dei beskrivingane vi såg hjå Strøm (1766). Dei skal stort sett ha våre utforma som pyramideforma konstruksjonar med holrom. Hjå Modins (1908) undersøkingar finn ein også meir avanserte konstruksjonar med etasjar. Vaktstova kjem også inn som ein struktur som kan opptre i Noreg.
- **Terminologi:** Terminologien i Noreg er framleis *vete* og *varde*. Noko kritikk byrjar å kome til omgrepene; varde, då spesielt frå Olaf Olafsen (1920). Eit nytt interessant aspekt er at ein byrjar å tale om *system*. Modin (1908), Gulowsen (1909) og Olafsen (1920) talar alle om eit system. Olafsen (1920) er den fyrste som talar om eit vetesystem som ein generell terminologi på fenomenet. Det svenske omgrepet som vert brukt er vårdkase.

- **Organisering:** Modin hevdar at eit større organisert system først har kome i Sverige på 1300-talet, og brukar Svenske landskapslovar for å vise dette. Her observerar han også ei 3 deling av vetane. Som han hevdar har med vetanes plassering i landskapet .
- **Kjelder:** Kjeldene er mykje meir varierande enn tidligare. Ein har byrja å bruke materiell kultur, munnlege kjelder, samt stadnamnmateriale i større grad. Sogelitteraturen vert framleis referert til, men landskapslover og lovskrifter frå ulike tider vert i mykje større grad nytta. Dette passar svært godt saman med dei kjeldekritiske endringane innan historiefaget i Noreg.

6.4 Ein diskursiv formasjon

På starten av 1900-talet endra tekstane om vetane seg. Dei var ikkje lenger berre nemnte i dei norgeshistoriske framstillingane, men dei vart eit studieobjekt i seg sjølve. Nye *hjelpegenden*, *institusjonar*, og *praksissar* gjorde det mogelig å studere vetane. Spesielt viktig var dei etablerte *tidsskriftene* rundt om i Sverige og Noreg, men også. Etableringa av lokalhistoria, der innsamling av tradisjonar og minne i stor grad gjekk føre seg (1918). Uten desse hadde det våre vanskeligare umogeleg for Olafsen å produsere artikkelen. Han viser også til Gulowsens (1909) arbeid som ein inspirasjon.

Ein ser fleire positive modalitetar som har gått att sidan 1800-talet. Spesielt vetanes plassering på fjell og tilknyting til ein sterkare organisering med tilhørande lovverk under Håkon den gode. Men der er også nokon brot og negative modalitetar. Spesielt gjeld det tidligare syn om Håkon Den godes innføring av vetane over heile landet. Dette vart no utfordra av Olafsen, som gjennom Edvard Bulls (1920) kritiske studiar av leidangen, hevda at Håkon først berre kunne ha innført vetane på vestlandet. Kanskje so langt nord som til Sunnmøre (Olafsen, 1920, s. 66). I forhold til alderen på fenomenet generelt, er det framleis ei oppfatning av at dei er eldgamle. Her har ein bygd ei svart boks der utan å fylle den særlig med utsegn! Eit av kjeldane som var fundamentert i denne svarte boksa, fornaldersoga om Hertjof, vart ikkje lenger sett på som god kunnskap.

Kapittel 7 - Jakta på viten: Forskingshistorisk analyse del IV 1930-1970: Eit multidisiplinært forskingsområde

7.1 Eit multidisiplinært forskingsfelt

Allereie på 20-talet har vi sett at veter vart knytt opp mot bygdeborgar i Sverige (Gihl, 1918, s. 87). Innan historiefaget har relasjonen mellom veter og leidangen vore den viktigaste, til tross for at sjølve sambandet mellom leidangen og vetane i mindre grad vart drøfta (f.eks Gulowsen, 1909, Olafsen, 1920). Det er i hovudsak denne relasjonen som ein med vissheit kan datere med sikre kjelder frå landskapslovene, tilbake til 1100-talet i Noreg, og 12-1300-talet i Sverige. I den føreliggande perioden ser ein at temaet er på veg til å bli eit tverrfagleg studietema. Både stadnamnforskinga i Sverige, arkeologien og historiefaget i Noreg og Sverige har gjort studiar kring emnet.

7.1.1 Thord Lindell – Vårdkaseldar brunno...

Arkeologen Thord Lindell (1931) ser sambandet mellom veter og dei svenske fornborgene i Östergötland og Norra Småland.

Ett annat betydefullt borgberg är Veteklint i Vånga socken vid Glans västra strand.

Att här funnits en vårdkase, säger redan namnet, som har samband med det isländska ordet viti, som betyder vårdkase. Därjämte har intill sena tider traditionen levat kvar om att en vårdkase stått på berget (Lindell, 1934, s. 23).

Han har til saman registrert 19 stadar som han har bastert på stadnamn (Lindell, 1931, s. 22), og fleire av disse plassane ligg i tilknyting til fornborger. Lindell (1931) utrykker seg generelt om metoden og omtalar eldre og yngre *vårdkasas*, og ulike perioder. Har var av den oppfatning at vetane også måtte sjåast i samanheng med fornborgene i Øst Gotland.



Figur 7.1: Bilete er eit tresnitt frå Olaus Magnus' Historie om de nordiske folk frå 1555. (Lindell, 1931, s. 16)

Var dessa vårdar varit belägna är numera ej lätt att säga. Närmast har man väl att söka dem vid de talrika fornborgorna (Lindell, 1931, s. 23).

I starten av artikkelen gjer han greie for kjelder frå både sogelitteraturen og dei svenske landskapslovane. Som Modin (1908), hevdar Lindell (1931) at dei forskjellige formane for vakt som er nemnt i dei svenske landskapslovane, ber namn etter kvar dei vart plassert i landskapet.

Så talar t.ex Hälsingelagen om bergvård, alltså vakter på berg. Upplandslagen føreskriver om strandvård och byvavård och Smålandslagen om utvård (vid kusten) och invård (inuti landet) (Lindell, 1931, s. 16).

Han viser også til eit tresnitt frå 1555 der Olaus Magnus (fig. 7.1) illustrerer at vetrar brenn på høge fjell og fiendens åtkomst i kogger. Han skriv også om signalets effektivitet som vert skildra i soga om Håkon den gode, og rekna ut at dette var eit strekk på 150 mil. Han drøftar også sogene og problematikken med falsk alarm som førte til strengare lovverk. Han bruker også stadnamn som kan relaterast til vakt og f.eks *Vardberget* i påvisning av lokalitetar samt tradisjon (Lindell, 1931, s. 18-24). Det er vanskelig å finne tydige skilje i kva periode han til ei kvar tid tek føre eg. Han har ei ganske generell tilnærming til materialet, der vetanes utvikling stend fram som ei kontinuerleg utvikling.

7.1.2 L Stackell - Vårdkaser

I ei tekst frå 1932 gjer den svenske militærhistorikaren Stackell (1932) greie for vetrar i Øst-Gotland. Han baserar seg i stor grad på tidligare forsking, og kjem ikkje med nokon nye refleksjonar i tilknyting til dei. Eit problem er at han i svært liten grad gir referansar til tidligare forsking. Han greier ut om forskingsstatus rundt emnet:

Till vårt lands mera okända militära kulturminnen kunna vi räkna de s.k. ”vårdkasarna”, om vilka man vet mycket litet. Vårdkasarna förekommo med säkerhet i Sverige omkring år 1000, under det att de bevisligen funnas i Norge före 961, men sannolikt användes dylika långt tidligare (Stackell, 1932).

I liknad med Lindell (1931) og Gihl (1918) viser han til eit mulig samband mellom Bygdeborger og vetrar:

Ytterligare må emellertid här nämnas några vårdkasberg eller eventuella platser för vårdkasar. På Torsburgen på Gotland finnes en bygdeborg, och höjden är ett tydligt

vårdkasberg, där en vårdkase, ehuru av en senare tids konstruktion, ännu finnes (Stackell, 1932, s. 34).

Det er problematisk å bruke Stackells tekst då den manglar referansar. Kjeldematerialet hans er i stor grad dei gamle landskapslovane. Han viser også til vetanes konstruksjon der han refererer til Modins (1908) tidligare undersøkingar (Stackell, 1932, s. 14-16).

7.1.3 Bernt Lorentzen - 'Vardevakt og Strandvern langs Norges sydvest-kyst i det 17de århundre

Historikaren Bernt Lorentzen fra Bergen kom ut med artikkelen 'Vardevakt og Strandvern langs Norges sydvest-kyst i det 17de århundre' publisert gjennom *Norsk Historisk tidsskrift* (1933). I artikkelen kritiserar han Olafsens (1920) metode og kjeldekritikk. I hovudsak er det Olafsens (1920) munnlege kjelder, basert på lokal tradisjon han kritiserar. Han kritiserar også hans forsök på å skape ei samanheng mellom eit norrønt og eit nyare vetesystem.

Det som i Olafsens avhandling er mest usikkert – for ikke å bruke et sterkere uttrykk – er hans tro på at der er historisk sammenheng mellom vardene i norrøn tid og det vardevesen som blev organisert i 1640-årene og senere (Lorentzen, 1933, s. 280).

Lorentzen (1933) hevdar også at landskapet på Jæren og i Dalane er for oversiktlig til at der kan ha vore so mange veterar som Olafsen (1920) har lista opp i sin registrering av vetelokalitetar. Han trur heller ikkje på at lokale vardar i nyare tid har vore nytta, slik det vert hevdta. (Lorentzen, 1933, s. 281). Han meiner også at namn som Varde er svært vanlig, og at desse ikkje treng å vise til varslingslokalitetar. Tradisjonen knytt til slike namn forklarar han slik:

Desto rimeligere er det at folkefantasien har diktet røverhistorier i forbindelse med vardenamn, skjønt bare de aller ferreste hauger med vardenamn noensinne har vært utstyrt med vete (Lorentzen, 1933, s. 281).

Vidare i artikkelen viser han til arkivmateriale om vardeholdet i Noreg på 16 og 1700-talet før han avslutta på fyljande vis:

I 1814 var dette civile kystvern reorganisert for siste gang. Reisningen av vader og reglene for vardevaktholdet fører uvilkårlig tanken hen på mobiliseringen av ledingen i norrøn tid, men noen sammenheng mellem vardene og vardevakten den gang og på 1600-talet er der sikkerlig ikke. Kystvernet fra 1640-årene må sees som noe nytt, som

man riktignok fant forskrifter for i landevernsbolken. Noen ”historisk sammenheng” utover det felles reglement er det vanskelig å efterspore (Lorentzen, 1933, s. 323).

Lorentzens (1933) kritikk av Olafsens (1920) avhandling ser ikkje ut til å fått plass i diskursen. Då den ikkje har blitt kommentert i ettertid. Sambandet mellom dei norrøne vetane og lokal vetejell og tradisjon ser ut til å ha blitt fundamentert i det generelle omgrepet *vetesystemet*.

7.1.4 Einar Sagen – Dei siste vitane

Einar Sagens artikkel ’Dei siste vitane’, utgitt av *Militærteknisk tidsskrift for Ingenøravåbnet* (1934) er verdt å nemne. Artikkel er eit innspel som kom i etterkant av ein påstand om at ”vitene og vitehusene nu er nedråtnet”.¹

Han viser til to attståande veterar i Vestre Slidre i Valdres, som begge skal ligge på over 1000 moh. Han beskriv også at ei lafta vakthus som skal ha stått ved veten på Olberg. Han beskriv den som ei ”uvand” lafta stove med faste sengebenkar og utkiksgluggar stengde med stamp. ”*Og enno for 30 år sidan kann eg minnast, at syllstokkane låg att i laftafirkant*” (Sagen, 1934, s. 118).

Han refererer til samanhengen gjennom Håkon den Gode, men er av den oppfatning at vetane er langt eldre. Hans argument skil seg ikkje nemneverdig ut frå tidligare historikarar når han hevdar at Håkon ”truleg hev han berre kneésett hundradårgamall sedvane”, me kanskje går han enda lenger enn sine forløparar:


Vitane er den eldste institusjon eller innreidnad som finst i Noregs land. Dei er eldre enn kongedømet, eldre enn kristendomen, eldre enn alt. Dei er heilt frå gråtidi – frå fyrndeheimen lenge fyre den tid då det fanst skrivne loger. Og i kraft av denne institusjonen og med rot i grågamle fysesegner og loger som ingen kann fylgja tilbake til sitt upphav – i kraft av tankar tenkte i forhistorisk tid, vart dei bygde desse vitane i Vestre Slidre – dei siste av dei gamle (Sagen, 1934, s. 117).

¹ Det har meg ikkje lukkast å finne nemnte artikkel, men Einar Sagen refererer sjølv til påstanden (Sagen, 1934, s. 115)

7.2 Böte, og andre namn på som indikerer veter.

7.2.1 Ivar Modéers Namn- och ordgeografiske studier

I Ivar Modéers *Namn- och ordgeografiske studier* (1937) tek han føre seg stadnamnet böte. Modéers (1937) teori var at stadnamnet *böte* viste til det same som det norske vete namnet. Modéer (1937) var den fyrste som viste til dei tre terminologiane *viti*, *böte* og *bavn* i ein samanheng, og at dei hadde ein lik funksjon då dei kunne knytast til Skandinavias kystforsvar. Tidligare hadde fleire stadnamnforskurar hevdat at *böte* namnet hadde vore eit namn på eldre fyrlokalitetar for skipsfarten, og ein debatt om namnets betydning vart sett i gang med den finske språkforskaren Karsten. (Karsten, 1921, 1939, 1940). Dette hevda Modéer (1937) var ein anakronistisk konstruksjon, då han i skriftlege kjelde hadde funne ut at namnet var eldre enn fyr-funksjonen i Sverige (Modéer, 1937, s. 44). Teorien om at stadnamnet var ein indikasjon på ein vetepllass hadde tidligare blitt føreslått av Freudenthal (1889) og vi har sett att mellom anna Modin (1908) har merka seg namnet i landskapslovane.



Figur 7.2: Kart over bötelokalitetar i Sverige og Finland. I ettertid har fleire lokalitetar blitt lagt til. (Modéer, 1937, s. 39)

I avhandlinga tek Modéer føre seg skjergardsnamna *böte* namnet langs den svenske kysten frå Blekinge til Åland og austover på nordsida av finskebukta.

Han startar avhandlinga med ein kort forskingshistorisk oversikt, før han viser til eit omfattande stadnamnmateriale med 93 lokalitetar som kan relaterast til böte. Dette materiale vart ytterligare utvida i seinare arbeid (Modéer, 1939, 1941). Om sin metode seier han:

För en dylik utredning kräves annan metod än som tidligare kommit till användning inom böte-forskningen, nämligen en brett lagd genomgång av ortnamnsmaterialet, bestående framför allt i granskning av de enskilda namnens språkliga och topografiska betingelser (Modéer, 1937, s. 5).

Etter ein gjennomgang av eit stort stadnamnmateriale frå Blekinge til langt inn i Finskebukten, konkluderer Modéer med at namnet ikkje kan ha samanheng med fyr eller sjømerker. Gjennom kartstudiar og feltarbeid analyserte han dei topografiske forholda kring stadnamnet, og fyr-lokalitetar passa i få tilfelle til stadnamnets plassering på kart. Det same gjeld for sjømerke, men at bötar kan ha hatt ein sekunderfunksjon som sjømerke vil han ikkje avvise (Modéer, 1937, s. 43-44).

Böte-namnens topografiska egenheter ge emellertid, så som det framgår i min undersöking av de enskilda namnen, positiva och tydliga anvisningar om innebördens av det till grund liggande ordet. **Detta bör ha betytt utkiksplats, signaleringsplats' vårdkase** (Modéer, 1937, s. 44).

Modéer refererer til ei stor mengd litteratur der ordet böte vert brukt, mellom anna i landskapslova, Upplandslagen og Sörmlandslagen, men også i nyare litteratur frå 1600 og 1700-talet, der mellom anna Olof Verelius nytta omgrepet (Modéer, 1937, s. 45-49).

Om böte-institusjonens utbreiing og alder hevdar han at namnet sjølv er den beste kilda til dette:

Huru värdfulla stadgarna ”Vm ward hald” i landskapslagarna än kunna tyckas vara, och huru viktiga opplysningar vi än erhållit genom att studera de från olika tider kända appellativa beläggen, är det dock i åtskilliga avseenden ortnamnen so ge den bästa kunskapen om böte- institutionen, t. ex. i fråga om dess utbredning och ålder (Modéer, 1937, s. 64).

Han hevdar at namnet har sitt opphav i Uppland og har spreidd seg langs kysten til det rikets ytre grenser (sjå fig 7.2). Bötenamnet skal ha eksistert allereie i vikingtida inann dei svenske område, medan det først på 1200-talet skal ha blitt innført i Finland

(Modéer, 1937, s. 66). Han viset til namnets betydning har samanheng med samling av stokkar, stabel eller vedstablar, og er den svenske varianten av det norske *viti* og danske *bavn*. Modéer viser til både Modin (1908) og Lindells (1931) artiklar som tidligare hadde tatt opp både betanes konstruksjon og samband til landskapslovane. An viser også til den danske og norske terminologien, med referansar til Heimskringa, Gulatingsloven og Kristian Bugges lokalhistoriske artikkkel (Modéer, 1937, s. 80-92).

Til slutt konkluderar han med fyljande om dei nordiske vete-terminologiane:

Att Danmark i fråga om vårdkasterminologien gått samman med sina västgermanska granna, ej med de övriga nordiska länderna, är rett förhållande av stort intresse. Vi kunna på forngermanskt område konstruera fram trenne ordgeografiska områden: báacen, báken i de västergermanska språken och danskan, viti i norskan, böte i svenska (Modéer, 1937, s. 91).

Det skal også nemnast at Modéer bruker omgrep som *böte-system*. Dette skal ha spreidd seg utover landets kyst sentralt frå Uppland, ein gong i vikingtida.

7.2.2 Andre stadnamnsforskarar

Bertil Ohlsson (1939a) har undersøkt stadnamn relatert til Blekinges kystlandskap og deriblant namn som kan relaterast til eit svensk veter. Han har også påvist og diskutert andre sjøfartsnamn som *buss*, *kugg* og *snäcka* som ofte opptrer i områder saman med bötenamn. Han stiller spørsmål ved Modéers (1937) teori om eit statlig utvikla system i vikingtid og refererer til norske forholda der han meiner landskapslovane er teikn på at Håkon den Gode ikkje grunnla det norske *vetesystemet*, men kopla saman lokale system (Ohlsson, 1939a, s. 182-183). Argumentet for denne tanken er at dei påviste böte-namna ligg langs gamle sentrale handels og sentrumsområde og at det er store geografiske mellomrom mellom lokalitetane ved Blekinges kyst. Han hevda altso at det har være mindre lokale bötesystem før det vart ein statleg organisasjon (Ohlsson, 1939a, s. 182-183).

Stadnamnkomponenten kummel finn ein i den svenska skjergarden og har blitt relatert til veter (Elgqvist, 1944, Stahre, 1952). Den fyrste som presenterte koplinga var stadnamnforskar Eric Elgqvist i sin avhandling *Skälv och Skilfingar* (1944). I Frökins herred i Vest Gotland ligg soknet Vårkumla som også er eit bynamn samt den nærliggande byen Vårskäl der namnet er nært knytt opp til soknet. I namnet ligger det fornsvenske namnet *Vardher* som betyr vakthald, samansett med kumla som tyder

merke i form av steinhaugar eller oppreiste stokkar. Den semantiske betydinga vil då peike mot signalisering ved vakthold i krigstid (Elgqvist, 1944, s. 38).

Stadnamnforsk Stahre (1952) har gjort ytterligare undersøkingar for å få klarheit i terminologien rundt stadnamnet som ein finn att fleire stadar i Södermannland austkyst. Kummel har i hovudsak betydelsen av ein steinrøys eller samling av stein, og då vetar ofte har hatt eit fundament oppbygd av stein, kan namnet referere til dette, men i fylje Stahre ein må likevell ta omsyn til at det kan dreie seg om sjømerker eller gravrøyser som det finske ordet *kumpele* har blitt relatert til. Gjennom beskrivingar, skriftlege kjelder, kart frå 1700 talet og tilhørande ikonografi på kart visar han til at kummel blir nemnt som vetar ved fleire høve og ofte i samband med beskrivingar av seglingsleida. Stahre meinte lokalitetane disse stadnamna førekomm på ikkje hadde dei naudsynte eigenskapane for plassering av sjømerker, sjølv om dei er godt synlege. Likevell meinte han at vetanes sekunderfunksjon som sjømerker er av dei viktigaste grunnane til at ein har bevart so mykje informasjon om dei som ein har. Til tross for at kummel-namn med denne funksjonen er i mindretall (Stahre, 1952, s. 237).

7.3 Vetane innan arkeologi, språkforsking og historie.

7.3.1 Holger Arbman – Svenska vårdkasar

Holger Arbman (1942) har skrive ein gjennomgang om dei svenske vetane, samt problem knytt til disse gjennom tidligare forskinga. Han var Professor i arkeologi ved Lund universitet.

Arbmans (1942) artikkel er av dei fyrste som kritisk drøftar problemområder som tidligare hadde våre lite reflektert rundt. Samstunder viser han til eit breiare kjeldemateriale enn tidligare. Han kontekstualisera den forskinga som har blitt gjort på vetar i Sverige, samtidig som han dreg nytte av forsking frå Noreg, samt dei norske landskapslovane som ei samanlikning med det svenska materialet. Etter ei periode med mykje fokus på stadnamn etymologi og språkforsking fører Arbman (1942) også fokuset tilbake på vetanes konstruksjon med referansar til Modin (1908), samt nye syn på korleis den materielle kulturen kan gi ny kunnskap gjennom arkeologiske undersøkingar (Arbman, 1942, s. 11). Han sluttar seg også til bötenamnets relasjon til Vårdkase, og hevdar at Sverige tidligast kan ha hatt ein fast organisasjon før 1000 AD.

Han seier også at det ikkje treng å bety at enkelte bygder kunne hatt bestemte system for å spre bodskap om utfred (Arbman, 1942, s. 16).

Han var også den fyrste som brukte eit kjeldematerialet som tidligare ikkje har fått merksemd, nemlig heltediktet *Grottesongen* frå den Eldre Edda, som han hevdar er den eldste beskrivinga av eit Skandinavisk varslingssystem, utan å utdjupe eller tolke diktet ytterligare. Det er likevel identifiseringa av samfunnsrelaterte problem som er Arbmans (Arbman, 1942) hovudmål med artikkelen. Han skriv følgjande:

Forskingen står på detta område ännu endast i början, och tack vare de många, ofta oövervinnliga svårigheter, som här möta, skola vi säkerligen aldrig kunna få en fullständig bild av vårdkassystemen och deras funksjoner. Av spridda uppgifter får man försöka få fram en del grunddrag av detta viktiga led i det svenska försvaret. Denna uppsats kan endast i någon mån visa problemställningarna, det fordras ett mycket omfattande forskningsarbete, som ännu återstår, innan ett sammanfattande resultat definitivt kan framläggas (Arbman, 1942, s. 16).

Tidligare hadde forskinga i liten grad fokusert på dei store tidsskilnadane mellom det tidlige varslingssystemet og det seine. Og yngre kjeldemateriale vart ofte brukt pga. Mangelen av eldre. Denne problematikken peikte Lorentzen (1933) på allereie i 30 åra. Arbman (1942) meinte at samfunnsmessige endringar, både i forhold til tid og rom, var den store utfordringa. Endring i busetting, krigföring og sjöfart er berre nokon av faktorane han meinte som ville påverke varslingskjedene til ei kvar tid. Samtidig som han peikte på dei store tidsskilnadane mellom det forskjellige kjeldemateriale. Gjennom sin utgreiing sett han endelig inn problematiske støytt mot den kontinuiteten og generaliseringa av varslingssystema som tidligare hadde våre rådande (Arbman, 1942). Arbman bruker generelle omgrep som *signalsystem* og *bevakningssystem*, men viser problemet med å identifisere ulike system:

Her möter oss den kanske största svårigheten, som aldrig helt skall kunna övervinnas. Vårdkaslinjerna ha ej varit konstanta under tidernas lopp, de ha säkerligen växlat, bl.a. beroende på ändrad krigföring, avgeografiska betingelser ändrade sjöleder, förändringar i bebyggelsen, osv., vilket givetvis icke hindrar att vissa betydande punkter alltid ha spelat en stor roll(Arbman, 1942, s. 17).

7.3.2 Mats Drejier – Fornborgar och Bötesberg på Åland

Arkeologen Mats Drejier seier følgende om sambandet mellom bygdeborger og veta:

Systemet med bygdeborgar för befolningsskyddet stod givetvis i nära samband med det fornnordiska alarmsystemet ved vårdkasar vid en fiendes flottas ankomst (Drejier, 1948, s. 520).

Han viser til ålandske vete lokalitetar gjennom å påvise både böte-namn, kas-namn og vård-namn (Drejier, 1948, s. 521-523). Drejier hevdar at dei kas og vård-namna som han har registrert ikkje er fullstendige, men at böte-namna er komplette etter Modéers undersøkingar. Han er også kritisk til mange av vård-namna, som også kan bety sjømerke eller kome frå triangelmerker for kartlegging av landskapet. Han viser også til diskusjonen rundt böte-namnets betydning, men støttar seg til Modéers tolking av dei som veta. I liknad med fleire før han relaterer han namnet til Upplandslovas ”konungabalk” der både byvakt, strandvakt og bötesvakt vert nemnt. Då det viser seg at det er knytt strengast straff for forsømming av bötes-vakta, tolkar også han denne som ein statlig institusjon, og brukar kongesogene og norske forhold som eksempel (Drejier, 1948, s. 523).

Han gjer seg også opp nokon meningar om alderen på Ålands bötelokalitetar:

Aldst är Lemböte. Här har synbarligen konungens vardhald, d.v.s. vakthålling varit stationerad redan under folkevandringstiden, låt oss säga på 500-talet, då Vendeltidens ingång markerades av en expansiv svensk politik, som bl.a. åstadkom en intensifisering av bebyggelsen i Roslagen och på Åland. För Ålands del kan man med säkerhet säga 500-talet medförde en inflyttning av en svensk bondebefolkning från Mälardalen. Det är rimligt att dessa immigranter förde med sig bötesinstitutionen till fasta Åland (Drejier, 1948, s. 524).

Dette utsegne støttar han opp ved å vise til dei tidligaste arkeologiske funn og gravhaugar på Åland kan daterast til denne tida. Han viser også til att eit stadnamn på den høgste bergodde på Lemböte finst beskrive som Bötö, som han oversetter til Böte øy, og at Bötö opphørte å vere ei øy på 500-talet p.g.a. landhevinga (Drejier, 1948, s. 524).

Drejier stor eg i stor grad på arbeidet til Modéer og nemner også Gunnar Gihls artikkel i samanheng med fornborger.

7.3.3 Gerhard Hafstrøm - Ledung

I sin bok om leidangen har Gerhard hafstrøm eit avsnitt som heiter *böte-systemet*. Hafstrøm er interessert i dei økonomiske og juridiske aspekta med systemet, men ger også greie for dei ulike typane vakt som vert presentert i dei svenske landskapslovane. Han baserer seg i stor grad på resultata som Ivar Modéer tidligare har lagt fram, og på bötenamnas utstrekking. På bakgrunn av Drejiers (1948) undersøkingar viser han også at bötesystem i Sverige kan vere svært gamle, so tidlig som 500 AD, ifylje strandlinjedateringar av namnet Bötö (Hafström, 1949, s. 70-73).

Han tek opp hastigheita på signalets ferd i Noreg for å konvertere det til Svenske forhold. Han hevdar at dersom signalet gikk dei 150 mila langs Noregs kyst på 7 netter, ville det ha klart 20 mil på ei natt. Desse tala fører han over på Svensk topografi.

7.3.4 Rolf Scheen – Norges Viter

Dette er den første forskingshistoriske oversikta som er skrive om vetane. Rolf Scheen startar sin tekst 'Norges Viter' (1951) med å vise til korleis vitar har blitt brukt i lyrikk, og dikt i Norge i over 100 år. Han viser til den omfattande ordgeografiske forskinga, og at dette kan gi ein peikepinn med omsyn til metodikken.

Han trekk fram dei norske avhandlingane til Gulowsen og Olafsen, som dei *viktigaste* publikasjonane. Hensikta med Scheens utgiving er: '*å samle mest mulig av den viten om de gamle viter som iallfall fins i de trykte kilder*' (Scheen, 1951, s. 239)

Scheen viser først til fleire andre stadar i verden der bruken av vitar eller ildsignal har blitt brukt. Om böter i sverieg henvisar han til Modéer datering av namnet tilbake til 800 AD, men at det har våre ueinigheit i etymologien. Han viser også til dei svenske landskapslovanes forskjellige typane av vitar, samt at den omfattande registreringa av vitesignaler som vart gjort innan svensk forsking. (Scheen, 1951, s. 245 - 250).

Om den første bruken av vitesignal seier Scheen føljande:

Men etter hva det foran er opplyst om menneskenes bruk av ild i menneskehets barndom, ville det i og for seg ikke være urimelig å tenke seg at de første primitive ildsignalene for å varsle fiendtlig overfall i Norge ble avgitt forholdsvis kort tid etter

at isens smelting hadde gjort det mulig for mannesker ad forskjellige veier å rykke inn i vårt land (Scheen, 1951, s. 151).

Han viser vidare til historia om Hertjof og Vikar, ved å referere til Munch, Han dreg også fram referansar frå Munch (1853), når han hevdar vetane vart tent i forbindelse med Slaget på Hjørungavåg. For deretter å vise til sogelitteraturen frå *Heimskringla*, *Fagerskinna* og dei gamle landskapslovane. Scheen drøftar også betydinga av namnet vete/viti:

De gamle lovteksters tod ”viti” har en betydning som er grei nok, men vil en ved hjelp av våre vanlige håndbøker studere dets etymologi nærmere, får en i grunnen intrykk av at det ikke har interessert våre språkforskere i nevneverdig grad. Årsaken er vel den at selve viteforskingen i alle fall i de eldres tid ikke har vært særlig aktuell (Scheen, 1951, s. 252).

Scheen (1951) presenterer til forskjellige forslag som; tegn, merke eller straff. Men gir ingen eigne konklusjonar (Scheen, 1951, s. 252).

Han viser også til at det finst fleire kjelder om veter som skal ha eksistert på Shetland og Orknøyane, og Scheen hevdar at disse må ha blitt innførd via det norske vetesystemet. Om den norske organiseringa av vetane baserer han seg hovudsaklig på landskapslovane. Og hevdar at Håkon den gode var mannen bak Gulatingsloven. På bakgrunn av dette må det vere att noko av Håkons bestemmingar i den loven vi kjenner frå 11-1200 (Scheen, 1951, s. 253-254). Nye retterbøker som innheld informasjon om vakthalde på veter i Bergen og Trondheim i 1300 og 1500-talet. Det gjeld mellom anna fritak frå vakthold etc (Scheen, 1951, s. 255-256).

Utvøver dette er det i hovudsak dei etter-reformatoriske vetane som vert drøfta av Scheen (1951). Han brukar også generelle omgrep som vite-organisasjon fleire gongar i teksten, men også vetesystemet og varslingssystemet (Scheen, 1951, s. 237-269)

Scheen gjer også greie for vetanes konstruksjon. Her er hans beskriving basert på etter-reformatoriske kjelder, og er lik beskrivingane frå Modin og Olafsen. Scheen hevdar at dei kunne vere opp mot 12 meter høge, og bestod av 3 til 5 stokkelag. Dei kunne vere bygde på røyser (også tidligare gravrøyser frå bronsealderen) eller ha steinar som dei var fortøydde i. Det same gjeld hans beskriving av vaktstovene, som var små, ofte bygd av tre eller stein og ca. 2,7m langt på kvar vegg og 1,8 meter høgt i storleik (Scheen, 1951, s. 264-265).

Denne detalj informasjonen er i hovudsak ikkje veldig relevant for min oppgåve, men eg har likevel valt å ta den med, då den kan vere svært brukbar med tanke på vidare forsking. Til slutt vil eg nemne at Scheen har teke med at vetane vart nemnt i Sverre Soga i innbyrdeskrigane i Norge. Dette er ei samanheng som tidligare ikkje har blitt nemnt (Scheen, 1951, s. 268).

7.3.5 Ella Kivikoski - Finlands förhistoria.

Arkeologen Ella Kivikoski (1961) føya seg til tidligare teoriar, og hevda dei finske bygdeborgene har fungert som tilfluktsstad for befolkninga. På fleire av disse har det blitt funne bygningsrestar som ho meiner kan vere restar etter bustaden for ein eventuell borgvakt. Bakgrunnen for denne hypotesen er:

Om man antar att borgarna har utgjort en sammanhängande bevakningskedja(...)och att man kunnat signalera med kasar från borgberg til borgberg vid fientliga hot, måste de även haft ett fast mannskap (Kivikoski, 1961, s. 255).

Kivikoski viser til at dei fleste borgene det er gjort undersøkingar på har yngre jarnalder og vikingtidsdateringar men ho understreker at undersøkingane av bygdeborgene har vore liten (Kivikoski, 1961, s. 254).

7.3.6 Jens Storm Munch – Borg og bygd: Studier i Telemarks eldre jernalder

I Norge ser ein likande trekk i Jens Strom Munchs artikkel *Borg og bygd: [studier i Telemarks eldre jernalder]* (1965) der han bygger vidare på relasjonen som har blitt skapt mellom Vetar og bygdeborger

Den eneste form for varsling som kan komme på tale i folkevandringstiden, er vel signalering med bål fra borg til borg. Det system av varder eller veter som vi kjenner her i Norge, går ikke lenger tilbake enn til sagatiden. Systemet er imidlertid så enkelt at det meget godt kan være eldre. Når vetene nevnes i sagaene, er det også på en måte som tyder på at de har eldre tradisjoner (J. S. Munch, 1965, s. 128-129).

Videre skriver han

Her kommer dessuten et annet forhold til. Det er forbausende hvor mange bygdeborger som ligger på gjelltopper som enten heter et eller annet med varde/vete,

eller hvor tradisjon forteller at det har vært slike. Det hele er så påtagelig at tanken om en sammenheng presser seg frem. Men tanken krever også at man må godta teorien om et forsvarssamarbeide som omfatter større område enn den enkelte bygd of den ene borg (J. S. Munch, 1965, s. 129).

Munch hevdar at teorien om at det har eksistert eit forsvarssamarbeid mellom bygdeborgene

7.3 Ulike disiplinar, ulike varslingssystem?

På starten av 1900-talet byrja dei fyrste artiklane om veter opp i både Noreg og Sverige. Då var det hovudsaklig historikarar og lokalhistorikarar som skreiv om veter. Etterkvart vart emnet også relevant for arkeologien og språkvitskapen. Etter 1930 auka talet på artiklar frå språkvitskapen og arkeologien drastisk.

Bygdeborgforskinga heng sterkt saman med teorien om at bygdeborger er tilfluktsborger. Framleis finst det ikkje arkeologiske materiale som kan bekrefte eit slikt samband. Samstundes har tradisjon og stadnamn spelt ei rolle i tolkingane.

Stadnamnforskinga var ei ny grein innan språkforskinga på starten av 1900-talet. Moderne nordisk namnforsking heng saman med utgivinga av Olaf Ryghs Norske Gaardnamn. I 1930 vart den første professor i nordisk Johan Sahlgren innsett, og Ivar Mödeer skal ha blitt den fyrste dosenten hans (Moberg, udatert).

Inna språkforskinga har ein i hovudsak teke føre seg stadnamn som finst langs kysten, der eit samband med leidangen har våre drøfta i større grad.

På slutten av 1800 talet og byrjinga av 1900 talet vart nordistikken ein viktig del av den svenske språkforskinga, og nokon tiår seinare vart stadnamnforskinga ein viktig del av lingvistikken, mellom anna gjennom Jöran Sahlgrens arbeid, og grunnlegging av tidsskrifta *Namn och Bygd*. I ein artikkelen *Vaxala och Vaxhälla* (1913) kopla Sahlgren det svenska stadnamnet Vaxala til ein vetelokalitet gjennom ei etymologisk gransking, utan å gå nærmare inn på historiske forhold.

Stadnamnforsking i tilknyting til veter har stort sett blitt føretatt i Sverige, men dei svenske forskarane ofte har teke med både dei norske og danske terminologiane i sine utgreiingar. Gjennom arbeida til mellom anna Ivar Modéer (1937, 1939, 1941), Bertil Ejder (1962) og Bertil Ohlsson (1939b) og Nils Gustav Stahre (1952, 1986) har ein fått eit utvida perspektiv på dei sør-skandinaviske varslingssistema.

Ivar Modéer var utdanna innan geografi, nordisk språk og historie, noko som gav han eit godt utgangspunkt for å studere andre sider ved stadnamn enn dei reit etymologiske, og som kunne knytast både til natur- og kulturelle kontekstar. Han vart den første dosenten i *Nordisk ortnamnsforskning*, ved universitetet i Uppsala under Sahlgrens professorat. Hans kjennskap og fokus på stadnamns bakanforliggande natur og kultur og belysning gjennom levesett og førestillingsverden gjorde hans arbeide både lett forståelig med illustrasjonar fotografiar og kart {Moberg, udatert #238}.

I denne perioden er det fleire aspekt som går att:

Geografisk plassering og utstrekking: I denne perioden vert lokale områder, distrikt eller landskap gjenstand for undersøking gjennom ord-geografiske studiar i Sverige. Ordgrupper som böte, kummel etc. vert undersøkt. Ved å finne utstrekking av disse ordgruppene, vart det utforma teoriar knytt til opphav og spreiing

Alder: Vetane vert i større grad sett i samband med bygdeborger både i Sverige og Noreg. Utover dette vert dei ofte knyt til starten av vikingtid langs den svenske austkysten, og ca. 1200 AD i Finland.

Konstruksjonsmessige beskrivingar: Fleire konstruksjonsmessige beskrivingar vert presentert, men dei er i hovudsak referansar til Modin eller tidligare beskrivingar. Dei skil seg ikkje ut ifrå tidligare skildringar. Veten vert beskrive som ein pyramideforma konstruksjon, med opning for eldpåsetting. Vaktstova vert også sildra som ei mindre hytte med 4 veggar og gluggar i alle retningar. Ofte bygd av tømmer eller tre.

Terminologi: I Noreg er det omgrepene *vite* eller *varde* som vert brukt. I Sverige vert böte no sett på som ekvivalenten til *viti* samt at det gjennom stadnamnvitskapen vert presentert fleire potensielle stadnamn som kan vise til vitar, mellom anna kummel, men også bavn i sør Sverige.

Organisering: Ein skil mellom statleg organiserte system ved ca 800-900 og system i tilknyting til bygdeborger.

Kjelder: Stadnamn vert eit viktig kjeldemateriale, og disse vert ofte funne i ulike skriftlege kjelder. Kartmateriale vert viktig i denne samanhengen. Framleis er skriftlege kjelder som landskapslovane viktige, då dei nemnar namns som *böte*.

Kapittel 8

Jakta på Viten Forskingshistorisk analyse del IV.

1970 – 2013: Bygdeborger og kystforsvar

8.1 Veten i arkeologisk forsking på bygdeborger og ferdsselsvegar på sjøen

Fram til 1970 har vi sett at vitar oftast har blitt relatert til bygdeborgforskinga. Det meir kystrelaterte systemet har i større grad blitt granska av stadnamnforskinga og historiefaget. På 70 er vert vetesystem i tilknyting til bygdeborger framleis studert av arkeologar, men samstundes vert tematikken teke opp innan den maritime arkeologien. I dette kapittelet vil eg presentere nokon av dei hypotesane og teoriane som har prega den nyare forskinga. Til slutt i kapittelet vil eg oppdatere med ein forskingstatus.

8.1.1 Arnvid Lillehammer – Norske Borger og Forsvarsanlegg frå jernalderen

Arnvid Lillehammers artikkel *Norske Borger og forsvarsanlegg frå jernalderen* (1972) er basert på hans prøeforelesing for hans magistergradsavhandling i arkeologi. Artikkelen er ei oppsummering av bygdeborgforskinga i Noreg og hans målsetting er å ”*summera opp det vi i dag veit om norske borgar og forsvarsanlegg frå jernalderen*” (Lillehammer, 1972, s. 29). Utifrå teoriane om at bygdeborgene skulle ha hatt ein militær forsvarsfunksjon reflekterer Arnvid Lillehammer (1972) rundt mogelege orsakar til dette. Det kan ha være krigerske herjingar på starten av det første århusenent, då ein felles fiende utanfrå kan ha ført til ei politisk semje og organisasjon, der borgbygging og eit varslingsystem vart bygd for eit felles vern (Lillehammer, 1972, s. 39).

Denne teorien bygg vidare på mogeligheta om eit samband mellom vitar og bygdeborger som tidligare hadde blitt hevda av både svenske og norske arkeologar.

8.1.2 Olle Lorin – Fornborgar och bevakningssystem i Rekarnebygden

I Olle Lorin avhandling *Fornborgar och bevakningssystem i Rekarnebygden* (1978) tek han opp teorien om at fornborgene skal ha vore forhistoriske forsvarsanlegg der veter skal ha inngått som eit ledd mellom borgene. Ved hjelp av kart, stadnamn, tradisjon og eit felteksperiment med lommelykter, observerte han eit samband mellom borgene i Eskilstuna i Sverige. Han meinte å ha funne fleire potensielle siktelinjer mellom borgene. Han legg til at disse ikkje nødvendigvis har våre brukt samstundes, men at dei viser til potensielle varslingssystem. Disse forbind han også med røyser i området, som han tolkar som botnar for vetane (Lorin, 1978, s. 47). Til tross for at han vedgår at det ikkje finst bevis for at slike signalsystem eksisterte i Norden i forhistorisk tid konkluderer han med fyljande utsegn :

Det verkar alltså som om bevakningssystemet i Rekarnebygden under forhistorisk tid skulle ha varit väl utvecklat med ett flertal olika signalhuvudsystem, gående i N-S, O-V samt VNV-ONO (Lorin, 1978, s. 53).

I dessa bevakningssystem har ingått såväl fornborgar som vårdkasar, belägna på höga och strategiske punkter (Lorin, 1978, s. 53).

I det første utsegne *verkar* det som om eit vaktssystem har våre vel utvikla. I det andre utsegne *har* fornborgar og veter inngått i desse vaktssistema. Lorin viser mellom anna til Gunnar Gihl (1918) tidlige teori om eit slikt samband.

8.1.3 Ole Crumlin Pedersen – Søvejen til Roskilde m.fl

I 1978 kom Ole Crumlin Pedersen ut med sin bok *Søvejen til Roskilde* (1978). Mellom anna Christer Westerdahl merka seg dei viktige spørsmåla som Crumlin-Pedersen (1989) stilte i samanheng med oppkomsten av av våre eldste byar frå eit maritimt synspunkt (Westerdahl, 1989, s. 17). Om sitt forskingsfokus skriv Crumlin Pedersen føljande:

I dansk arkæologisk og historisk-topografisk forskning er der en gammel tradition for at interessere sig for sporene af fortidens samfærdselslinier på landjorden. Hulveje, vadesteder og broer kan ofte påvises i stednavnene eller direkte i landskapet, eller de dukker frem ved udgravinger bl.a. langs vore vandløp. Derimod er der ingen tradition for udforskning af søvejene, selvom langt den overvejende del af transporten af personer og varer over længere strækninger gik over vandet i tiden helt frem til 1800-tallet, og selv om søvejen engang var af lige så stor betydning for placeringen av vore første byer, jernbanen i forrige århundrede og bilvejene i dette århundrede har været

for fremvæksten af industri og bymæssig bebyggelse (Crumlin-Pedersen, 1978, s. 3-4).

Sentrale kjelder i Crumlin-Pedersens (1978) avhandling var stadnamn og kystrelaterte kulturminner eller spor etter gamle ferdselsvegar som for eksempel sperringar, bruer, ferjer, veter, hamner marknad og byar (Crumlin-Pedersen, 1978, s. 24, 48, 61).

I Danmark har ein i tillegg til *bavn* systema kjent til eit vaksystem der ryttarar har ført bod om fiendar vidare. Dette har vore kjent som Warth-system og er skrive om av mellom anna La Cour (1972). Crumlin Pedersen (1978) var derimot av den oppfatning at eit system med riddarar ikkje kan ha våre effektivt nok.

Overfor en indtrængende fjende, der i værste fald nærmer sig med en sådan hastighet, er der ingen mulighed for at basere et varslingssystem på rytttere eller lign. Her kunne kun et optisk signalsystem bringe meldingen om fjendens anmarch tilstrækkeligt frem som et stridsbud, vi møder beskrevet i skjaldeversets strofer i Grottesangen fra Snorres edda (Crumlin-Pedersen, 1978, s. 50).


Han refererer i liknad med Arbman (1942) til *Grottesongen* frå den Eldre Edda, der vetane er nemnt. Han viser også til fleire svenske og finske arkeologar som har relatert varslingssystem til bygdeborger, mellom anna den finske arkeologen Ella Kivikoski (1961) som vi allereie har våre inne på.

Crumlin-Pedersen utaler det slik:

I Sverige og Finland har arkæologene enkelte steder søgt at udrede varslingssystemene og deres eventuelle sammenheng med de mange tilflugtsborge fra forhistorisk tid (fornborgene) og med centralbygdene (Tuna- og Husby-stederne). Disse undersøgelser tyder på, at der måske allerede i romersk jernalder i visse områder har væet en sterk centralmagt med en militær organisation, hvor betroede kongens mænd har siddet på de strategiske viktige punkter med funktioner bl.a. som vagt- og varslingsposter, anbrakt i næsten retliniede lange forløb (Crumlin-Pedersen, 1978, s. 51).

Til tross for teoriane om ei samanhengane med bygdeborger og veter har Crumlin-Pedersen i fleire verk vist til det kystnære sambandet mellom seglingsleda og dei mange stadnamna på *bavn* i Danmark (f.eks Crumlin-Pedersen, 1978, 2010, Crumlin-Pedersen, Porsmose, Thrane, & Binderup, 1996).

Crumlin-Pedersen hevdar at stadnamna som ein finn langs sjøvegen til Roskilde må vere lokale varslingsstasjonar, som seinare har blitt knytt opp mot eit større sentralstyrt Warth system (Crumlin-Pedersen, 1978, s. 52-55). Han tek oppatt sin hypotese i boka *Archaeology and the sea in Scandinavia and Britain* (2010) der han sett eit systemet saman med seglsperringar. I samband med landskapsstudiar og kombinasjon med stadnamn viser han til at to forskjellige system opererer saman. Warth lokalitetar viser hovudlinjene langs fjorden, medan bavn-lokalitetane var lokale stasjonar som enten kunne formidle signal til eller ta imot signal fra Warth lokalitetar. Han vedgår at dette framleis berre er ei hypotese, og at ingen systematiske arkeologiske undersøkingar har blitt gjort på området (Crumlin-Pedersen, 2010, s. 131-132).



Figur 8.1: Hypotetisk signalsystem basert på Warth og Bavn namn langs Roskildefjorden. Dei lange linjene viser warth-lokalitetane, medan dei kortare linjene viser dei lokale bavn-lokalitetane (Crumlin-Pedersen, 1978, s. 53).

8.1.4 Engström - Torsburgen

I Engströms avhandling *Torsburgen* (1984) hevdar han, med støttereferansar til mellom andre Lorin (1978) hypoteser, at eit forhistorisk varslingssystem på Gotland er svært sannsynlig. Engström skriv mellom anna:

Att utifrån detta bevisa att vårdkasar använts på Gotland under förhistorisk tid går inte. Det måste emellertid anses som ganska sannolikt. Det förefaller onaturligt att man inte utnyttjat detta enkla och effektiva larmsätt i det landskap som så väl passar till en sådan signalisering. Det måsta anses som uteslutet att gutarna inte känt till vårdkasesystem på andra håll som i svearnas kärnområden (Engström, 1984, s. 110).

I sitatet over kan ein spore utsegnsmodalitetar som er med på å styrke sannsynet for ei slik koppling.

Engström (1984) retorikk gir liten mulighet til å tvile på hans argument, til tross for at dette berre er ei hypotese som bygger på tidligare refleksjonar om varslingsystemas relasjon til bygdeborger (f.eks Dreyier, 1948, Lorin, 1978). Han hevdar likevel at det ikkje ligg nokon kontinuitet bak dette, men at det må vere eit resultat av ein lik taktisk tankegong (Engström, 1984, s. 110). Stadnamn på bøte finst ikkje på Gotland, men han viser til andre stadnamn som kan relaterast til varslingsfunksjon, mellom anna Val og Ward namn. Han har også merka seg at det i historisk tid har blitt nytta vitar der, og at dei i stor grad har stått på eller ved fornborger (Engström, 1984, s. 110). Vidare viser han til leidangsorganisasjonen og Hafströms tidlige dateringar til 800-900-talet (Engström, 1984, s. 111).

8.1.5 Pär Hansson – Samhälle och jarn i Sverige under järnålderen och äldre medeltiden

I Hanssons doktorgradsavhandling *Samhälle och järn i Sverige under järnåldern och äldre medeltiden* (1989) er ikkje argumenta ulike dei vi ser hjå Engström (1984). Hans hypotese om tidlige varslingsystem på Närke gjer ikkje forsøk på å vere meir enn nettopp ei hypotese. Hansson (1989) baserar seg i stor grad på stadnamnforskingas resultat, og spesielt til Hellberg (1979), i søkande etter stadnamn innafor sitt undersøkingsområde. Hans hypotese er ikkje ulik Engströms, og skriv mellom anna:

Det ligger nära till hands att anta, att ett vårdkassystem varit integrerat i ledningsorganisationen. Men det kan också tänkas vara av äldre ursprung än denna och eventuellt inpassats i ledningsorganisationen (Hansson, 1989).

Hansson (1989) sikrar sitt utsegn ved å refererer vidare til Engström (1984), Lorin (1978), og Lindell (1934) som alle tidligare har lagt fram hypotesar om eit slikt samband. Han spør også om vitanes siktlinjer kan ha påverka jernalder-busettinga. Han innser også at kjeldene for å kunne bevise eit slikt samband er magre, men hevdar at tradisjon kring Valborgsmesser eller årseldar *kan* gi indikasjonar om eit samband mellom vitar og fornborger. Han baserar seg likevel i hovudsak på stadnamnmateriale og kartstudiar, då han hevdar ein feltundersøking er for omfattande. Han samanfattar sin hypotese med følgjande utsegn:

Materialet får dock ses som ett råmaterial för vidare bearbetning. Tolkningarna av ortnamnsbeläggen är i flera fall osäkra (Hansson, 1989, s. 26).

8.1.6 Christer Westerdahl – The cognitive landscape of naval warfare and defence m.fl

Arkeolog Christer Westerdahl er kanskje den som har skrive mest om dei skandinaviske varslingsystema. Han har også vist til korleis veten inngår som ei viktig kjelde til det maritime kulturlandskapet i *Norrlandsleden* (1987, 1989). Her viser han til dei ulike vete-namna eller terminologiane som er knytt til dei. Han hevdar i liknad med Modéer (1937) at dei tre ulike namn-leda kan knytast opp mot veta, ”bevakningsplassar” eller ”utkikkspunkt” i dei tre Skandinaviske landa. Den vestnordiske *viti* (vite), den svensk/finlandsk *böte* og *bavn* (Baken) som opptrer i Danmark. Han viser også til den meir generelle termen *vard(e)* som betyr vakt. Denne finn ein i heile Skandinavia.

Eit viktig stadnamn som kan skildre vetens platå eller fundament i Sverige kan vere *röse* eller *kummel*. Westerdahl viser til ein stor del av namnforkarar som har bidrige til vete-litteraturen (Westerdahl, 1989, s. 172-173). Han hevdar mange av dei ulike stadnamna kan gå tilbake til leidangorganisasjonen, og andre kan også vere eldre. Men tek opp problematikken med å datere disse stadnamna, samt plassere dei i hierarkisk struktur for eksempel mellom dei som har fungert som lokalforsvar.

Han sluttar seg også opp om teorien om at enkelte kan ha ein sekundærfunksjon som sjømerker. Han avsluttar med å spørje korleis disse denne kjeldekategorien bør handterast:

Viktig ur maritimhistorisk synspunkt är ochså deras nära tillknyting till sjöforsvaret, fastän det är svårt att avgjöra hur detta förhållande skall tillämpas (Westerdahl, 1989, s. 178).

Likevel er hans viktigaste arbeid knytt til veta artikkelen *The cognitive landscape of naval warfare and defence. Toponymic and archaeological aspects* (2002). Her tek han føre seg stadnamn i det skandinaviske landskapet som kan vise til maritim krigføring i mellomalderen. Han kallar det ei kognitivt landskap:

The cognitive landscape is one aspect of the maritime cultural landscape, permeating and illustrating all the others. Above all it consists of onomastic or typonymic material, i.e. the place-names (Westerdahl, 2002).

Eit kognitivt landskap er ei systematisering av menneskets plass. Ei form for mentalt kart der forskjellige formar for kategoriar kan utskiljast, som for eksempel rituelle landskap eller økonomiske landskap. I dette tilfellet vil maktlandskapet, eller eit ”landscape of resistance”, eller territorialt landskap (Westerdahl, 2002, s. 169).

Han tek føre seg fleire stadnamn i det skandinaviske landskapet som kan relaterast til disse kategoriene, stadnamn som kan relaterast til leidangen. Dette er kan vere stadnamn som refererer til krigsskip, båthus/naust eller seglsperringar. Vetenamn er også ein del av disse. Han viser til dei mange stadnamna som kan relaterast til nettopp vetenamn som ein finn langs store delar av kysten i Norge, Sverige og Danmark der viti, bavn og böte er dei vanligaste. Han diskuterar fleire problem med desse kjeldetypene:

Unfortunately, the dominant position of any such beacon-hill or rock gave rise to a lot of secondary beacon names (bavn, böte, viti etc) on other prominent outcrops, in fact with no foundation in reality. This process continued in fairly modern times, when the system of beacons was definitely “out”. The end of the system covers the period from c 1800 up to, and in some cases including, the 1850s (the Crimean War). A contributory factor to new naming was the use of high places for the traditional festive fires for Walpurgisnacht, Easter or maybe Midsummer, depending on local customs. Also here it is accordingly necessary to get as early an occurrence of the name as possible, at least before 1800 (Westerdahl, 2002).

Med dette utsegne kan han problematisere dei tidligare tolkingane av liknande feiringar med bål på fjell som tidligare har blitt tolka som kjelder til opphavlige vetestadar. Ved å referere til studiar av Modéer(1937), Ejder (1962) og Ohlsson (1939) viser han korleis stadnamn speglar eit maktlandskap, eller eit forsvarslandskap langs frå mellomalderen langs det skandinaviske kystlandskapet, der disse terminologiane er spreidd. Også meir generelle namn som kan knytast til varslingsmetoden, som: Vord, Val, Vård og Vår finst i store område, spesielt på kusten av Helland. Han viser også til feilkjelder der meir generelle namn som kase kan førekome på ferjestadar eller som sjømerke (Westerdahl, 2002, s. 180).

Til slutt viser han til potensialet slike namn kan ha for identifiseringa av eit kystbasert forsvarssystem:

With this distribution of three terminologies in mind we may surmise the establishment of coast-oriented defence system along with the stat formation process

in Scandinavia. The beacon names could in certain name-milieus (notably "AC-sites") or in the proximity of blockages contribute to the localization of boathouses (Westerdahl, 2002, s. 180).

8.1.7 Fredrik Skoglund - *The coastal defence in Scandinavia*

Skoglund masteroppgåve; *The coastal defence in Scandinavia: the military organization in the Viking- and Early Middle Ages.* (2002) tek også føre seg det skandinaviske kystforsvaret i mellomalder og vikingtid. Han viser til tre "system" som han hevdar har vore ein viktig funksjon i denne samanhengen, nemlig leidangen, signalsystemet og seglsperringar. Han viser til at historia frå sogene om Håkon den godes innføring av vetesystemet, og viser til at dette har våre eit omdiskutert tema. Sjølv hevdar han lokale system mest trulig har eksistert tidligare, men at Håkon institusjonaliserte og organiserte eit militært system og inkluderte det i lovverket (Skoglund, 2002). Han viser også til konstruksjonen av vetane med referansar til mellom anna Westerdahl og Scheen, som vi har sett tidligare. Viktige kjelder til lokalisering er som vi har sett hjå tidligare forskrarar, stadnamna bôte, viti og bavn i skandinavia.

8.1.8 Håvard Dahl Bratrein – Graverapport - Vetten, Karlsøy, 46/1 Karlsøy

Ein av dei få dateringane som finst på veta i Noreg vart gjort av Håvard Bratrein (2003) i 2003. På fjetlet Vetten på Karlsøya identifiserte han ei tuft som han tolka som ei gammal vakthytta. Han fant også staden der han meite ein vete må ha stått. Han sette eit prøvestikk i tufta på 20x40cm. Torvlaget var på 14cm deretter låg det kulturblande jordlag på ca 18cm over berget. I laget fant han dyrebein, eit stykke flint og ein jernkrok og ein bearbeida kval-bein. C14 prøvene frå kulturlaget viste 1280-1380 AD. På staden han identifiserte som veteplass fant han også eit kollag under torva. Dette var på 10cm, og dateringane på kollaget var på 1245-1300 (Bratrein, 2003).

8.1.9 Tryggve Bernt – Bygdeborgene: tid for revurdering? en analyse basert på fire bygdebørger i Øvre Eiker, Buskerud

Eg vil kort nemne Tryggve Bernts Masteroppgåve; *Bygdeborgene: tid for revurdering? en analyse basert på fire bygdebørger i Øvre Eiker, Buskerud.* (2012) der

han ser på bygdeborgenes relasjon til eventuelt vetesystem. Han har tatt føre set vetanes konstruksjon med tanke på varmeutvikling og brannfare. Han tok utgangspunkt i vetanes kjente konstruksjon, og vurderte den opp mot bygdeborgenes storleik og eventuell brannfare. Bernt meinte at denne risikoene var for stor og avviste at dermed teorien om at ein vete kan ha stått på bygdeborgene (Bernt, 2012, s. 61-62).

8.1.10 Andre forskarar som har nemnt vetane

Også Arkeologen Jytte Ringtved (1999) hevdar at eit godt organisert varslingssystem i Norden berre kan ha eksistert i historisk tid. Hun viser også til stadnamnforsking, der Ejder (1962) har drøfta namn i skåne og sørkysten av Sverige. Ho viser også at signalet skulle gå frå sør til nord på 7 dagar (Ringtved, 1999, s. 368).

Bergliot Solberg nemnar *vardar* i sin bok Jernalderen i Norge i samband med utgreiinga av arkeologiske studiar av Leidangen:

Det ble også etablert en meldetjeneste, et system av vadar, langs hele kysten. Det skulle settes vakt så snart det gikk rykter om ufred. Når vardeilden ble tent, ville varselet i løpet av en uke ha nådd langt nord i Hålogaland (Solberg, 2003, s. 303).

Det kan også i denne samanheng nemnast at i ein studie av fornborger på Halland i Sverige, viser Ida Johansson (2011) til Engströms (1984) undersøkingar ved Torsborgen. Ho skriv fyljande:

Eftersom det saknas studier gällande de halländska fornborgarna så kanske paralleller kan dras till en studie gjord kring fornborgarna i Eskilstuna. De hade direkta siktlinjer mellan varandra och kunde därmed signalera till varandra (Johansson, 2011).

Johansson framstiller Engströms teori som sann, og skapar ein utsegnsmodalitet som bekrefta eit samband mellom fornborger og vetrar.


8.2 Vetrar i historiefaget

Innan historiefaget er det også vert å nemne at Ersland (1999, 2000) og Knut Helle har vist til relasjonen mellom eit mellomaldersk varslingssystem. Spesielt Ersland generaliserer omgrepet varslingssystem ved å kople det opp mot nyare tids bruk av vetrar på 1800-talet.

8.2.1 Knut Helle - Gulatingslova

Historikar Knut Helle fokusera i hovudsak på relasjonen mellom vetane, leidangen og Gulatingslova i sin bok *Gulatinget og Gulatingslova* (Helle, 2001). Helle skil mellom to formar for landvern. Spontant landvern mot ein fiendehær som nærma seg lagdømet, og kongelig mobilisering mot ein fiende som var lenger borte. *Varslingssystemet* skulle gjelde for begge formane. Helle (2001) går ikkje inn på vetanes alder. Han brukar omgrepene *vete* og *varslingssystemet*, og relaterer det til . I tillegg viser han eit kart av lokalitetar basert på stadnamn på vete, varde, samt tradisjon og bygdebøker.

Han hevdar namn på vete *kan* gå tilbake til mellomalderen, men seier at dette ikkje alltid treng vere tilfelle. Vardenamn meina han har erstatta tidligare veteranamn og er yngre (Helle, 2001, s. 161-162).



Figur 8.2: Kart over varslingslokalitetar på vestlandet. Basert på tradisjon og stadnamn. (Helle, 2001, s. 162)

8.2.2 Geir Atle Ersland - Forsvaret : frå leidang til totalforsvar

Ersland har skrive om vetanes rolle under den norske leidangen i avhandlingen *Forsvaret : frå leidang til totalforsvar* (1999) der han byrjar med å greie ut om problematikken med varslingsordninga som vart satt i stand av Håkon den Gode. Han viser til sogelitteraturens beskriving i *Heimskringla* og *Fagerskinna* om at det vart satt dødsstraff for dei som tente veten utan at det var grunn for det. Eit av Erslands poeng er at det nettopp nett det at vetane ikkje berre var eit vellykka system:

Sjølv om organiseringa av krigsvarsel ved hjelp av veter i sagaene står i umiddelbar tilknyting til leidangen, slår det ein straks at vetane på ein heilt annan måte enn leidangen er integrert i sagaen. Innføringa av veteordninga er innvevd som eit vesentlig element i opptakten til Håkons siste slag mot Eirikssønene. Trekkjer vi ut forteljinga om problema veteordninga skapte, fell vesentlige delar av forteljinga frå kvarandre. Der vi for leidangens del kan drøfta om denne verkeleg vart innført av Håkon den gode, eller om ordninga vert tillagt denne kongen for å byggja opp om bildet av hans kløkt og dugleik, ser vi at bruken av veter viser det motsette. Ikkje alt Håkon gjorde var like vellykka. At sagaen tek dette med når hovudtendensen er å framstilla det positive ved Håkons kongegjerning, styrker trua på at Håkon verkelig innførte ei veteordning (Ersland, 1999, s. 50).

Ersland (1999) hevdar med dette at soga om Håkon den gode og innføringa av veter må vere sann. Han viser i liknad med Olafsen, og Helle at det likevel berre kan vere snakk om vestlande, og at det mogelig har blitt forlenga sidan av andre allierte . Vidare viser han til at metoden er kjent frå austersjøen i mellomalderen. Han viser også til vicens konstruksjon basert på nyare kjelder, noko han meina må vere uproblematisk. Han beskriving er lik dei vi har sett i andre samanhengar:

Ein vete vart satt opp av runde stokkar på opp til fem meter. Stokkane vart stabla i kjegleform, slik at det vart eit stort holrom i midten. Veten vart tend frå dette holrommet. Frå innsida var veden alltid tørr, og konstruksjonen gav god trekk frå bakken og opp mot toppen. Veten ville på denne måten fatna svært fort og flammene slå høgt opp, slik at den tente føremålet å vera godt synleg til neste vete. Mange veter hadde eit fundament av stein, eller ein steinring rundt nedre del av veten. Frå seinare tider veit vi og at vetestadane hadde eigne vakthys eller hytter der vaktmannskapet hadde ly. Også slike må vi rekne med har funnest i den eldste tida (Ersland, 1999, s. 56-57).

Ersland nyttar seg både av sogelitteraturen og landskapslovane, og han viser også til Sverre soga, der vetane er nemnt (sjå vedlegg 1), og han hevdar at den var av ein annan karakter enn den som stend i lovene. Soga viser at vetane kunne nyttast i innbyrdesstridane, og at den var mykje meir fleksibel enn det som lovverket presenterer. Ersland fortsett med at Veteordninga må ha vore vedlikehalden og utbygd etter Håkon den gode innførde ho, og at den må ha våre fullført langs kysten innan landslova vart skriven i 1274 (Ersland, 1999, s. 60).

Som vi ser hevdar Ersland at *vetesystemet* vart innført av Håkon den gode. Han seier ingenting om at den kan ha våre eldre.

8.3 Forskingsstatus

Eg har no gått gjennom ei stor mengde litteratur der eg i hovudsak har prøvd å analyserer spørsmål knytt til mine problemstillingar. Eg har dessverre ikkje hatt mogelighet til å gå djupare inn i avhandlingane, sjølv om det er mykje meir interessant å finne ut om korleis forskinga har teke føre seg dei gamle varslingssystema.

Slik eg ser det finn ein to forskjellige ”system” som forskinga har konsentrert seg om. Det eine er eit riksomfattande system som kan knytast til leidangen. Den andre er mindre system som i hovudsak har blitt relatert til bygdeborgene. Disse er eldre enn dei historiske systema, og går ofte tilbake til overgangen mellom eldre og yngre jernalder. Innan bygdeborgforskninga heng relasjonen til eit varslingssystem sterkt saman med teorien om at disse skal ha hatt ein militær funksjon, der varslingssystem mellom bygdeborgene skulle kunne signalisere bodskap om fiendar eller ufred.

Varslingssystem knytt til leidangen er ikkje granska av arkeologar i like stor grad, men enkelte har våre innom temaet, mellom anna Crumlin-Pedersen (1978, 2010, 1996) og Christer Westerdahl (1989, 2002, 2011). For begge disse forskingsområda, eller diskursane har stadnamnforskninga og den tidligare historieforskninga spelt ei viktig rolle. Stadnamn er ei av dei viktigaste kjeldene som vi har for å kunne påvise vetelokalitetar i dag, men dessverre er dei arkeologiske undersøkingane minimale. Den einaste undersøkinga eg kjenner til som er gjort i Noreg, og Skandinavia er Håvard Dahls Bratreins (2003, 2005) undersøking av veten på Karlsøya i Troms. Denne undersøkinga viste at det kan vere gode bevaringsforhold for både gjenstandsfunn og kulturlag i strukturar på fjellet.

Innan historieforskninga har det våre ein nedgang på veteforskninga, men både Knut Helle og Geir Atle Ersland har dei siste 10 åra kome med gode bidrag både i forhold til analyser av skriftlege kjelder av sogelitteraturen og landskapslovane. Det store kunnskapsholet med tanke på ein breiare kunnskap om vetane er dateringa av dei mange vetefjella som finst både i Noreg og Sverige. Dateringa av stadnamn av denne typa er problematisk, då ulike varslingssystem har våre brukt i Norden vertfall sidan Gulatingslovas tid på 1100-1200-talet. I neste kapittel vil eg diskutere vidare kva eg har funne ut i analysen av forskinga.

Kapittel 9 – Diskusjon og avslutting

I denne oppgåva har eg teke føre meg dei før-reformatoriske varslingssystema. Disse varslingssystema som var meint for å sende bodskap om ufred har eksistert langs store delar av den skandinaviske kysten. Det finst ein omfattande terminologi som vi dag kan finne att i stadnamna. Dei største gruppene av namn, har blitt knytt til dei 3 skandinaviske rikas framvekst, men dei kan også finnast utanfor dagens landegrenser. I Danmark er hovudterminologien *bavn*, i Sverige *böte* og i Noreg *vete/viti*. Disse ulike terminologiane viser altso til eit nettverk av stadnamn der det tidligare har våre veta eller bål på utkikksplassar.

Gjennom forskingshistoria har eg i hovudsak identifisert 5 endringsmønster innan vitskapens merksemd på vetane:

- 1.Tida mellom 1711 og 1840 vart dei før-reformatoriske vetane for første gong systematiserte gjennom dei norgeshistoriske verk, topografiske beskrivingar og reiseskildringar. Sogelitteraturen var den sentrale kjelda i denne perioden.
2. 1840 – 1905: I denne perioden vert den moderne vitskapen til. Det er hovudsaklig historikarar som uttalar seg om dei før-reformatoriske vetane, og nasjonalismen spelar ei viktig rolle for dette kjeldevalet. På slutten av perioden vert også stadnamnforskinga meir sentral i Noreg.
3. Mellom 1905 og 1930 vart veten eit eige studieobjekt, og merksemda vart flytta frå sogelitteraturen til landskapslover og landslover. Dei store registreringane i av vetelokalitetar i form av regimentrapportar, tradisjon og minne tok til. Framleis er temaet med få unntak, studert under historieemblemet. Vetar vert også eit interessefelt innan lokalhistoriske tidskrifter.
3. Frå 1930 – 1970: talet byrjar språkvitskapen og arkeologien å engasjere seg meir i varslingsmetoden. Språkvitskapen er gjort nesten utelokkande i Sverige. Store topografiske registreringar vert gjort langs Sveriges sør og austkyst, og nye

stadnamnkategoriar som kan knytast til vetar vert presentert. Innan arkeologien er det framleis vetar i tilknyting til bygdeborger som dominerer, men dei vert også diskutert i tilknyting til leidangen.

4. 1970 – 2013: Vetane vert studert både innan arkeologiens bygdeborg og leidangsforsking, og innan norsk historie. Perioden er prega av noko meir kritikk av tidligare forsking. Språkforskinga i Sverige er i mindre grad representert.

På 1700 talet var sogelitteraturen den sentrale kjelda for kunnskapen om dei gamle varslingssistema, og tolkingar vart gjort på grunnlag av den. Oppfatningane var i hovudsak at vetane var *eldgamle*, eller *gamle skikkar* som gjekk so langt tilbake som til Kong Hertjof, som skal ha levd ein gong mellom 500-700 AD. Kong Hertjofs bruk av vetar vert nemnd i fornaldersoga som vert kalla Gautrek soga. I fylje soga var Hertjof konge i Hordaland på vestlandet. Torfæus (2008) hevda at dei allereie då var ein *gamal skikk*. Om vetane som ein landsomfattande ”innreiing” vart eit skilje sett ved Håkon den godes organisering av eit landevernet, der vetane vart innlemma. Vetar skal då ha varsla frå den sørligaste veten til det nordligaste tinglag i Hålogaland. Den sørligaste veten vart mellom anna tolka til å vere ved Gautelva i Bohuslen (Schøning, 1773). Gjennom systematisering av sogelitteraturen på 1700-talet, vart sogene grunnlag for dei første norgeshistoriene. Slik fekk også vetane sin plass i historia. På denne tida var det ein omfattande omgrep bruk knytt til vetane. Dei gjekk mellom anna under namna; *Bål, vitar, utvarder, varder, vetter, bavne, viter* og fyre. Disse terminologiane var blandingar av lokale omgrep og danske variantar. I fylje dei tidlige forfattarane var vetane bygde av; *haugar av tørr ved, store stokkar eller trær, høge tårn eller pyramidar*. Sogelitteraturen var hovudkjelda til kunnskapen ein hadde om vetane i det klassiske epistemet. Det fanst ingen arkeologi, og heller ikkje historiefaget hadde blitt profesjonalisert. Det danske miljøet i København var ein sentral institusjon for dåtidas forskarar. Etterkvart var også det konglige vitenskaplige selskab i Trondhjem etablert.

På 1800-talet skilte historiefaget og arkeologien seg ut som eigne disiplinar, gjennom mogelighetsfeltet som kom med det moderne episteme. Til tross for dette endra tolkingane kring vetane seg lite. Nye norgeshistorier kom til, og framleis var soga om Hertjof karakterisert som den eldste kjeda. Terminologien vart derimot meir

standardisert og omgrepene *viter* og *varder* vart dominante. Dei lokale og danske omgrepene måtte vike for omgrepene som var meir knytt til soga, eller samfunnet i Norge. Framleis vart vetane sett på som *eldgamle*, og Håkon den gode, den som organiserte dei på landsnivå. I denne perioden var ikkje vetane eit eige studieobjekt. Dei fall inn under det eg vil kalle ein større historiekontekst, eller diskurs, der sogene la primissar om kva som kunne seiast om dei. Dei gamle norske lover vart etterkvart meir aktuelle, men den store endringa let vente på seg til starten av 1900-talet. I lovverke vart det også av Keyser og Munch lagt merke til Christian den IV omgreps oversetning frå *vita vorðu* til vedvarde, men dette vart heller ikkje tatt opp av diskursen før ut på 1900-talet. Spesielt på slutten av 1800-talet vart vetane også brukt i nasjonalromantiske framstillingar.

Fyrst på starten av 1900-talet kan ein tale om vetane som eit eige studieobjekt, og ein diskurs opna seg kring temaet. Sogelitteraturen vart i større grad kritisert i fagmiljøet. Den var ikkje tilstrekkelig som kjeldemateriale leger. Dette førte til at nye kjelder som landskapslovar, tradisjon og materiell kultur vart ein viktig del av kjeldematerialet. Dei store registreringane av vetelokalitetar byrja i Noreg, og tematikken vart populær, spesielt innan lokalhistoriske soge- og historielag. Ein ser også at fornaldersoga ikkje lenger fekk plass i mogelighetsfeltet for den nye diskursivee formasjonen.

Framleis vart vetane sett på som eldgamle. Dette gav arkeologien også mulighet til å knyte varslingssystem opp mot fornborger. Dette skjedde først i Sverige, deretter også i Noreg. Nye omgrep som: vetesystemet, signalsystemet etc. vart tekne i bruk, og problematikken med å skilje dei eldre frå dei yngre tradisjonane og vetelokalitetane var eit faktum. Dette vart kritisert mellom anna av Bernt Lorentzen (1933) og Holger Arbman (1942), men det vart i liten grad lagt merke til. På 30-talet vart namn i tilknyting til vetane også studert av den relativt nye stadnamnvitskapen. Nye namn kom til, mellom anna vart det hevda at det svenske böte-namnet var eit namn som kunne relaterast til varslingssystemet. Dette førte til at det vart konstruert kart som viste stadnamnas spreiing innanfor landskapet. Dette var hovudsaklig ein svensk trend. Disse karta, samt dei nye terminologiane som kunne knytast til mulige vetelokalitetar, som kummel og bål, vard, bavn etc. vart viktige verkty for vidare undersøkingar av mellom anna arkeologien og historiefaget.

Arkeologien held seg i hovudsak til å studere sambandet mellom veter og bygdeborger. Denne samanhengen var basert på 2 hovedelement. Teorien om at fornborger/bygdeborger var tilfluktsstadar eller militære befestingar, samt tradisjonen om at vetane var eldgamle. Dette skapte eit mogelighetsfelt for at hypotesar om eit samanheng kunne studerast.

På slutten av 70-talet fram til i dag vart vete-namn som kjelder knytt til fornborger i enda større grad, men også den maritime arkeologien nytta seg av stadnamnmaterialet i dei nye maritime landskapsundersøkingane. Fleire kritiske aspekt vert også presentert, ikkje minst til problematikken med stadnamna som kjelder. Stadnamn kan mellom anna byttes ut eller få relaterte namn til liknande fjell, eller gjennom tradisjonar som årseldar og jonsokfeiringar.

I dag er det lite som har forandra seg innan dei arkeologiske synspunktene på vetane. Framleis er relasjonen mellom bygdeborger og veter berre ei hypotese. Eit problem som eg viste til i diskusjonsdelen var generelle omgrep som varslingssystem, vetesystemet, signalsystemet, bötesystemet etc. Eg vil hevda at disse omgrepene har vært med på generalisere dei mange tradisjonane og stadnamna som har blitt innsamla gjennom åra. Varslingssystemet har blitt eit omgrep på eit "system" som kanskje er 1000 år gammalt. Det materialet som Olafsen (1920) og Gulowsen (1909) eller dei svenske stadnamnforskarane har samla inn, kan ikkje sjåast på som eit system. Det er forskjellige system som har endra seg med tida. Vetelokalitetar har blitt flytta, forkasta til fordel for nye. Andre har blitt til seinare på grunn av erfaring, dårlig sikt. Problem med tåke, vær og vind. Det kan vere mange faktorar som spelar inn. Ikkje



Figur 9.1. Ein original vete stend framleis på Olberg i Vestre Slidre. Det vart før nokon år sidan tilført ein del material for å halde han ved like. Foto: Jahn Børre JahnSEN

minst at kunnskapen vår om dei norske vetane i tida mellom 1300 og 1600-talet er marginal.

I innleinga viste eg til ein påstand:

I dag er sporene etter dette landsomfattende kommunikasjonssystemet først og fremst bevart i form av navn på utsiktspunkter og høydedrag i terrenget, som i stedsnavnene Varden, Vettakollen eller Skånevetan. Men, selv om kun få av de opprinnelige vetene er bevart, er nettverket av vete- og vardeåser enestående i sitt slag, og fortjener kanskje betegnelsen: Et av ”verdens største kulturminner” (Ohrem & Tumyr, 2000, s. 152).

Eg vil avslå denne påstanden, og forslå at alle vetelokalitetane som vi kan identifisere, er eit kulturminne. For å sette dei saman i ein kontekst må vi vite når dei var i bruk, og kva samanheng dei var i bruk i. For å finne slike samanhengar mellom vetelokalitetar frå før-reformatorisk tid, må det undersøkingar og utgravingar til. Dersom vetenettverket er verdens største kulturminne, vil eg påstå at bronsealder røysene langs kysten er enda større.

9.1 Arkeologiens potensiale?

Eg vil kort drøfte arkeologisk potensiale innan forskinga på veta. I dag har det ikkje blitt gjort grundige undersøkingar av nokon vetelokalitetar i Noreg. Hovudsaklig har dette med lokalitetanes plassering å gjere. I fylje innsamlingane til Gulowsen og Olafsen, skal det vere fleire stadar, der strukturar etter vaktstova har våre synlege på starten av 1900-talet. Fleire tufter etter vakthytter, og veteringar etter vetens fundament skal dei siste åra også ha blitt registrert. Eg vil derfor hevde at det finst eit arkeologisk potensiale. Men kvar skal vi byrje?



Figur 9.2 Rekonstruert vaktstove ved Olbergveten i Vestre Sildre Foto: Jahn Børre JahnSEN

9.1.1 Vetens konstruksjon

I dag veit vi lite om korleis vetane såg ut i mellomalderen. *Dersom* veter har eksistert før dette, veit dess mindre om korleis dei har sett ut. Den beste tolkinga er å sjå på dei nyare tids vetane som vi har beskrivingar av, eller som framleis stend. Det vil ikkje vere drastisk å hevde at disse etter alt å døme må ha vore relativt like tilbake til mellomalderen. Strøms beskriving av veten på Vetafjellet i Ørskog, er ein av dei beste beskrivingane vi har frå veter på 1700-talet. Eg har også vist til Erik Modins beskriving av ein vete frå Angermannsland. Beskrivingane skil seg ikkje nemneverdig ut frå veten som stend på Olberg i Vestre Slidre. Denne veten er vesentlig høgre enn Olafsen beskrivingar, men det er mogelig at veter i innlandet har våre større enn dei på kyste, med tanke på tilgangen til tømmer. Det finst ingen nøyaktig datering av denne veten men den er seinast frå starten av 1800-talet.

9.1.2 Vakthyttas konstruksjon

Vaktstovenes konstruksjon veit vi litt om, då det finst mange beskrivingar om dei, samt at det stend att ei i Nordfjord. Vakthyttene har våre små firkanta hus, med gluggar. I fylje Olafsen har dei sjeldan hatt golv, men satt rett ned på jorda eller på steintufter. Enkelte stadar, der ver og vind eller tilgangen på tre er dårlig, kan dei også ha våre bygde av stein (Olafsen, 1920).

9.2 Vegen vidare

Det enkle er ofte det beste. I Noreg er det ikkje gjort utgravingar på vetelokalitetar. Som eg har vist til tidligare, har Bratrein registrert ein vetelokalitet på Karlsøya i Troms, med gode resultat. Han gjorde både funn av kulturlag og gjenstandsmateriale som kunne nyttast til C14 (Bratrein, 2003, s. 2, 2005, s. 73-75). Datering. Ein av dei beste måtane å skaffe seg kunnskap om dei gamle vetestasjonane på er i samband med utgravingar. Ofte kan dette vere problem i fjellet, der jordlaget kan vere tynt. Steinringar i form av



Figur 9.3:Fundament på Mosvarde (Mosvandviten) I Hareid kommune Foto: Arve Eiken Nytun

fundament for veter kan vere strukturar ein kan finne i fjellet, eller tufter etter

vakhytte. Nye metodar som geofysikk kan vere interessant i forbindelse med å finne strukturer.

I alle tilfelle der det har oppstått høg varme, og varmestråling har gått i berget eller kan vere strukturar etter tuft frå vakhytte. Basisen for denne metoden er at ein sender elektrisk straum i jorda (grunnen), og signalet vert tatt imot att av ein mottakar. Desse målingane vert lagra. Med å kartlegge sonar med høg og lav motstand, er det mogeleg å identifisere strukturar under jorda (Gaffney & Gater, 2003, s. 26).

Tradisjon og stadnamn har lenge vore studert, og dei kan framleis vere svært nyttige i påvisinga av slike strukturar. Men utan dateringar av anlegga eller varslingsstasjonane er det vanskelig å kartlegge ei bestemt brukspериode, vertfall i forhold til før-reformatoriske varslingssystem.

9.3 Den som lar deg få vite

9.3.1 Den vestnordiske vete-terminologi

Omgrepsbruken på vetane ser ein har vore relativ vid. Omgrep som; *Bål/pyræ, vitar, utvarder, varder, vetter, bavne, varer* og *fyre* vart alle brukt om bål-konstruksjonen. På 1800-talet stabiliserte den seg kring omgrepa *vite* eller *varde*, og gjerne begge samtidig. Det er i hovudsak disse to omgrepa som har gått att i forskinga i Norge heilt fram til i dag i. Ein ser at omgrepet *varde* har fått mykje kritikk (Modin, 1908, s. 56), og det har blitt hevda at dette var ei missforståing frå Christian den IV's omsetting av lovverket i 1609 (f.eks Olafsen, 1920, s. 70, Scheen, 1951, s. 238). Han skal ha omsett det opphavlege omgrepet som ein finn i dei gamle landskapslovane og landsloven; *vita vorðu* (som betyr vete vakt) til *vedvarde*.

Ei god tolking av det første leddet i *vita vorðu* har likevel ikkje blitt føreslått. Ut ifrå dei observasjonane eg har gjort meg av dei forskjellige dialektiske formane, samt namn på vetefjell i Noreg som f.eks. *veten*, *vitens* eller *våttan* (f.eks Gulowsen, 1909, Olafsen, 1920, Skoglund, 2002), har eg kome fram til ei hypotese om at namnet kan kome frå ei substantivform for verbet, å *vite*. Dette verkar kanskje som ei sjølvfylje, men innan forskingshistoria har eg ikkje funne tilfredstillande forklaringar på ordet *vete*, som i seg sjølv er interessant då Christian den IV har fått mykje kritikk for å oversett *vete* til *ved*. Kva er alternativet?

Innan forskjellige norske dialektar finn ein mellom anna verbet, *å vete* (på vestlandet), *å vite* (på Austlandet), *å våttå* (i Midt Noreg/Trøndelag) i samanhengen med *å vete om noko* eller *å vere merksam på noko* (Skoglund, 2002). Innan disse område har varslingsstasjonane ofte stadnamn som tilsvara disse dialektane utale, som for eksempel *Våttåkammen* og *Våttåsen* i Trøndelag, *Lidaveten* og *Gamlemveten* på Sunnmøre. Her finn ein også stadnamnvarianten *Veten* som simpleksord på fleire fjelltoppar. Då eg sjølv verken er lingvistikkar eller kvalifisert til å kunne bevise denne samanhengen, har eg konfrontert språkforskalar frå Trondheim og Oslo med denne hypotesen.

I fylje Tor Erik Jenstad (e-post, 23. Mai 2011) på institutt for nordistikk og litteraturvitenskap ved NTNU, er det ein akseptert etymologi at norrøne. *viti* (i moderne norsk i former som *vete*, *vætta*, *vatta*, *våttå*) har etymologisk samanheng med verbet *å vita/vite*, slik at *veten* altså er *den som lar ein få vite*.

Også i fylje Arne Torp (e-post, 22. Januar 2012), professor i nordisk språkvitskap ved Institutt for lingvistiske og nordiske studiar ved Universitetet i Oslo er dette ingen hypotese, men ei vitskapleg sanning at det er ein samanheng mellom det gamalnorske *vita/viti* og verbet *å vete*. Han seier følgjande:

det heng saman med verbet *vite*, som i sin tur har semantisk samband med *å sjå*,
leggje merke til (Arne Torp, e-post, 22. Januar 2012).

Dersom ein då skal prøve å forklare den semantiske betydinga, viser altso *varde* (vorðu) til vaktfunksjonen, ved å vere aktpågivande eller *på vakt* (Hanssen, 2010, s. 90-91, 128, 134, 165), medan *vete* (*viti*) viser til at bålets konstruksjon eller signalfunksjon skal vere synleg og formidle ein bodskap. Den svenske språkforskaren Ivar Modéer (Østmo & Hedeager, 2005, s. 410) har også hevdat at det finn. omgrepene *vita* heng samande med *vitande* (1937).

Dersom vi ser på omgrepet *varde* har det ei betyding som er vesentlig forskjellig frå betydinga *vete*. Varde kan også bety eit *sjømerke* eller *vegmerke* av oppsamla stein og som kulturminnekategori kan den ofte daterast tilbake til mellomalder og yngre jarnalder (Modéer, 1937, s. 84). Likevel kan varde også i visse fall referere til stadar det har blitt halde vakt i eldre tider, altså ein utkikkstad (Østmo & Hedeager, 2005).

Dette viser at omgrepene varde har ei mykje meir generell betydning som kulturminnekategori enn *vete*. Derfor vil eg hevde at omgrepet *vete* er det mest fornuftige namnet på strukturen.

Litteraturliste

- Aars, I. (1992). Fortid fortel : varslingsvarder *Årbok for Valdres: tidsskrift for Valdres historielag* (Vol. 69(1992), pp. S. 143-144). Valdres: Historielaget.
- Andrén, A. (1997). *Mellan ting och text: en introduktion till de historiska arkeologierna*. Stockholm: Brutus Östlings bokförlag Symposion.
- Arbman, H. (1942). Svenska vårdkasar. *Sjöhistorisk årsbok*.
- Bagge, S. (1991). *Society and politics in Snorri Sturluson's Heimskringla*. Berkeley, Calif.: University of California Press.
- Bernt, T. (2012). *Bygdeborgene: tid for revurdering? en analyse basert på fire bygdeborger i Øvre Eiker, Buskerud*. Oslo: T. Bernt.
- Beutlich, F. (1940). *Norges sjøvæbning 1810-1814*. Oslo: Aschehoug.
- Bodal, K. (1997). Varder / veter - et gammelt varslingsssystem *Årbok* (Vol. Nr 38(1997), pp. S. 25-30). [Meldal]: Laget.
- Bratrein, H. D. (2003). Graverapport - Vetten, Karlsøy, 46/1 Karlsøy. Tromsø: Tromsø Museum, Universitetsmuseet, ved Fagenhet for arkeologi.
- Bratrein, H. D. (2005). Vetten på Karlsøy: en middelaldersk vaktstasjon i den nordligste skipreida i Hålogaland *Haaløygminne* (Vol. 86(2005)h. 4, pp. S. 69-81). Harstad: Historielaget.
- Bratrud, G. (1992). Noe om de gamle vetene våre *Landingen: årbok ...* (Vol. 1992, pp. S. 84-86). [Dokka]: Museet.
- Bugge, K. O., O. m. fl. (1917). Om veter paa Søndmøre. *Sunnmør Historiske Lag*, 8-9.
- Bugge, K. O. O. m. f. (1917). Om veter paa Søndmøre. *Sunnmør Historiske Lag*, 8-9.
- Bugge, K. O. O. m. f. (1918). Om veter paa Søndmøre. *Tidsskrift for Sunnmøre historiske lag*, 8-9de Aargang.
- Bull, E. (1920). *Leding: militær- og finansforfatning i Norge i øldre tid*. Kristiania: Steenske.
- Calissendorff, K. (1986). *Ortnamn i Uppland*. Stockholm: AWE/Gebers.
- Crumlin-Pedersen, O. (1978). *Søvejen til Roskilde*. Roskilde.
- Crumlin-Pedersen, O. (1984). *Fotvik. De marinarkeologiske undersøgelser*. Malmö: Länsstyrelsen i Malmöhus län.
- Crumlin-Pedersen, O. (2010). *Archaeology and the sea in Scandinavia and Britain: a personal account* (Vol. 3). Roskilde: Viking Ship Museum.

- Crumlin-Pedersen, O., Porsmose, E., Thrane, H., & Binderup, M. (1996). *Atlas over Fyns kyst i jernalder, vikingetid og middelalder*. Odense: Odense Universitetsforlag.
- Dahl, O. (1990). *Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Drejier, M. (1948). Fornborgar och Bötesberg på Åland. *Skärgårdsboken*.
- Eithun, B., Rindal, M., & Ulset, T. (1994). *Gulatingsloven* (Vol. nr 6). Oslo: Instituttet.
- Ejder, B. (1962). Var på din vakt. Om några ord med betydelsen vaktställe, vårdkasse o.dyl. *Sydsvenska ortnamnssällskapets årsskrift 1961-62*.
- Elgqvist, E. (1944). *Skälv och Skilfingar*. Lund: Olins antikvariat.
- Engqvist, S. (1968). Nya rön om gotländska vårdkasar. *Gotländska arkiv*.
- Engström, J. (1984). *Torsburgen* (Vol. 6). Uppsala: The Institute.
- Envall, P. (1946). *Dalarnas vårdkaseberg*. Falun.
- Ersland, G. A. (1999). *Forsvaret : fra leidang til totalforsvar*. [Oslo]: Gyldendal undervisning.
- Ersland, G. A., & Holm, T. H. (2000). *Krigsmakt og kongemakt 900-1814* (Vol. B. 1). Bergen: Eide.
- Feyerabend, P. (1993). *Against method*. London: Verso.
- Foucault, M. (1972). *The archaeology of knowledge and The discourse on language*. New York: Pantheon Books.
- Foucault, M. (1996). *Tingenes orden: en arkeologisk undersøkelse av vitenskapene om mennesket*. Oslo: Aventura.
- Freudenthal, A. O. (1889). *Vöråmålet: ljud- och formlära, ordlista med register, språkprof* (Vol. 12). Helsingfors: Svenska litteratursällskapet i Finland.
- Gihl, G. (1918). Upplands fornborgar. *Upplands forminnesförenings tidskrift*.
- Gulowsen, I. (1906). *Gyldenløvefeiden 1675-1679* (Vol. 1906:6). Kristiania: I kommission hos Dybwad.
- Gulowsen, I. (1909). De gamle varder. *Historisk Tidskrift* (Vol. 1). Oslo/Kristiania.
- Gundersen, D. (1996). *Sverres saga* (Vol. 1). [Oslo]: Gyldendal.
- Hafström, G. (1949). *Ledung och marklandindeling*. Uppsala.
- Hagland, J. R., & Sandnes, J. (1994). *Frostatingslova*. Oslo: Samlaget.
- Hanssen, E. (2010). *Dialekter i Norge* (Vol. nr. 184). Bergen: Fagbokforlaget.

- Hansson, P. (1989). *Samhälle och järn i Sverige under järnåldern och äldre medeltiden* (Vol. 13). Uppsala: The Institute.
- Hellberg, L. (1979). *Forn-Kalmar: ortnamnen och stadens förhistoria*. <Kalmar>: <Kulturnämnden i Kalmar>.
- Helle, K. (2001). *Gulatinget og Gulatingslova*. Leikanger: Skald.
- Heltne, G. (2011). Vetane våre - frå "gråtidi - fyrndeheimen". *Hareid Historielag Årsskrift, nr 27*.
- Holberg, L. (1729). *Dannemarks og Norges Beskrivelse*. Kjøbenhavn: Trykt hos Johan Jørgen Høpffner, Universitets Bogtrykker.
- Holmberg, A. E., & Brusewitz, G. (1842/1867). *Bohusläns historia och beskrifning*. Stockholm: F. & G. Beijer.
- Holmbäck, Å. W., E. (1933). *Östgötalagen och Upplandslagen* (Vol. 1. ser.). Stockholm: Geber.
- Holmbäck, Å. W., E. (1936). *Dalalagen och Västmannalagen* (Vol. 2. ser.). Stockholm: Geber.
- Holmbäck, Å. W., E. (1940). *Södermannalagen och Hälsingelagen* (Vol. 3. ser.). Stockholm: Geber.
- Ihre, J. (1769). *Glossarium Suiogothicum in quo tam hodierno usu frequentata vocabula, quam in legum patriarcharum tabulis aliisque ævi medii scriptis obvia explicantur, et ex dialectis cognatis, Moesogothica, Anglo-Saxonica, Alemannica, Islandica ceterisque Gothicæ et Celticæ originis illustrantur*. Upsaliæ: Typis Edmannianis.
- Johansson, I. (2011). *Fornborgar. En studie med fokus på Hallands fornborgar*. (kandidatuppsats arkeologi), Högskolan på Gotland, Gotland.
- Kaldhol, H. (1945). Veten på Melshornet. *Tidsskrift for Sunnmøre historiske lag*(28).
- Karsten, T. E. (1921). *Svensk bygd i Österbotten nu och förr: en namnundersökning*. Helsingfors: [Forfatteren].
- Karsten, T. E. (1939). Böte-namnen än en gång och därmed besläktade sydfinsländska Bot-namn. *Folkmålsstudier, 6*.
- Karsten, T. E. (1940). Böte-namnen än engång. *Namn och Bygd*.
- Keyser, R. (1846). *Norges gamle Love indtil 1387*. Christiania: [s.n.].
- Keyser, R. (1866). *Norges historie 1* (Vol. 1). Kristiania: Malling.
- Keyser, R. (1867). *Efterladte skrifter. Norges stats- og retsforfatning i middelalderen* (Vol. 2). Christiania: Malling.

- Keyser, R., & Munch, P. A. (1846). *Norges Love ældre end Kong Magnus Haakonssøns Regerings-Tiltrædelse i 1263* (Vol. 1). Christiania: [s.n.].
- Kivikoski, E. (1961). *Finlands förhistoria*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Kjeldstadli, K. (1999). *Fortida er ikke hva den en gang var: en innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Clitgaard, C. (1929). Baun og Vidiebrand. *Historisk tidsskrift*.
- Kuhn, T. S., & Nydal, R. (2007). *Vitenskapelige revolusjoners struktur*. [Oslo]: Bokklubben.
- La Cour, V. (1972). *Danske borganlæg til midten af det trettende århundrede*. København: Nationalmuseet.
- Latour, B. (1987). *Science in action : how to follow scientists and engineers through society*. Milton Keynes: Open University Press.
- Latour, B., & Myklebust, R. B. (1996). *Vi har aldri vært moderne: essay i symmetrisk antropologi*. Oslo: Spartacus.
- Lillehammer, A. (1972). Årbok (Stavanger museum) *Norske borger og forsvarsanlegg fra jernalderen*. Stavanger: Museet.
- Lindell, T. (1931). När Vårdkaseldar Brunno... *Meddelanden från Östergötlands forminnes- och museiförening*. Linköping: Föreningen.
- Lindell, T. (1934). Ostgotska vårdkasar *Studier tillägnade Gunnar Ekholm*. Uppsala.
- Lorentzen, B. (1933). *Vardevakt og Strandvern langs Norges sydvest-kyst i det 17de århundre*. Oslo: Norsk historisk tidskrift.
- Lorin, O. (1978). *Fornborgar och bevakningssystem i Rekarnebygden*. Nyköping: Södermanlands museum.
- Marstrander, S. (1958). *Bygdeborgene - våre eldste militære anlegg*. Trondheim: Museet.
- Mellbye, C. S., & Stang, E. (1935). *Svensk litteraturutvalg : til bruk i norske skoler*. Oslo: Norden.
- Moberg, L. (udatert). K Ivar Modéer Retrieved 05-23, 2013, from <http://www.nad.riksarkivet.se/sbl/artikel/9393>
- Modéer, I. (1937). *Namn- och ordgeografiska studier*. Uppsala.
- Modéer, I. (1939). Böte. *Namn och Bygd*.
- Modéer, I. (1941). Till böte-namnens historia. *Namn och Bygd*.
- Modin, E. (1908). Vårdkasar. *Fataburen*.

- Mogren, M. (2000). *Faxeholm i maktens landskap: en historisk arkeologi*. (24), [Institute of Archaeology, University of Lund]. Lund.
- Munch. (1852). *Det Norske folks Historie* (Vol. D. 1). Christiania: Tønsbergs Forl.
- Munch, J. S. (1965). *Borg og bygd: [studier i Telemarks eldre jernalder]*. [Oslo]: Universitetets oldsaksamling.
- Munch, P. A. (1840). *Nordens gamle Gude- og Helte-Sagn i kortfattet Femstilling*. Christiania: Guldberg & Dzwonkowski.
- Munch, P. A. (1852). *Det Norske folks Historie* (Vol. D. 2). Christiania: Tønsbergs Forl.
- Munch, P. A. (1853). *Det Norske folks Historie* (Vol. B. 2).
- Munch, P. A., & Munch, P. A. (1848). *Lovgivningen under Kong Magnus Haakonssøns Regjeringstid fra 1263 til 1280, tilligemed et Supplement til første Bind* (Vol. 2). Christiania: [s.n.].
- Munch, P. A., & Munch, P. A. (1849). *Lovgivningen efter Kong Magnus Haakonssøns Død 1280 indtil 1387* (Vol. 3). Christiania: [s.n.].
- Neumann, I. B. (2001). *Mening, materialitet, makt: en innføring i diskursanalyse*. Bergen: Fagbokforl.
- Ohlsson, B. (1939b). *Blekingeskusten mellan Mörrums- och Ronnebyåن. Namnhistoriska undersökningar*. Lund.
- Ohrem, S., & Tumyr, B. (2000). *Tusenårsilden: varder for fred*. Sandefjord: Purgatorio forl.
- Olafsen, O. (1920). *Viter paa Sørlandet og Vestlandet i ældre tider*. Kristiania: Erik Gunleiksons Forlag.
- Olsen, B. (1997). *Fra ting til tekst : teoretiske perspektiv i arkeologisk forskning*. Oslo: Universitetsforl.
- Ringsted, J. (1999). Settlement organisation in a time of war. In e. C. F. a. J. Ringsted (Ed.), *In Settlement and Landscape: Proceed of a Conference in Århus, Danmark. May - 4-7 1998*. Aarhus: Jutland Archaeological Society s. 361-382.
- Rorty, R. (1979). *Philosophy and the mirror of nature*. Princeton: Princeton University Press.
- Rorty, R. (1991). *Objectivity, relativism and truth* (Vol. Vol. 1). Cambridge: Cambridge University Press.
- Rosbach, M. (2011, 11.12.2012). I fyr og flamme mot kraftmaster Retrieved 02.01.13, 2013, from <http://www.smp.no/nyheter/indre/article372609.ece>

- Rygh, O. (1899/1999). *Norske Gaardnavne*. Oslo: Dokumentasjonsprosjektet.
- Sagen, E. (1934). Dei siste vitane. *militærteknisk tidsskrift for Ingeniørsvåbenet*, 5.
- Sahlgren, J. (1913). Vaxala och Vaxhälla. *Namn och Bygd*.
- Schaanning, E. (1997). *Vitenskap som skapt viten: Foucault og historisk praksis*. Oslo: Spartacus forl.
- Scheen, R. (1951). Norges viter *Den norske leidangen* (pp. S.237-308, pl.). Oslo: Sjøforsvarets overkommando.
- Schøning, G. (1771). *Riigets ældste Historie fra dets Begyndelse til Harald Haarfagers Tiider* (Vol. 1). Sorøe: Mumme og Faber.
- Schøning, G. (1773). *Riigets Historie, under Kong Harald Haarfagers, og hans tvende Sønners, Erichs og Hagens Regiering, fra Aar 863 til 963* (Vol. 2). Sorøe: Mumme og Faber.
- Schøning, G. (1980). *Gudbrandsdalen og Hedemarken* (Vol. 3). Trondheim: Tapir.
- Sivle, P. (1894). *Noreg nationale digte*. Kristiania: Olaf Norli.
- Skoglund, F. K. (2002). *The coastal defence in Scandinavia: the military organization in the Viking- and Early Middle Ages*. F.K. Skoglund, [S.l.].
- Solberg, B. (2003). *Jernalderen i Norge: ca. 500 f.Kr.-1030 e.Kr.* Oslo: Cappelen akademisk forl.
- Solheim, R. (2003). Vetestova på Hovdeåsen. *Årbok for Sykkylven*.
- Stackell, L. (1932). Vårdkasar. *Norrlands försvar 1932*.
- Stahre, N.-G. (1952). *Stångskäret, Kåksna och Kummelberget. Studiet över ortnamn från Stockholms Skärgård*. Lund: Stockholm Studies in Scandinavian philology 9.
- Stahre, N.-G. (1986). *Ortnamn i Stockholms skärgård*. Stockholm: AWE/Gebers.
- Strøm, H. (1766). *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge : oplyst med Landkort og Kobberstykker* (Vol. Pt.1). Kiøbenhavn.
- Svanberg, F. (2003). *Decolonizing the Viking age*. Stockholm: Almqvist & Wiksell International.
- Svestad, A. (1995). *Oldsakenes orden*. Oslo: Universitetsforl.
- Sørensen, Ø. (2001). *Kampen om Norges sjel* (Vol. B. 3). Oslo: Aschehoug.
- Titlestad, T., Eikill, E., Rue, A. K., & Hagland, J. R. (2007). *Fagerskinna: Norges kongers ættetavle*. Stavanger: Saga bok.

- Tormod, T. (1711). *Thormodi Torfæi Historiæ rerum Norvegicarum*. Hafniae: Ex typographeo Joachimi Schmitgenii.
- Tormod, T. (2008a). *Norges Historie 1* (Vol. B. 1). Bergen: Eide forl.
- Tormod, T. (2008b). *Norges Historie 3* (Vol. B. 3). Bergen: Eide forl.
- Trigger, B. G., & Hanssen, T. (1996). *Arkeologiens idéhistorie*. Oslo: Pax.
- Vorren, K.-D. M., Oddvar. (2005). Vetene (Vattin og Vettan) i Namdalen og Hålogaland. *Årbok for Namdalen*.
- Wergeland, H., & Beyer, H. (1947). *Wergeland for hvermann : lyrikk og prosa*. Oslo: Gyldendal.
- Westerdahl, C. (1982). Lätt att finna vårdkasar i Höga Kusten, *Höga Kustentidningen*.
- Westerdahl, C. (1987). *Beskrivning av det maritima kulturlandskapet : rapport från en inventering i Norrland och norra Roslagen 1975-1980* (Vol. 2). Härnösand: Länsmuseet-Murberget.
- Westerdahl, C. (1989). *Norrlandsleden I. Källor till det maritima kulturlandskapet*. Murberget, Härnösand: Länsmuseet.
- Westerdahl, C. (2002). The cognitive landscape of naval warfare and defence. Toponymic and archaeological aspects. In A. Nørgård Jørgensen (Ed.), *Maritime warfare in Northern Europe* (Vol. vol.6, pp. 335 s. : ill.). Copenhagen: National Museum of Denmark Department of Archaeology and Early History.
- Westerdahl, C. (2011). Ancient sea marks: a social history from the North European perspective *Deutsches Schiffahrtsarchiv: Zeitschrift des Deutschen Schiffahrtsmuseums* (Vol. B.33, pp. S. 71-155). Heubergredder: Ernst Kabel Verlag.
- Wikander, J. A. (1983). Veder på Agdesiden. *Agder Historielag, årskrift nr.59*, 48 bl.
- Winther Jørgensen, M., & Phillips, L. (1999). *Diskursanalyse som teori og metode*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Østmo, E., & Hedeager, L. (2005). *Norsk arkeologisk leksikon*. Oslo: Pax.